

Kulturmiljøplan

Kommunedelplan for kulturmiljø i Etne

2022 – 2026



Øvst t.v. kvernhuset på Eintveit, foto: Bjarte Eintveit. T.h. Skånevik, under Stødle kyrkje.

Vedteke i kommunestyret, dato/år, saksnr

Innhold:

Innhold

Forord.....	4
Viktige omgrep og definisjonar	5
Del 1 Innleiing.....	7
1.1. Kvifor skal me ha ein kulturmiljøplan?	8
1.2. Nasjonale mål for forvaltninga av kulturminne.....	9
1.3. Mål for kulturmiljøplanen.....	10
1.4. Om planarbeidet.....	10
1.5. Aktørar og ansvarsdeling i kulturminnevernet.....	16
Del 2 Kunnskapsgrunnlaget.....	21
2.1. Kulturminne og kulturmiljø i historisk og tematisk samanheng.....	21
2.2. Historisk oversyn.....	21
2.3. Kulturminne frå før reformasjonen/ Arkeologiske kulturminne	24
2.4. Nyare tids kulturminne (etter reformasjonen)	34
Del 3 – Planforslaget	81
3.1. Grunnlag for prioriteringar.....	81
3.2. Eksterne planar og rapportar som omfattar kulturminne i Etne.....	81
3.3. Forvaltning av kulturminne	83
3.4. Registrerte kulturminne - verdisetting og verdivekting.....	85
3.5. Verkemiddel for vern av kulturminne	88
Del 4 Handlingsplan.....	90
4.1. Innsats overfor eigarar av kulturminne	90
4.2. Bruk og formidling	93
4.3. Tiltak	95
4.4. Konsekvensar	95
Kjelder og bakgrunnsmateriale:	97
Vedlegg.....	98
1 Arkeologiske kulturminne.....	98
2 Føresegner og retningslinjer	98
3 Oversikt over omsynssoner (klasse A)	98
4 Liste over verneverdige kulturminne (klasse B).....	98

5	<i>KULA-rapport</i>	98
6	<i>Digitalt kart</i>	98
7	<i>Handlingsplan</i>	98

Forord

Denne planen viser oss at me i Etne kommune er heldige som har eit så godt utval av spor etter menneske som har levd før oss. Me har mange kulturminne og eit kulturmiljø som me ynskjer å ta vare på for ettertida. Kommunane blir av Riksantikvaren oppmoda om å laga kulturmiljøplanar for å sikra eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap til kommande generasjonar.

Me ynskjer at alle skal kunne sjå og læra av det som har vore, av det som var før vår tid, og passa på at historia ikkje går tapt. Dette handlar om å finna kulturminne og kulturmiljø i kommunen og leggja til rette for vern gjennom rett bruk i tida som kjem.

Me ynskjer med dette å setja fokus på alt det viktige og fine som finst og å sikra oss at ikkje viktige kulturminne går tapt. Det er ikkje eit mål om å verna mest mogleg, men å auka ei bevisstgjeringsom å ta vare på eit representativt utval av kulturminne som er viktige for Etne kommune. Målet med arbeidet med kulturmiljøplanen er å gi ein større kunnskap og ei større forståing til nålevande og kommande generasjonar. Denne planen lyfter fram og synleggjer kulturminna i kommunen.

Etne kommune har eit ansvar for å ivareta kulturminne og kulturmiljø. Me håpar og trur at denne planen vil inspirera mange til å engasjera seg og bidra til å skapa gode opplevingar og nye verdiar basert på vår lokale kulturarv.

I kulturmiljøplanen for vår kommune vil det vera både bilete og teikningar som kan gi fleire lyst til å lesa, men også gå ut for å sjå etter steinar, borger, vardar, hus, kyrkjer, gjenstandar eller bygder. Etne kommune er ein kommune som er rik på historie og me har alle eit ansvar for å ta vare på dette for dei som kjem etter oss.

For å gjera arbeidet med kulturmiljøplanen har kultureininga fått hjelp av Ellen Urheim Tveit. Ellen har lang erfaring med dette arbeidet, og ho har laga kulturmiljøplanar til Bømlo og Sveio kommune. Me takkar Ellen for bidraget til utarbeiding av kulturmiljøplanen for Etne kommune.

Etne kommune 24.01.2022

Mona R. Sævik

Kommunalsjef for oppvekst og kultur

Viktige omgrep og definisjonar

Kulturminne er alle spor etter menneska sitt liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne. Kulturminne kan til dømes vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Me skil mellom lause og faste kulturminne.

Kulturmiljø: Område der kulturminne går inn som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø. Kulturmiljø kan til dømes vere eit tettstadsmiljø, ei stølsgrend, eit område med sjøbruksbygningar eller eit industriområde med fabrikkar og bustader. I meld. St. 16 "Nye mål i kulturmiljøpolitikken" har Regjeringa innført omgrepet «kulturmiljø» som ei samlande nemning som dekker omgrepa «kulturminne, kulturmiljø og landskap» og blir brukt når feltet blir omtala som ein heilskap.

Eit **freda kulturminne** er eit kulturminne som myndigheitene gir så stor verdi at det må sikrast for ettertida. Eit freda kulturminne er automatisk freda eller vedtaksfreda. Ei freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at inngrep/endingar må godkjennast av myndigheitene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er [kulturminnelova](#) og [svalbardmiljølova](#).

Verneverdig er ikkje ein absolutt verdi. Alle kan tilskrive noko kulturminneverdi. I plansamheng er likevel «verneverdig kulturminne» eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova. Det er hovudsakleg desse kulturminna planen omfattar. Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.

Listeførte kulturminne: Ein annan måte å markere verneverdi på, kan vere listeføring. Døme på slike lister er Riksantikvaren si fartøyliste og lista over bevaringsverdige norske kyrkjer. I samband med kulturmiljøplanen er det laga lokale lister over kulturminne som i planen er definerte som *lokalt verneverdige* (klasse B), men som ikkje har eit formelt vern gjennom Plan- og bygningslova.

Kulturminneregister

SEFRAK-registeret

SEFRAK (forkorting for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne) er eit landsdekkande register over alle bygningar og restar etter bygningar frå før år 1900. I samband med denne registreringa vart det gjort feltarbeid i alle kommunar i åra 1973 – 1995. Dette er eit generelt kulturhistorisk register der det ikkje er gjort nokon vurderingar av verneverdi for dei einskilde objekta. Hordaland fylkeskommune har digitalisert Sefrak-materialet for Hordaland.

Askeladden

Den offisielle databasen over alle freda kulturminne og kulturmiljø i Norge heiter Askeladden. Basen inneheld data frå tidlegare fornminneregister, fredingsregister og kyrkjeregister. Databasen er


tilgjengeleg via internett for offentleg forvaltning og forskingsinstitusjonar, og er i ferd med å bli utvida til å omfatta alle prioriterte kulturminne i kommunalt vedtekne kulturmiljøplanar. Informasjonen vil bli gjort tilgjengeleg gjennom publikumstenesta **Kulturminnesøk** (kulturminnesok.no), som òg omfattar kulturminne utan formell vernestatus.

Del 1 Innleiing

Kulturminne er i vidaste forstand alle spor etter menneske i vårt fysiske miljø. Også naturelement som det knytter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til, er eller kan inngå som del av eit kulturminne. Kulturmiljø er ein del av vårt kollektive minne, og med rett forvaltning og bruk fungerer dei som viktige miljø- og identitetsskapande element. Dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar. Det er likevel ikkje mogleg, og heller ikkje eit mål, å ta vare på alt. I staden bør ein sikra eit representativt utval av kulturminne som viser det typiske og særmerkte for vår kommune frå ulike epokar, sosiale lag, næringar og etter ulik byggeskikk og arkitektur.

Etter oppmoding og tilrettelegging frå Riksantikvaren blir det laga kulturmiljøplanar i kommunar over heile landet. Målet er at alle kommunar skal ha ein slik plan. Riksantikvaren og Hordaland Fylkeskommune har støtta arbeidet økonomisk. Gjennom det såkalla KIK-prosjektet (Kulturminne i kommunen) har Riksantikvaren arbeidd for å auka kulturminnekompetansen i kommunane. Lokal kompetanse er ein føresetnad for at kommunane skal kunna ta det ansvaret dei er pålagt om å forvalta kulturminne frå tida etter reformasjonen.

Ved å samla informasjon om kulturminne i kommunen, og evaluera og prioritera desse, skal kulturmiljøplanen bidra til at Etne kommune har ein strategi for forvaltning av, og grunnleggjande kunnskap om, dei viktigaste kulturminna.



Det er registrert svært mange kulturminne i Etne kommune. Trekantane markerer bygningar og restar av bygningar registrert i SEFRAK. Raud trekant betyr at kulturminnet er frå før 1850, medan grå trekant markerer tufter og ruinar.

I planen er det lagt vekt på å syna breidda i kulturminnetilfanget, slik at det speglar alle sider av historia, ved å setja kulturminne og kulturmiljø inn i ein tematisk samanheng: Landbruk og sjøbruk, vassdrag, samferdsle, religion, industri og handverk, offentleg verksemd, organisasjonsliv og krigshistorie. Kulturminne som har ei særleg sentral rolle i utviklinga og er særprega for Etne, er tillagt stor vekt. Det gjeld mellom anna særleg verdifulle arkeologiske kulturminne, kulturminne knytt til landbruk og kulturlandskap, og mellomalderkyrkjene. Også kulturminne frå etterkrigstida er omtala, men i mindre omfang. Det er òg lagt vekt på å omtale og prioritere kulturminne frå alle delar av kommunen i planen. Likevel er ikkje dei prioriterte kulturminna jamt fordelte over heile kommunen, då hovudvekta er lagt på kulturminneverdien.

Planen byggjer hovudsakleg på tidlegare registrert materiale som SEFRAK-registeret og Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden. I samband med planarbeidet er ein del av dette materialet gjennomgått for å sjå kva som er status for dei registrerte kulturminna i dag. I tillegg er kulturminne som ikkje har vore omfatta av tidlegare registreringar tatt med, i den grad ein har oversikt over dei. I verdivurderinga er kulturminne som dannar heilskaplege miljø prioritert. Det er prioritert å få eit heilskapleg oversyn over kulturminnetilfanget i kommunen og peika ut nokre særleg verdifulle kulturmiljø framfor å gå i djupna på historia til kvart einskilte kulturminne.

Verkemiddelet som er nytta for å sikra eit utval av kulturminne som representerer historia til kommunen er omsynssoner som blir forvalta etter plan- og bygningslova. Det er viktig å understreka at dette gjeld for ein liten del av kulturminna. Alt kan eller skal ikkje vernast, og dei aller fleste kulturminna som er registrerte, har ingen formell vernestatus.

Planen tek utgangspunkt i dei kulturminna me kjenner til per i dag, men gjev ikkje ein komplett oversikt. Nye kulturminne vil bli registrerte etter kvart som me blir gjort kjende med dei, og eventuelt tekne inn i planen i samband med rullering. Annan kunnskap vil òg påverka vurderingane av verneverdi, som truleg vil endra seg over tid.

1.1. Kvifor skal me ha ein kulturmiljøplan?

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar og eit felles gode. Kulturminne er ei kjelde til kunnskap, opplevingar, grunnlag for verdiskaping og styrking av identitet og fellesskap. Det er difor viktig å vera medvitne om eiga historie og ta vare på verdifulle spor heilt frå dei tidlegaste tider og fram til i dag. Dette er viktige verdier å ta med på vegen mot eit berekraftig samfunn.

Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs. Det som ikkje blir bevart, går tapt for alltid. Utan oversikt over kva me har, og ut frå det ei vurdering av kva som har spesiell verdi for oss, veit me ikkje kva me skal prioritera å ta vare på. Det er ikkje fullt ut mogleg i dag å vita kva som blir verdsett og rekna som verneverdig i framtida. Likevel vil dei vala me gjer i dag, få følgjer for dei som kjem etter oss.

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar og grunnlag for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. Desse ressursane skal forvaltast til beste for den einskilte, samfunnet og framtidige generasjonar, på ein berekraftig måte. Om ein skal lukkast i å ta vare på kulturmiljø må det òg bli tilpassa dei endrings- og utviklingsbehova som oppstår. Å leggja til rette for vern gjennom bruk er ei viktig målsetjing i dette arbeidet.

Identifisering av viktige kulturminne og kulturmiljø i ein lokal kulturmiljøplan blir eit viktig kunnskapsgrunnlag i den samla forvaltninga av kulturminne i kommunen. Kulturmiljøplanen kan bidra til å samla kunnskapen og styrka medvitet om temaet, slik at kulturminne blir gjort kjend og brukt. Det er forventa at kommunane brukar Plan- og bygningslova til å verne kulturminne og kulturmiljø ved å gje dei omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen. God oversikt over eigne kulturminne, og ein medviten og målretta forvaltning av dei, vil bidra til å redusera talet på motsegner i plan- og byggjesaker og gje ei føreseieleg forvaltning for både kommunen og eigarane.

1.2. Nasjonale mål for forvaltninga av kulturminne

Den overordna kulturminneforvaltninga i Norge er lagt til Klima- og miljødepartementet, ved Riksantikvaren. I den nye stortingsmeldinga om kulturmiljø (2019 – 2020) er det sett opp følgjande overordna nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal medverka til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal bli tatt vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

I meldinga er omgrepet «kulturmiljø» innført som eit samleomgrep som dekker omgrepa «kulturminne, kulturmiljø og landskap» og blir nytta når desse blir omtala som ein heilskap. Det er lagt vekt på heilskap og samanheng i forvaltninga av kulturmiljø. Kulturmiljøpolitikken skal ha ei tydeleg tilknytning til klima- og miljøpolitikken. Klimapåverknad og klimatilpassing er tema som har blitt stadig viktigare etter som klimaendringane aukar belastninga på kulturmiljøet.

Berekraftmåla:

Medlemslanda i FN har vedteke 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla ser utvikling som gjeld miljø, sosiale tilhøve og økonomi i samanheng. Dei gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. Måla er universelle og legg føringar for alle politikkområde, inkludert kulturmiljøpolitikken. Berekraftig utvikling inneber ei samfunnsutvikling der dagens behov skal dekkast utan å øydeleggja framtidige generasjonar sitt høve til å få dekkja sine behov. Innsats for å verne om og sikre kulturarva i verda er omtala i delmål 11.4: *Styrke innsatsen for å verne om og sikre verdens kultur- og naturarv.*

Også andre av delmåla kan knytast til vern og bruk av kulturarva:

12.b: Utvikle og innføre metoder for å overvåke konsekvensene av en bærekraftig utvikling på en turistnæring som er bærekraftig, skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter.

8.9: Innen 2030 utarbeide og iverksette politikk for å fremme en bærekraftig turistnæring som skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter.

Mål for kulturmiljøplanen

1.2.1. Hovudmål

Målet med kulturmiljøplanen, slik det er formulert i planprogrammet, er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Etne, og å få eit godt grunnlag for ein heilskapleg kulturminneforvaltning. Dette skal ein oppnå ved å:

- Gå igjennom registrerte kulturminne
- Gjera ei verdivurdering av dei registrerte objekta
- Utarbeida ein forvaltningsplan/handlingsplan for lokale kulturminne
- Sikra eit sterkare vern for særleg verdifulle objekt som i dag har eit svakt juridisk vern

1.2.2. Delmål

- Synleggjera verdien av lokale kulturminne, og auka kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og av private.
- Ta vare på viktige kulturhistoriske verdiar og sjå dei som ein ressurs.
- Leggje til rette for vern gjennom bruk.

Bruk av kulturminne vil vera ein ressurs i samfunnsplanlegginga, mellom anna på område som næringsføremål, reiseliv/turisme og utvikling av kulturtilbod.

1.3. Om planarbeidet

Det er eit nasjonalt mål at alle kommunar skal ha ein kulturmiljøplan. Riksantikvaren støttar planarbeidet økonomisk gjennom prosjektet *Kulturminne i kommunen* (KIK). Etne kommune har fått tilskot i to omgangar i perioden 2013 - 2016, til saman kr 200 000. Planen er med i den vedtekne planstrategien til Etne kommune for perioden 2020 - 2024. Oppstart av planarbeidet vart vedteke i driftsutvalet 11.11.2020, sak 039/20.

Driftsutvalet er politisk styringsgruppe for arbeidet. Det er oppnemnt ei administrativ arbeidsgruppe som har følgd planarbeidet i prosjektperioden og bidrege med innspel. I tillegg har eksterne faginstansar, frivillige organisasjonar og privatpersonar blitt nytta som referansegruppe i planarbeidet. Medverknad er elles sikra gjennom offentleg høyring av planprogram og planutkast.

Til grunn for planarbeidet ligg SEFRAK- registeret og Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden, saman med eit rikt lokalhistorisk materiale som gjev brei kunnskap om kulturhistorie og kulturminne i kommunen. Dette omfattar både forskingsartiklar og studentoppgåver, bygdebøker, offentlege utgreiingar og rapportar, og lokalhistoriske bøker og artiklar. I denne samanhengen er boka "Kulturhistorisk vegvisar. Etne" (2001) ei særleg verdifull kjelde og sentral referanse.

I planprogrammet er det vedtatt at kulturmiljøplanen skal ha status som kommunedelplan, og omfatta kulturminne i heile kommunen. Planen skal vera forankra i samfunnsdelen av kommuneplanen. For å sikra kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel. Planen skal innehalda ein handlingsdel med tiltak for gjennomføring av målsetjingane i planen innanfor kommuneplanperioden.

1.3.1. Avgrensing

Kulturminneomgrepet omfattar i vidaste forstand alt menneske har skapt av både faste og lause gjenstandar, spor i landskapet, historier, språk og kultur. Med ei så vid definisjon har me meir kulturminne jo nærare vår eiga tid me kjem. Det er oftast vanskeleg å vurdere den framtidige verneverdien av det som høyrer til vår eiga tid. Difor er ei avgrensing av omfang og tema for planen viktig.

Kulturmiljøplanen for Etne omfattar i hovudsak faste kulturminne, det vil seie bygningar og anlegg som er jordfaste. Det er lagt særleg stor vekt på å få ein god oversikt over kulturminne frå tida etter reformasjonen, både fordi kommunen har ansvar for å forvalte desse og fordi det manglar ein systematisk vurdering av verneverdien av etterreformatoriske kulturminne. Men med utgangspunkt i den viktige rolla arkeologiske kulturminne i Etne har for lokal og nasjonal historie, har også desse ein sentral plass i planen.

Elles er det ikkje sett nokon endeleg avgrensing i tid, men omfanget av registreringar og omtalar minkar når me kjem nærare vår eiga tid. Fram til rundt år 1900 er ein stor del av bygningar og anlegg registrert. Frå tida mellom 1900 og 1945 er det tatt med kulturminne som representerer si tid eller spesielle tema på ein historisk leseleg måte. Frå etterkrigstida er det tatt med døme på kulturminne som er typiske for si tid, men det er ikkje gjort nokon systematisk kartlegging av kulturminne frå denne perioden. Kva som har verdi som kulturminne ut over dette, vil det i framtida vera ein kontinuerleg prosess å ta stilling til, mellom anna i samband med revisjon og rullering av planen og handlingsprogrammet. Det er lagt vekt på å framheva kulturminnetypar som er særprega for Etne eller har vore særleg viktige for utviklinga i området.

Ei avgrensing vil òg seie at det er mykje planen *ikkje* omfattar. Dette gjeld mellom anna lause kulturminne, båtar, stadnamn, segner (med unntak for segner som er knytt til faste kulturminne) og historier om einskildmenneske og levemåtar. Når desse områda ikkje er med er det ikkje fordi dei ikkje blir sett på som viktige, men fordi det er nødvendig å avgrensa omfanget av planarbeidet. Mykje av den immaterielle kultursoga er godt dokumentert andre stader, som i bygdebøkene, Kulturhistorisk vegvisar, fotosamlingar og -bøker og årbøkene til Etne sogelag. Mykje lokalhistorisk materiale er samla, men ikkje systematisert, i Etne lokalhistoriske arkiv. Her er det behov for at det blir sett av ressursar til eigne tiltak for å organisera arkivet og gjera det tilgjengeleg for publikum.

1.3.2. Status for kulturminne og registreringar i Etne

Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden, omfattar per i dag 310 lokalitetar med automatisk freda arkeologiske kulturminne i Etne. Dei fleste lokalitetane inkluderer fleire einskildobjekt. Stødle kyrkje er den einaste ståande bygningen som er automatisk freda. I Askeladden er det òg registrert vedtaksfreda og forskriftsfreda kulturminne, og ei rekkje kulturminne som ikkje har nokon formell vernestatus. Gjerde, Grindheim og Skånevik kyrkjer er listeførte hos Riksantikvaren, men ikkje freda. Delar av Stødleterrassen er mellombels freda.

SEFRAK-registeret for Etne omfattar 2130 bygningar og restar etter bygningar. Størstedelen av desse er frå før 1900, men i sentrumsområda er òg ein del bygningar fram til rundt 1950 med. For nokre av registreringane manglar ein informasjon om alder. Opplysningane i registeret er hovudsakleg henta frå munnlege kjelder og ofte ikkje dokumenterte på annan måte.

Registreringane er gjort over ein lang periode, mellom 1978 og 2001. Av det totale talet på registreringar var om lag 770 ruinar på registreringstidspunktet, medan om lag 140 er registrert av kommunen som rivne etter dette. Det finst òg ein del bygningar og tufter som fell inn under definisjonen for registeret som ikkje er med. Mellom anna manglar ein registreringar for nokre område på nordsida av Åkrafjorden, og for nokre veglause bruk eller bygningar andre stader i kommunen.

Under arbeidet med kulturmiljøplanen er SEFRAK-registeret gjennomgått for at ein skal få ein viss oversikt over kor stor del av dei registrerte objekta som framleis finst, og kva tilstand dei er i. Det er ikkje gjort systematiske nyregistreringar i felt, men ein gjennomgang ved hjelp av flyfoto syner at langt fleire bygningar enn det som er fanga opp i matrikkelen er borte. Det vart registrert rundt 1360 ståande bygningar, og om lag av desse 900 står framleis. Det vil seie at rundt 460, eller vel ein tredjedel av bygningane, har gått tapt sidan registreringa. Ein del av desse er tapt i løpet av registreringsperioden, men ein stor del av dei har blitt borte på 2000-talet.

Av dei 900 attverande bygningane er ca. 675 frå før 1900. Av dei igjen er det berre ein liten del som er i ein tilstand som gjer at dei er vurdert som verneverdige.

Anlegg som ikkje er bygningar frå tida 1537 – 1900, og kulturminne frå tida etter 1900, er ikkje systematisk registrert. I samband med planarbeidet er det registrert ein del kulturminne som er omtala i ulike kjelder.

Ulike sektorplanar, som Telenors verneplan og Nasjonal verneplan for statens vegvesen har òg med kulturminne frå Etne. Eit stort område rundt Etne sentrum er registrert i Riksantikvaren sitt KULA-register (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse). Desse er gjort nærare greie for under respektive tema. Særleg verdifulle kulturmiljø er føreslått sikra med omsynssone.

1.3.3. Kva er det lagt vekt på i planen?

Planen handlar for ein stor del om nyare tids kulturminne (etter 1536), som det er kommunen sitt ansvar å forvalte. Kulturminne som er freda etter kulturminnelova blir forvalta av Riksantikvaren og fylkeskommunen. Desse har blitt systematisk kartlagde over lang tid, og har eit sterkt vern. For nyare tids kulturminne manglar me ein samla oversikt og vurdering av verneverdien, og dette er noko av det ein ønskjer å oppnå med planen.

Dei viktigaste før-reformatoriske kulturminna er omtala i eit eige kapittel. Sjølv om kommunen ikkje har forvaltningsansvaret for dei, er desse kulturminna ein så stor og viktig del av historia i Etne at ein har vald å gje eit utval av dei ein sentral plass i planen. Kommunen si oppgåve i samband med arkeologiske kulturminna er først og fremst knytt sakshandsaming etter plan- og bygningslova, men kommunen har òg eit ansvar for å formidla desse kulturminna til publikum.

Der ein i kulturminnevernet tidlegare har vore opptatt av einskildobjekt, er fokus i dag i større grad på miljø. Det vil seie at eit einskildobjekt blir vurdert å ha høgare verdi dersom det er del av eit heilskapleg miljø, enn om det ikkje lenger er del av den opphavlege samanhengen. Dermed kan òg bygningar og anlegg som i seg sjølv ikkje har høg verneverdi bli viktige som del av ein heilskap. Det er òg lagt vekt på å prioritere kulturminne som har ei særleg sentral rolle i den lokale kulturhistoria, eller som er spesielle for Etne.

Val av tema

I den kulturhistoriske oversikten, som dannar hovuddelen av plandokumentet, er det tatt utgangspunkt i temakategoriar som er nytta i rettleiingsmateriell frå Riksantikvaren og i planar for andre kommunar. Det er gjort ein del lokale tilpassingar, og utvalet av kulturminne som er prioritert i planen speglar dette. Det er eit mål at planen skal dekke heile breidda av kulturminne i kommunen, både sosialt, geografisk og tematisk. For nokre typar kulturminne, som til dømes kulturminne knytt til fiske, ferdsleveggar og kulturminne i fjellet, er det behov for betre kartlegging. Sidan målet med planen først og fremst er å få ein god oversikt og forvaltning av dei kulturminna me har i dag, kan det vera sider av historia som i liten grad er omtala fordi me manglar fysiske spor etter dei.

1.3.4. Klassifisering

I samband med gjennomgang av det registrerte materialet er det gjort ei vurdering av verneverdien for kvart einskild kulturminne og kulturmiljø. Kva kriteria som ligg til grunn for desse vurderingane er det gjort nærare greie for i del 3 av planen. Ved vurdering av verneverdi nyttar kulturmiljøforvaltninga i

Norge tre hovudkategoriar: Kunnskap, oppleving og bruk, med ei rekkje underkategoriar. I konkretiseringa av verneverdien for det einskilde kulturminnet er desse nytta som utgangspunkt, medan verneklassar og definisjonane av dei er utarbeidd lokalt med utgangspunkt i erfaringar frå andre kommunar. Klassifisering og verdikriterium er nærare omtala i kap. 3.4.

1.3.5. Oppbygging av planen

I del 1 er det gjort greie for bakgrunnen for planarbeidet, kva metodar som er brukt og kva som er målet med arbeidet. I del 2 blir kulturminne og kulturmiljø sett inn i ein historisk og tematisk samanheng. Dette er kunnskapsgrunnlaget som det vidare planarbeidet byggjer på.

Det er vald å dela inn planen etter tema, og ikkje geografi. Dette er i samsvar med praksis i andre kommunar og på regionalt og nasjonalt nivå. Det gjev òg ei meir samla oversikt over dei ulike kategoriane av kulturminne som finst i kommunen, og sikrar at heile breidda av kulturminnetypar blir omfatta av planen. Det er likevel lagt vekt på å omtale og prioritere kulturminne og kulturmiljø frå alle delar av kommunen.

Det er knytt døme til kvart tema som er omtala. **Det at eit kulturminne står nemnt i temaplanen, betyr ikkje nødvendigvis at det har ein vernestatus.** Det er nemnt døme på ulike kulturminne under kvart tema, medan verna og verneverdige kulturminne er lista opp vedlegga til del 3. Her er det korte omtalar av dei høgast prioriterte kulturmiljøa i kommunen (omsynssoner for kulturminne i klasse A), og lister over verneverdige kulturminne og kulturmiljø (klasse B). Omsynssonene blir kartfesta og går inn som del av arealdelen i kommuneplanen. Det er òg viktig å presisera at mange kulturminne kan ha ein verneverdi sjølv om dei ikkje er prioriterte for kommunalt vern. Dei prioriterte kulturminna er meint å vera eit representativt *utval* av det total kulturminnetilfanget, noko som betyr at dei fleste kulturminne framleis ikkje vil ha nokon formell vernestatus.

Siste del av planen tek for seg lovverk, plangrunnlag og kommunen sin forvaltning av kulturminne – rutinar, retningslinjer og føresegner, og til slutt ein handlingsplan med konkrete tiltak.

1.3.6. Kjeldebruk

Arbeidet med kulturmiljøplanen har i stor grad bestått i å samla og systematisera informasjon som alt er tilgjengeleg. Det finst svært mykje lokalhistorisk materiale frå Etne, både trykt form og på nett, som er nytta som bakgrunnsmateriale. Særleg boka Kulturhistorisk vegvisar for Etne, som vart utgitt av kommunen i 2001, er ei viktig kjelde. Denne boka dekkjer såpass mykje av det som er tema for kulturmiljøplanen at ein ikkje har sett det som nødvendig å ta med utfyllande historisk bakgrunnsinformasjon for kvart tema i plandokumentet. I staden blir det vist til vegvisaren (forkorta KVE). I tillegg er bygdebøkene for Etne og Skånevik, og årbøkene til Etne sogelag (ESÅ), viktige referansar.

Referansar til skriftlege kjelder er oppgitt. Elles byggjer planen på materiale som er blitt kjend i samband med dei ulike registreringane som er gjort. Dei fleste opplysningane om dei einskilde bygningane er henta frå Askeladden og SEFRAK-registeret. Bilete er kommunen i si eige der ikkje anna er opplyst.

1.3.7. Samanheng med kommuneplanen

Samfunnsdelen til gjeldande kommuneplan er frå 2016, medan arealdelen er frå 2003. I samfunnsdelen er det lagt vekt på at kommunen skal arbeida for formidling av kulturarva og oppbygging av frivillig kulturarbeid. Det er få konkrete målsetjingar som gjeld fysiske kulturmiljø, men kulturmiljøplanen kan forankrast i punkt 10.3: *Det skal gjerast særskilde vurderingar av omsynssoner knytt til kulturminne, viktige naturtypar, avgrensing av utbyggingsområde i strandsona (funksjonell strandsone) og kjerneområde landbruk.* Kulturmiljøplanen har status som kommunedelplan og går såleis inn som del av kommuneplanen.

Punkt som direkte eller indirekte vedkjem kulturminne:

3.6 Kommunen byggjer opp om frivillig arbeid kring kulturen og er positiv til private initiativ. Initiativ til å ta vare på, og formidle, kulturhistoria og frivillig arbeid for uorganisert ungdom er særleg ynskete tiltak.

3.7 Me arbeider for vidareformidling og opplysningsarbeid for den kulturelle arven. Barn og unge er særleg målgrupper for formidlingsarbeidet.

5.5 Etne kommune er ein viktig reiselivskommune. I områda kring Åkrafjorden skal særleg omsyn til turistnæringa vektleggjast høgt, både fordi det er ei viktig næring lokalt, men òg fordi områda er viktige på regionalt og nasjonalt nivå.

10.15 Gjera krav til estetikk tydelege. Fremje landskaps- og estetiske omsyn som er viktige for identitet og kulturhistorisk forståing. Me skal innarbeida estetiske føringar i arealdelen.

I dag er det sikringssoner for kulturmiljø (spesialområde etter plan- og bygningslova) i sentrumsområda der det er laga reguleringsplan. Omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø som blir vedtekne som del av kulturmiljøplanen blir del av arealdelen til kommuneplanen. Det er i hovudsak Plan- og bygningslova som ligg til grunn for kommunen sin forvaltning av nyare tids kulturminne, medan kulturminne frå før reformasjonen òg er regulert av kulturminnelova. Det er utarbeidd eigne retningslinjer til omsynssonene i samsvar med Plan- og bygningslova. Dei vedtekne omsynssonene vil òg bli lagt til grunn når det skal utarbeidast nye reguleringsplanar og områdeplanar.

1.3.8. Samanheng med andre planar

Ei rekkje nasjonale og regionale planar omfattar òg kulturminnefeltet:

Nasjonale planar som omfattar kulturminnevern:

NOU 2002: Fortid former framtid – Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk

Meld. St. 16 (2019 – 2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold

Regionale planar og rapportar:

Regional kulturplan for Hordaland 2015-25

Regional planstrategi for Vestland fylke

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, vedtatt 2017

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026

Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021

Regional plan for areal og transport på Haugalandet

Konsekvensutgreiing E134 Bakka-Solheim Kulturminner (2015)

Sektorvise verneplanar:

Telenor verneplan

Statens vegvesen sin landsverneplan

NVEs utvalgte kulturminner/Temaplan Kulturminner i vassdrag

Kommunale planar:

Kommuneplan for Etne kommune 2016-2026, samfunnsdelen.

Plan for idrett og fysisk aktivitet, arbeid med ny plan er starta opp.

Planstrategi for Etne kommune 2020-2024

Folkehelseoversikt Etne kommune 2020

Temaplan for Den kulturelle skulesekken

1.3.9. Utfordringar framover

Ei oppsummering etter gjennomgangen av SEFRAK-registeret viser at over 30 prosent av dei ståande bygningane har gått tapt sidan registreringane starta. For registrerte ruinar manglar me sikre tal. At rundt ein tredjedel av bygningane er borte viser likevel berre ein liten del av biletet. Eit stort tal kulturminne er truga av forfall, og svært mange av desse vil truleg gå tapt i løpet av dei næraste åra om det ikkje vert sett inn særlege tiltak. Det er viktig å vera merksam på at modernisering og omfattande utskiftingar (av tak, kledning, vindauge, dører osb.) på verneverdige bygningar òg kan redusera kulturminneverdien. Her er det behov for tiltak for å styrka kunnskapen om kulturminne, sikra god tilgang på fagleg rettleiing, og fremja bruk av økonomiske verkemiddel. Konkrete tiltak er foreslått i handlingsplanen (Del 4 med vedlegg).



Det at bygningar går ut av bruk speglar utviklinga i samfunnet, og det er naturleg at nokre bygningar forsvinn medan nye kjem til. Med god kjennskap til kva me har og ei medviten haldning til kva som er verd å ta vare på kan ein sikra at ikkje viktige kulturminne går tapt.

Ei klassisk utfordring er avveginga mellom vern og utvikling. Kva skal prioriterast der kulturminne står i vegen for planlagde utbyggingar? Eit viktig mål med kommunane sitt arbeid med kulturmiljøplanar er å førebyggja slike konflikhtar. Det er ikkje tvil om at vern av kulturminne kan vera kontroversielt i mange samanhengar. Med ein systematisk oversikt over kulturminne kommunen vil prioritera å ta vare på kan omsynet til dei lettare samordnast med andre planar forkant, i staden for at kulturminne blir eit stridstema når planarbeidet alt er i gong. Likevel vil motstridande interesser koma til syne også i framtida. Nokre gonger kan kulturminneinteressene måtta vika for viktige samfunnsinteresser, men ofte vil ein òg kunna gjera tilpassingar som tek i vare begge omsyna.

Også klimaendringane skapar utfordringar for kulturminnevernet. Kulturminne langs kysten er særleg utsette for havnivåstiging og ekstremvêr. Eit varmt og fuktig klima fører til at nedbrytinga av treverk går raskare, og kan òg gje auka attgroing som gjer det vanskelegare å ta vare på kulturminne i utmark.

Eitt av måla med planen er å sikra eit juridisk vern for verdifulle kulturminne som i dag har eit svakt juridisk vern. Men erfaringa viser at også verna kulturminne vil gå tapt. Dei fleste kulturminne er privat eigde, og uansett vernestatus er det avgjerande at eigarar ønskjer og har høve til å ta vare på kulturminna dei eig. Den største utfordringa for kommunen blir å leggja til rette for dette på ein god måte.

1.4. Aktørar og ansvarsdeling i kulturminnevernet

1.4.1. Etne kommune sitt ansvar og rolle

Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne er uerstattelege verdiar, og det er eit stort ansvar for å forvalta desse på ein god måte. Dette krev at me har god oversikt over dei kulturminna som finst i kommunen, og kunnskap om verkemidla som kan brukast for å ta vare på dei.

Kommunane har hovudansvaret for forvaltninga av nyare tids kulturminne, først og fremst gjennom handheving av plan- og bygningslova. Men kulturminneforvaltning handlar òg i stor grad om kunnskap

og formidling. Lokalkunnskap er ein grunnleggjande føresetnad for å kunna finna gode løysingar i samarbeid med private eigarar av kulturminne. Kulturmiljøplanen skal vera ein reiskap både for forvaltninga og for formidling av kunnskap. Etablering av gode rutinar for handsaming av saker som gjeld kulturmiljø er eit viktig tiltak i oppfølginga av kulturmiljøplanen, sjå handlingsplanen.

Ansaret til forvaltning av kulturmiljø må òg sjåast i samanheng med andre viktige samfunnsområde som folkehelse, friluftsliv, skule, reiseliv, landbruk og natur- og klimatiltak. Kulturmiljøfeltet er sektorovergripande og ansvar og oppgåver er plassert fleire stader i kommunen, med hovudvekt på kultur og plan/byggjesak. Felles kunnskap og forståing er sentralt for å sikre god forvaltning og prioriteringar i arbeidet med kulturarva.

Etne kommune er òg eigar av viktige kulturminne og kulturmiljø. Det er viktig at kommunen har oversikt over og kunnskap om dei kulturminna som skal forvaltast, slik at ein sikrar bruk og vedlikehald til beste for fellesskapet. Stødle kyrkje er døme på eit viktig kulturminne i kommunal eige. Eit anna døme er gamle skulebygg, som det finst mange av og som gjerne har ein meir uklår status og verdi.

1.4.2. Eigarar av kulturminne

Ein stor del av kulturminna er i privat eige, og bevaring er avhengig av eigar sin interesse, ressursar og engasjement. Samstundes er tilgangen på ressursar ofte den største utfordringa for private eigarar av kulturminne. Fordi eigarane ofte tek vare på kulturminneverdiar på vegner av fellesskapen, har det offentlege eit ansvar for å støtta dei i dette arbeidet. Moglegheiter og vilkår for dei som eig viktige kulturminne er nærare omtala i siste del av planen.

1.4.3. Dei frivillige organisasjonane

Mange frivillige organisasjonar har lokal historie og identitet som viktige arbeidsområde. Dei tek initiativ, har kunnskap og eit viktig engasjement for kulturminnevernet. Lokalt har me ei rekkje organisasjonar som arbeider med formidling av lokal kulturarv. Det gjeld mellom anna Etne sogelag, Etne husflidslag, mållaga og Norsk Motormuseum.

Nasjonalt er det etablert fleire organisasjonar som gjer ein viktig innsats i arbeidet med kulturarva. Stiftinga Norsk kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd og inspirasjon, og deler ut kvalitetsmerket Olavsrosa. Fortidsminneforeningen er Europas eldste kulturvernorganisasjon, og er både eigar av kulturminne og pådrivar for offentlig og privat vernearbeid. Kulturvernforbundet er ein nasjonal paraplyorganisasjon som arbeider for å betra vilkåra for det frivillige kulturvernet. Landslaget for lokalhistorie og Forbundet Kysten er andre landsorganisasjonar med lokallag som er viktige aktørar i arbeidet med å formidla og forvalta kulturarva.

1.4.4. Musea

Sunnhordland Museum er regionalt ansvarsmuseum for alle dei åtte kommunane i Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes).

Museet dokumenterer regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet skal fremja interesse for kunnskap om fortida, og stimulera både innbyggjarar og besøkande si interesse for regionhistoria. Sunnhordland museum forvaltar nær 50 antikvariske bygningar, og har administrasjonslokale i Leirvik på Stord. Museet forvaltar eigedomar i fleire av kommunane i regionen, og har sitt største museumstun, Sæbøtunet, i Etne.

Museet tilbyr òg rådgivingstenester for innbyggjarane i regionen innan bygningsvern, samlingsdrift, formidling og bevaring. Bygningsvernkonsulenten i Sunnhordland, som har kontorstad på museet, er dels tilsett ved museet og dels i fylkeskommunen, og bidrar med kompetanse både overfor kommunane og private eigarar av verneverdige bygningar.



Sæbøtunet i sentrum av Etne er det største tunet til Sunnhordland museum.

Norsk Motormuseum i Skånevik blir drive av ei stifting i dei tidlegare produksjonslokala til Sunnhordland Mekaniske Verksted. Stiftinga blir driven på dugnad av aktive eldsjeler, og får driftstilskot av Etne kommune. Norsk Motormuseum vart stifta i 1986 og er først og fremst eit dokumentarmuseum over småbåtmotorar, men tek òg for seg andre tema som telegraf og handverk. I 2007 opna òg ei avdeling med utstilling knytt til sardinproduksjonen i Skånevik.

Universitetsmuseet i Bergen er utgravande instans og fagleg rådgjevar for fylkeskommunen og Riksantikvaren når det gjeld automatisk freda, arkeologiske kulturminne på land og undersøkinga av desse. Museet er òg samlingsforvaltar for lausfunn og har ansvar for kunnskapsproduksjon og formidling.

1.4.5. Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er forvaltningsstyresmakt med myndigheit etter kulturminnelova og tek i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innafor kulturminnevernet. I samband med regionreforma er oppgåver overført frå Riksantikvaren til Fylkeskonservatoren.

Vestland fylkeskommune er i dag delegert kulturminnemynde både for automatisk freda kulturminne og kulturminne av nasjonal verdi. Målet er at omsyn til dei ulike kulturminneverdiane på beste måte skal sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging og skal danna eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling¹.

Fylkeskommunen har ansvar for at kulturmiljø blir tatt omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga. Dei gjev fråsegn til tiltak og planar som rører ved kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og

¹ www.vestlandfylke.no

nasjonal verdi, og har ansvar for å gjennomføra arkeologiske registreringar i plansaker. Ansvar for skipsfunn, fartøy med status som freda eller verna, dei fleste forskriftsfreda eigedomane, fleire tekniske og industrielle anlegg og ikkje-kyrkjelege mellomalderbygningar er lagt til fylkeskommunalt nivå frå 2020, i samband med regionreforma.

Fylkeskommunen forvaltar fleire tilskotsordningar knytt til kulturminnevern. For nokre av desse blir det stilt krav om at kommunar som søker skal ha vedtatt kulturmiljøplan. Fylkeskommunen gjev generell rettleiing og kan òg gje råd i einskildsaker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdige bygningar.

1.4.6. Statleg mynde og ansvar

Klima- og miljødepartementet har hovudansvar for utforming og oppfølging av den nasjonale kulturmiljøpolitikken.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning med ansvar for gjennomføring av den statlege kulturminnepolitikken. I samband med regionreforma er nokre forvaltningsområde overførte til fylkeskommunalt nivå. Departementet tek endeleg avgjerd i plansaker ved motsegner. I tillegg har dei mynde til å gjera endringar i kommuneplanens arealdel i tilfelle der nasjonale interesser er sett til side. Riksantikvaren har ansvar for den nasjonale fordelinga av tilskotsmidlar til fylkeskommunane, og har forvaltningsansvaret for utvalde kulturmiljø av nasjonal verdi og av freda og listeførte kyrkjebygg.

Riksantikvaren har utarbeidd ein strategi for arbeid med kulturarv i kommunane. Her er dei nasjonale forventningane og tilrådingane til kommunane i arbeidet med kulturarv og kulturminnevern formulert. Arbeidet med kulturmiljøplanar i kommunane er del av denne strategien.

Dei fornminna som finst kring i bygdene er bygdefolket sine egne fornminne. Det er lokalsamfunnet sine minnesmerke, ikkje antikvaren sine, muséet sine eller departementet sine. Det er soga om deg sjølv og ditt samfunn som går tapt når eit fornminne vert øydelt. Det er dine egne røter som vert rivne opp.

Svein Indrelid, professor ved Universitetet i Bergen, i Etne Sogelag Årbok 1997

1.4.7. Lovverk: Plan- og bygningslova og kulturminnelova

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminnelova)

LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)

LOV-2009-06-19-100: Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova)

Kulturminnelova

Kulturminnelova blir forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og av fylkeskommunar, Sameting, arkeologiske landsdelmuseum og sjøfartsmuseum på regionalt nivå. Eigne forskrifter gjer greie for ansvar og mynde for kvar av desse instansane. Alle kulturminne som er eldre enn 1537, og ståande byggverk frå før 1650, er automatisk freda gjennom kulturminnelova. Nyare kulturminne kan fredast gjennom einskildvedtak. På landsbasis er berre i overkant av 1 prosent av alle bygningar frå før 1900 freda gjennom einskildvedtak. Kulturminnelova skal etter planen erstattast av ei ny kulturmiljølov.

Plan- og bygningslova

Kommunane har ansvar for den lokale kulturminneforvaltninga gjennom handheving av Plan- og bygningslova (Pbl), § 20-1. Svært mange kulturminne er ikkje beskytta av kulturminnelova, og må takast hand om lokalt. Gjennom handheving av Plan- og bygningslova kan kommunane bidra til å gje særleg verdifulle kulturminne spesielt vern. Eit viktig verkemiddel i denne samanhengen er «Omsynssoner for kulturminne», med eigne retningslinjer.

Kulturlova

Etter kulturlova har offentlege styresmakter eit ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Dette inkluderer å verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv.

Naturmangfaldlova

Omsynet til kulturmiljøverdiar i verneområde er ivaretatt gjennom eigne føresegner i naturmangfaldlova. Ulike naturtypar har ofte samanheng med måten menneske har brukt dei gjennom tidene, og kan såleis ha kulturhistorisk verdi. Naturområde kan òg fredast etter kulturminnelova dersom naturmangfaldet har samanheng med kulturmiljøet. Verneforskrifter om naturreservat kan ha føresegner om vern av kulturminne.

Kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Kyrjelova blei erstatta av Trussamfunnslova 1. januar 2021. Forvaltning av kyrkjer er no underlagt Kyrkjeordning for Den norske kyrkja med biskopen som godkjenningssinstans.

Del 2 Kunnskapsgrunnlaget

2.1. Kulturminne og kulturmiljø i historisk og tematisk sammenheng

Denne delen av planen tek for seg kulturminne og kulturmiljø innan ulike tema frå heile kommunen, sett inn i ein historisk sammenheng. Dette er kunnskapsgrunnlaget som utvalet av kulturmiljø i planen byggjer på. Ulike kulturminnetypar og bygningstypar er omtala, med døme frå Etne. Kulturminna som er omtala fell langt på veg saman med dei som er peika ut til å sikrast med omsynssone, eller er definert som verneverdige, men andre kulturminne er òg omtala.

Prioriterte tema

Det er eit mål at planen skal dekkja heile breidda av historia både geografisk, tematisk, sosialt og kulturelt. I planen er nokre tema som er spesielle for Etne, eller som har prega historia vår i særleg grad, likevel prioriterte:

- Den eldste historia – helleristningar og gravrøyser, kongehistoria
- Mellomalderkyrkjene
- Jordbruksbygda Etne
- Tettstaden Skånevik
- Åkrafjorden
- Bruken av fjellområda

2.2. Historisk oversyn

Dagens Etne kommune omfattar det som var to sentrale skipreide i Sunnhordland i mellomalderen: Skånevik og Etne. Det som den gongen var Etne skipreide utmerkar seg med ei særleg rik historie frå før-reformatorisk tid. I Skånevik er det den nyare historia som har forma bygda til det ho er i dag, med eit historisk sentrumsmiljø som syner stor breidde i aktivitet og næringsvegar.

Det særmerkte med kulturlandskapet i Etne er ikkje berre rikdommen og den store funnmengda, men òg kontinuiteten. Om området ikkje var like attraktivt for jegerfolket i steinalderen, har det sidan jordbruket fekk fotfeste vore eitt av dei rikaste i landet.² Få andre stader på Vestlandet er historia så synleg i landskapet som her. Terrasselandskapet i Etne er eit rikt jordbrukslandskap med synlege spor etter ei lang historie, som syner samanhengande bruk heilt fram til i dag.

Landskapet slik det sto fram etter at isen trekte seg tilbake for om lag 11000 år sidan ligg til grunn for den vidare utviklinga i Etne. Frå den første tidsbolken etter dette, eldre steinalder (9500-4000 f.Kr), består spora etter jegerfolk av lausfunne steinøkser. Det er få kjente spor etter buplassane til fangstfolka i steinalderen. Utover i yngre steinalder (4000-1800 f.Kr.) er det også tilfeldige funn av steinøkser som dominerer. Både langs fjorden, inn Littledalen og langs Stordalsvatnet er det gjennom åra funne fleire ti-tals økser frå eldre- og yngre steinalder. Frå siste halvdel av yngre steinalder reknar ein med at jordbruket for alvor fekk innpass på Vestlandet, og i løpet av dei neste århundra vart jordbruket hovudnæringa for dei fleste menneska i Etne. Det er gjort særleg mange funn frå denne perioden i

² KVE s. 41

Frette-området inst i Stordalen. Blant gjenstandane ein kan knytte til dei tidlege jordbrukssamfunna finn ein no også flintdolkar og pilspissar i tillegg til steinøksene.

I bronsealder og første del av eldre jernalder kom dei første metallgjenstandane i bruk. Det er funne relativt få bronsegjenstandar frå denne perioden, men mange av gravfunna i området er frå denne tida. Mange av haugane hadde enorme dimensjonar og iaugefallande plassering. Av dei viktigaste gjenstandane frå denne tida er ein halsring i bronse (ca. 700 f.Kr), skår etter keramikk og gryter av kleberstein. Dei fleste spora frå bronsealderen i Etne kjem frå terrassane i Midtbygda og områda inst i Stordalen. Dei mange helleristningane i kommune er også knytt til dei no veletablerte jordbrukssamfunna utover i bronsealderen og første del av eldre jernalder.

Funna frå eldre jernalder (500 f.Kr - 570 e.Kr) er hovudsakleg gjort i dei same områda som bronsealder funna, men òg i nye område som Øvstebø på Nordstranda. Det kjem inn ein ny type gravminne, steinringane, som er sjeldne på Vestlandet men som det finst fleire av i Etne. Frå siste del av denne perioden, yngre romartid (200-400 e.Kr) og folkevandringstid (400-575 e.Kr) er Etne mellom dei områda i landet som har flest spor. Ei mengd gravhaugar i dei fleste delane av kommunen, leirkar, våpen og smykke er funn frå denne tida. Dei beste jordbruksområda dominerer. Frå yngre jernalder (575-1030 e.Kr) er det gjort få funn både i Etne og på Vestlandet elles, men fram mot vikingtida (780-1030 e.Kr) aukar funnmengda. På denne tida var det framleis vanleg å reisa gravhaugar, men dei er jamt over mindre enn haugane frå eldre jernalder. Dei fleste av gravhaugane er mannsgraver med våpen og jordbruksreiskapar. Praktsverdet frå Vad, som truleg er laga i Frankrike på 900-talet, er mellom dei staselegaste våpena me veit om frå vikingtida. Steinkrossen på Grindheim, krossbautaen og runesteinen på Gjerde er truleg frå siste delen av vikingtida, og markerer overgangen til kristendomen og historisk tid.³



Sverdet som vart funne i ein gravhaug på Vad er eit viktig funn frå vikingtida. Foto: Ann-Mari Olsen, Universitetsmuseet i Bergen

Den gode jordbruksjorda i Etne la grunnlaget for velstand og makt. Hovdingættene frå Stødle og Gjerde sette djupe spor i Noregshistoria frå starten av det nye årtusenet. Bjørn frå Studla, Erlend frå Gjerde og Erling Skakke frå Studla var sentrale personar i den politiske utviklinga på Sør-Vestlandet fram mot slutten av 1100-talet. Frå denne tida er Stødle kyrkje, bygd av Erling Skakke som huskapell for Støle-ætta, det mest sentrale kulturminnet. Erling Skakke sameinte dei to mektige ættene og vart ein del av den øvste makteliten i Skandinavia. Men vendepunktet kom då sonen, kong Magnus Erlingsson, vart drepen i slaget ved Fimreite i 1184.⁴

³ KVE s. 24-41


⁴ KVE s. 50-59

Dei tre kyrkjestadene frå mellomalderen i Etne - Stødle, Gjerde og Grindheim - ligg på det som både i mellomalderen og i dag er av dei største gardane i bygda. Særleg Gjerde utmerka seg som ein storgard, både i Etne og Sunnhordland elles. Men frå rundt 1200 tok kongen og utanbygdes kyrkjelege institusjonar, som Halsnøy kloster, over som dei største jordeigarane.

I 1349 råka svartedauden distriktet hardt, og folketalet heldt seg lågt dei neste 150 åra. Mange gardar, særleg i området langs Åkrafjorden, låg øyde. I løpet av 1600-talet vart dei fleste gardsbruka tekne i bruk att, og det vart ei omfattande bruksdeling. Bøndene vart sjølveigarar att. Fram mot midten av 1700-talet heldt folketalet seg stabilt, før det brått tok til å veksa att. Husmannsvesenet fekk ei særleg stor utbreiing i Etne og Skånevik. På 1800-talet starta effektiviseringa av jordbruket, det oppstod nye typar verksemder innan handel og handverk. Mobiliteten vart større og tettstadene Skåneviksjøen og Etnesjøen vaks fram.

Dei to gamle skipreidene blir gjerne omtala som *jordbruksbygda Etne* og *sjøbruksbygda Skånevik*. Begge stader har landbruket vore viktigaste næringsvegen gjennom hundreåra, og tettstadene har vokse fram rundt gjestgjevarstader ved sjøen. Men Skånevik har i større grad blitt forma av fjorden og sjøfarten. Begge stader fekk ein òg ei klasse av "kondisjonerte", som særleg dominerte i Skånevik. Her vart det eit markant klasseskilje med to kulturar. Skipsbygging la grunnlaget for ein del av velstandsutviklinga, men bygda hadde mange bein å stå på, og fekk inga stor nedtur då skipsbygginga brått tok ein slutt rundt 1880. I Etne(sjøen) er spora etter den gamle gjestgjevarstaden og det tidlegaste sentrumsmiljøet for det meste vekke i dag, medan Skånevik har eit intakt og særprega bygdesentrum som speglar den mangfaldige historia bygda har hatt i nyare tid.

For innbyggjarane langs Åkrafjorden markerer bygginga av Åkrafjordvegen under 2. verdskrigen ei stor endring. Andre stader hadde vegane alt teke over for sjøen som viktigaste ferdslveg. På nordsida av fjorden, som ikkje fekk veg, vart dei fleste gardane fråflytta etter krigen.



Dei fleste gardane på nordsida av Åkrafjorden er fråflytta, men bevarte kulturmiljø held historia levande. Frå Mosnes.

For heile kommunen har etterkrigstida vore prega av sentralisering av både busetnad, skular og næringsliv. Fråflyttinga frå grendene til dei to sentrale bygdene Skånevik og Etne kom først, og kan mellom anna knytast til at det vart lagt til rette for at bygginga av nye bustadar skulle skje her. Nedlegging av grendeskular og flytting av viktige næringsverksemdar følgde etter. Jordbruk er framleis ei av dei viktigaste næringane, men i løpet av dei siste tiåra har stillinga blitt mindre dominerande enn tidlegare. I dei sentrale områda av Etnebygda er mykje av den beste jordbruksjorda blitt tatt i bruk til byggjeland for bustadar og handelsverksemdar.


Kommunegrensene i Etne og Skånevik var uendra frå 1837 til samanslåinga i 1964. Då vart nokre av gardane overførte til Kvinnherad kommune. Kulturmiljøplanen tek for seg det området som i dag er Etne kommune.

2.3. Kulturminne frå før reformasjonen/ Arkeologiske kulturminne

Arkeologiske kulturminne er spor etter menneske som har levd i tidlegare tider. Gjenstandsfunn, bergkunst, gravminne og utgravingar utgjør hovudkjeldene til kunnskapen vår om - og opplevinga av - fortidas samfunn. Kunnskapen frå desse kjeldene kan gjere oss betre i stand til å forstå oss sjølve, vår samtid og andre menneske og kulturar.

Forvaltning av arkeologiske kulturminne


I kulturminnevernet er reformasjonen i 1537 eit viktig skilje. Alle faste kulturminne frå før reformasjonen er automatisk freda. Forvaltninga av dei ligg såleis under Riksantikvaren og Fylkeskonservatoren, og er i liten grad overlata til kommunen. Det er likevel viktig å ta med dei før-reformatoriske kulturminna i planen, for å få eit heilskapleg og historisk samanhengande oversyn over viktige kulturminne i kommunen.



Ein skil mellom faste og lause arkeologiske kulturminne. Faste kulturminne er til dømes rester etter buplassar, gravhaugar, helleristningar, kokegroper, stolpehol, og hellerar. Lause kulturminne er gjenstandar funne utan kjent kontekst eller ved ei arkeologisk utgraving. Eit arkeologisk kulturmiljø er eit område der kulturminna inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

Eit fullstendig oversyn over automatisk freda kulturminne finst ikkje. Ein reknar med at berre om lag 10 % av kulturminna er kjent. Dei resterande er ikkje synlege eller vanskeleg synlege på markoverflata, eller ikkje registrert. I Etne er det over 300 lokalitetar der det er funne arkeologiske kulturminne. Mange av desse funnstadene er særskilt viktige både i lokal og nasjonal samanheng. I det følgjande er *eit utval* av dei viktigaste arkeologiske/før-reformatoriske kulturminna i Etne omtala nærare. Dette er kulturminne der det er særleg aktuelt for kommunen å setja inn tiltak for å formidla dei og gjera dei tilgjengelege for publikum. Ut over dette utvalet er det ikkje gjort noka prioritering av arkeologiske kulturminne, sidan alle er automatisk freda og ikkje blir forvalta på kommunenivå. For nærare omtale av forhistoriske kulturminne i kronologisk rekkjefølgje gjev artikkelen «Etne i forhistorisk

tid» i *Kulturhistorisk vegvisar* ein god oversikt. Her er det òg omtalar av ei rekkje lause kulturminne, som fell utanfor tema for denne planen.



Dei grøne trekantane markerer funnstader for arkeologiske kulturminne i Etne. Stor tettleik av kulturminne som er markert i kartet tyder ikkje nødvendigvis at det har vore meir aktivitet i området enn andre stader i tidlegare tider. Det kan òg vera eit teikn på aktivitet i nyare tid som har kravd undersøkingar, og som har ført til funn ein elles ikkje ville ha gjort.

2.3.1. Terrasselandskapet i Etne

Dei dominerande terrassane i Etnebygda vart danna då innlandsisen smelta for om lag 10 000 år sidan. Dei fruktbare slettene gav grobotn for velstand og makt heilt frå den tidlege jordbrukstida, og få stader i landet er det funne så mange og rike spor etter forhistoriske menneske. I løpet av dei siste generasjonane har store delar av dette landskapet blitt endra av masseuttak og utbygging.⁵

Stødleterrassen

Stødleterrassen er eit rikt kulturminneområde som vitnar om kontinuerleg bruk gjennom lang tid. Kulturminna spenner frå byrjinga av bronsealderen eller tidlegare, rundt 2000/1800 f.Kr, og fram til mellomalderen, 1100/1200 e.Kr.⁶ I tillegg til Stødle kyrkje omfattar det ei rekkje arkeologiske gravminne

⁵ Svein Olaf Dahl: Terrasselandskapet i Etne (KVE 2001)

⁶ Mandt/Løddøen

og busetnadsspor, til saman 19 lokalitetar. På begge sider av kyrkja, langs kanten av terrassen, har det lege eit stort gravfelt med 40 - 50 gravhaugar med funn frå eldre og yngre jernalder. Dette tyder på samanhengande busetnad i området frå rundt 500 f.Kr til 1000 e.Kr. I utkanten av jernalder gravfeltet er det òg gravhaugar med funn frå eldre og yngre bronsealder. I området er det gjort ei rekkje lausfunn, mellom anna ved hjelp av metalldetektor. Det er òg kulturminne frå nyare tid i området.

Vernestatus: Dei einskilde arkeologiske kulturminna er automatisk freda. Stødleterrassen som heilskap er definert som eit område av nasjonal verdi, og har vore mellombels freda sidan år 2000. Arbeidet med områdefredinga pågår framleis. Terrassen er òg del av det større KULA-området (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse). Det er registrert ein del kulturminne frå nyare tid i området, men desse er ikkje formelt verna. Lausfunn som er automatisk freda er levert til Universitetsmuseet i Bergen. Det er òg gjort lausfunn frå nyare tid som ikkje er leveringspliktige.

Formidling/tilrettelegging: I dag er kulturhistoria i området formidla gjennom eitt formidlingsskilt som er sett opp ved kyrkja. Tilrettelegginga som er i dag reflekterer ikkje kor viktig området er, og det behov for ei oppgradering og vidareutvikling med både fysisk og digital tilrettelegging.⁷

Grindheim og Rygg-terrassen

Grindheim er eit rikt kulturminneområde med mange likskapstrekk til Stødleterrassen. Her er mellom anna eit svært stort tal forhistoriske gravminne. Kyrkjehaugen på Grindheim er ein av dei eldste gravhaugane i Etne. Til saman skal det ha vore meir enn 250 røyser, men mange av desse er borte i dag. Gravfeltet er eitt av dei største på Vestlandet.

Vernestatus: Gravrøysene og kyrkjegarden på Grindheim er automatisk freda etter kulturminnelova, medan sjølve kyrkja er listeført hos Riksantikvaren. Steinkrossen og bautasteinen er ikkje registrert som enkeltminne i Askeladden. Grindheim- og Rygg-terrassen er del av KULA-området.

Formidling/tilrettelegging: Kulturminna i området er ikkje skilta. Formidling bør sjåast i samanheng med Stødle-terrassen og KULA-området som heilskap.

Trønskenes i Skånevik

Steinalderlokaliteten på Trønskenes nord for Skånevik sentrum er truleg det eldste funnet av ein buplass i kommunen. Ut frå funn av steingjenstandar av rhyolitt frå Bømlo er buplassen tidfesta til yngre steinalder, kring 4000 år f.Kr. Lokaliteten, som ligg på 12-20 moh., vart registrert i samband med utbygging av hytte- og bustadområde.

Vernestatus: I tillegg til området som er automatisk freda, er eit større område rundt funnstaden regulert til omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Formidling: Ikkje formidla per i dag.

Jernaldergarden under kjøpesenteret

I 2013 vart det gjort eit oppsiktsvekkjande funn under den arkeologiske utgravinga av tomta til Felleskjøpet/Coop i Etne sentrum. Det vart funne rester av 45 bygningar frå rundt 500 f.Kr. 15 av dei er såkalla langhus, som har hatt bustad for folk i den eine enden, og stall eller fjøs i den andre. Langhusa

⁷ BARK-rapport, Hordaland fylkeskommune 2012

har vore bygde i grindkonstruksjon og den lengste bygningen var 23 meter lang. Det er òg identifisert smier og verkstadar for keramikk og anna verksemd.

Dette er det største kjende busetnadsområdet på Vestlandet frå eldre jernalder. Det er uvisst om det er snakk om ein gard som er gjenoppført fleire gonger, eller ein landsby som består av fleire gardar. Spora etter jernalder busetnaden var godt bevarte og har gitt verdifull kunnskap om korleis småkårsfolk levde på denne tida. Det er òg funne ein romersk mynt på staden etter søk med metalldetektor. Etter utgravinga vart området frigitt frå bandlegging, og er utbygd med kjøpesenter og parkeringsplass.⁸ Funna er dokumentert i ein omfattande rapport som var ferdig i 2020.⁹

Vernestatus: *Fjerna (automatisk freda). Det er bygd kjøpesenter på tomta.*

Tilrettelegging/formidling: *Sjølv om kulturminnet er fjerna, er dette eit så spektakulært og viktig funn at det bør formidlast til publikum. Eit aktuelt tiltak er skilt ved kjøpesenteret.*



Frå utgravinga av den største hustufta. Foto: Universitetet i Bergen.

Andre gardsanlegg frå før reformasjonen:

Fitja: På Fitja er det funne spor etter busetnad frå eldre jernalder. Det er registrert ei geil, hustufter og spor etter forhistoriske åkerlag.

Volme: I dalen mellom Frette og Øyno, nede ved elva, ligg det to øydegardar frå mellomalderen; Klokkarteigen og Volme. Klokkarteigen er for det meste oppdyrka i ny tid, medan Volme er mest uskadd. Her ligg det tre hustufter, 4 - 5 gravhaugar og øydeåkrar. Ut frå alder er garden automatisk freda, men spora etter anlegget er berre delvis kartlagde og ikkje registrerte i Askeladden.

⁸ NRK.no/Vestland, Aftenposten.no

⁹ Rapporten De arkæologiske undersøgelser ved Etnesjøen 2013 av Søren Diinhoff og Yngve Thomassen Flognfeldt botanisk rapport ved Anette Overland

Øydegarden Hellaug: Gardsanlegget Hellaug, som truleg var i bruk fram til svartedauden, er ein av dei best bevarte øydegardane på Vestlandet. Spora etter det gamle gardsanlegget ligg lengst aust ved Hellaugvatnet. Området har fram til midten av 1950-talet vore stølsområde for garden Vinja, og er framleis nytta til beite. Gardsanlegget består av to hustuffer, 21 røyser, ei åkerrein og ein mogleg rest av nok ei tuft. På sør- og austsida går ein steingard som har omkransa den gamle innmarka. Steingarden held fram vestover langs Hellaugvatnet bort til eit område med 9 rydningsrøyser. Det er òg ei røys utanfor muren. Den største hustufta er 42 m lang og 10-12 m brei og har fire rom, noko som tyder på det har budd mange menneske her. Tufta vart utgraven rundt 1930. Då vart det funne ei rekkje gjenstandar, mellom anna kleberkar, Eidsborgbryne, baksteheller m.m. Delar av materialet kan daterast til tidleg- og høgmellomalder. Staden har vore brukt til jordbruk ca. 700-1450 e.Kr., altså yngre jernalder og mellomalder.¹⁰

Segna om Hellaugtussen

På 1500-talet skal Hemming Hellaug og kona Ragnhild ha levd på Hellaug. Hemming vart kalla ut i krigen, og vart lenge borte. Før han reiste lova Ragnhild å venta på han i sju år. Om han ikkje var komen heim då, sto ho fritt til å gifta seg att. Etter fleire års venting fekk ho ein friar frå bygda. Ho nølte lenge, men ga til slutt opp å venta og sa ja til friaren. Medan dei var i kyrkja, kom Hemming tilbake. Det var på dagen sju år etter at han hadde reist. Møtet enda med at Hemming hogg hol i isen og drukna seg i vatnet. Sidan den tid skal han ha vist seg for mange, og går no under namnet Hellaugtussen.¹¹

Vernestatus: *På Hellaug er einskildminne frå før reformasjonen automatisk freda. Kulturminne i to sikringssoner er omfatta av fredinga, men nokre kulturminne utanfor desse sonene er ikkje verna. Det er føreslått omsynssone for heile området. Gardsanlegga på Fitja og Volme er automatisk freda sjølv om Volme ikkje er registrert og kartfesta i Askeladden.*

Formidling/tilrettelegging: *Ikkje formidla og tilrettelagt i dag. Skilting og digital formidling kan vera aktuelle verkemiddel.*

2.3.2. Gravminne

Det er registrert eit stort tal gravminne i Etne. Heile 66 lokalitetar er registrert i Askeladden. Om lag to tredjedelar av dei er frå bronsealderen, og mange har store dimensjonar og iaugefallande plassering. Haugane på Stødle og Sørheim låg på kanten av den mektige terrassen, medan Kyrkjehaugen på Grindheim var plassert midt på moen. Haugane på terrassane er bygde av jord, slik skikken var i dei sørlege stroka av Skandinavia. I yngre bronsealder (1000 - 500 f.Kr) var branngravene einerådande. I Lundahaugen på Sørheim, som truleg er bygd i eldre bronsealder (1800-1200 f.Kr) er det funne ei stor gravkiste av stein, som er typisk for tidsrommet. I yngre bronsealder (1200 - 500 f.Kr) var branngravene einerådande.

Ut over i jernalderen heldt ein fram med å nytta dei store bronsealder haugane som gravplassar. Også i tidleg jernalder var det vanleg med branngraver. Det kom òg ein ny type gravminne, steinringane. Dei er sjeldne på vår kant av landet, men er kjende frå fleire stader i Etne. På Sørheim ligg fire stykke på rekkje.

¹⁰ Frå masteroppgåve i arkeologi: Øydegarden på Hellaug av Therese Nasset. Artikkel i årbok Etne sogelag 2015

¹¹ Les heile segna i Reinert Frette: Hemming Hellaug. ESÅ 2012

Etne er mellom dei områda i landet som har flest spor frå yngre romartid (200 - 400 e.Kr) og folkevandringstid (400 - 575 e.Kr). Gravene er hovudkjelda til kunnskapen om desse tidsbolkane. Mange inneheld gjenstandar som smykke og kar i kleberstein eller keramikk. Gravene ligg ikkje lenger berre i dei mest sentrale områda, men er spreidde ut over det meste av kommunen. Størsteparten av funna frå folkevandringstida kjem likevel frå Grindheim-Rygg-terrassen, som nærast kan reknast som eit samanhengande gravfelt. Gravhaugane kan innehalda ei eller fleire graver. Det finst både brende og ubrende graver frå heile dette tidsrommet. I Etne er det funne mange velutrusta kvinnegraver med smykke og tekstilreiskapar, og mannsgraver med våpen. Dette var ei stordomstid i Etne, med høg handverksmessig kvalitet og vakre luksusgjenstandar, gjerne importerte. Som i dei tidlegare periodane er det dei beste jordbruksområda som dominerer. Her ser me truleg konturane av storgardane og dei mektige ættene frå historisk tid.

Frå vikingtida med innføringa av kristendomen opphøyrde skikken med å haugleggja dei døde og gje gjenstandar med i gravene. Men alle dei tre mellomalderkyrkjene i Etne er bygde i område med mange gravminne frå tidlegare tider. Også Skånevik kyrkje ligg på ein stad med forhistoriske gravminne, som seinare vart kyrkjestad i mellomalder.

Gravfeltet på Ebna: Gravfeltet frå jernalderen ligg i eit jordbruksområde nær sjøen, og har vore mykje større enn kva som er tilfelle i dag. Her har vore åtte gravhaugar, ei steinsetning og ei flatmarksgrav. I dag er her fire (mogleg berre tre) haugar og ei steinsetning att.

Vernestatus: *Alle gravrøyser frå før reformasjonen er automatisk freda.*

Tilrettelegging: *Sjå 2.3.1. Gravfeltet på Ebna er tilrettelagt med skilt.*

2.3.3. Helleristningar

Helleristningar er del av den type kulturminne som samla vert kalla bergkunst. Dette er bilete av menneske, dyr, båtar, gjenstandar, abstrakte geometriske symbol og skålgroper, som er hogd, skore, slipt eller malt på bergflater eller steinblokker. Når det gjeld bergkunsten i Etne består den av skålgroper og helleristningar, der helleristningsmotiva er danna av små hogde hol som tett i tett utgjer linjene i figurane. Ein deler bergkunsten i to hovudgrupper: Veideristningar og jordbruksristningar.

Veideristningane har utgangspunkt i jegersamfunnet i steinalderen, medan jordbruksristningane har sin bakgrunn i bondekulturen i bronsealderen.

Etne er ei av dei rikaste helleristningsbygdene på Vestlandet. Heile 34 felt med helleristningar er registrerte i kommunen. Alle er av typen som blir kalla *jordbruksristningar*, sidan menneska som laga dei baserte seg på jordbruk som hovudnæringsveg. Framleis ligg så å seie alle felta sentralt i godt jordbruksland, og gjerne i tilknytning til gardstun. Dette tyder på at det var ein samheng mellom ristningane og den nye jordbruksøkonomien. Skålgroper på 2 – 3 og opp til 10 cm er det vanlegaste. Elles er skip, ringfigurar, fotsole-liknande figurar, menneskefigurar, dyr, tre, økser og ymse andre motiv representerte.¹²

Om lag ein tredel av felta ligg i sentrale delar av bygda, medan resten ligg i Stordalen. Felta kan delast i tre hovudtypar: Dei reine gropfelta, felt med berre groper og ringar, og felt med variert

¹² Digitaltmuseum.no

ristningsrepertoar. Helleristningsfelta med jordbruksristningar vert gjerne datert til bronsealder og første del av eldre jernalder. Artikkelen «Ristningar i tid og rom» av Kjersti Vevatne (ETV) gjev utfyllande informasjon om nokre av tolkingane, samt argument for mogleg eldre dateringar av helleristningane i Etne.

Helgaberg:

Helgaberg er ein rund knaus som stikk opp frå terrasseflata ved det gamle tunet på Stødle.

Ristningsfeltet, som vart kjend i 1860-åra, består av ei mengd skålgroper og ringfigurar, og diverse u-forma figurar som er daterte til bronsealder og første del av eldre jernalder. Truleg har dette vore ein kultstad i forhistorisk tid. Feltet er del av området på Stødleterrassen som er mellombels freda. Her har det vore fleire gravhaugar, og nokre få hundre meter nordaust for ristningane er det funne ein verdifull bronsehalsring.¹³



Helleristningane på Helgaberg ligg i ein hage på Stødleterrassen. Det er behov for betre tilrettelegging og formidling på staden.

Duesteinen på Vinja:

Duesteinen er eit helleristningsfelt med ringfigurar, groper og U-forma motiv. Det er funne skålgropsteinar fleire stader på garden Vinja. Ved Duesteinen er det òg funne ein pilspiss av flint som kan daterast til siste delen av yngre steinalder.¹⁴ Steinen ligg i eit område med ei rekkje andre arkeologiske kulturminne, mellom anna gravrøyser.


Fjøsneset

På dei glatte bergflatene ovanfor vegen på Fjøsneset er det fleire figurfelt. Her finst både båtar, ringfigurar og fotsolar, men få skålgroper.

¹³ grind.no, Askeladden og Mandt/Løddøen: Bergkunst. Helleristningar i Norge.

¹⁴ Mandt/Løddøen

Bruteigsteinen på Flåte



På Bruteigsteinen finn me eit særst rikt og variert biletfelt med i alt 68 figurar. Steinen er vel 10 gonger 8 meter og har ei flat overside som hallar nedover bakken. Her har jorda vore dyrka heilt attende til bronsealderen (1800 f.Kr.- 500 f.Kr.). Bergbileta har sitt opphav i jordbrukskulturen for 3000 år sidan, og har truleg vore ein del av ein kultus for sol og grøderikdom. Tidleg på våren nådde solstrålane ned i dalen gjennom Flåteskaret og trefte Bruteigsteinen på ny etter vinteren.¹⁵ Her finn me òg tre som motiv, noko som er uvanleg i Norge.¹⁶ Bruteigsteinen er eit døme på jordbruksristningar.

Vernestatus: Alle helleristningane er automatisk freda. Helgaberg ligg i området på Stødleterrassen som er førebels freda. Både Helgaberg og Fjøsaneset er del av KULA-området.

Tiltak/tilrettelegging: Mange av ristningane er svært forvitra, og som del av ein naturleg prosess må ein rekne med at dei går tapt i framtida. Den største faren på kort sikt er likevel slitasje på berget som følgje av trakk frå menneske. Det er viktig at tilrettelegging og informasjon blir gjort på ein måte som sikrar at det er høve til å oppleve desse kunstverka frå fortida, samstundes som me ikkje utset dei for unødige slitasje.

Nokre av helleristningane er tilrettelagt med skilting, trapper og liknande. Det meste av dette vart gjort som del av eit prosjekt på 1990-talet i regi av Hordaland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen. Både skilt og trapper er mange stader slitne og det er stort behov for oppgradering og utskifting.

2.3.4. Bautasteinar og steinkrossar

Bautasteinar er minnesteinar frå førhistorisk tid, oftast frå jernalderen. I Etne er det berre registrert éin av denne typen, ved kyrkjegarden sør for Gjerde kyrkje. Steinen er 5,20 m høg og med ein innhogd kross på austsida. Han er datert til førreformatorisk tid. På Bergen museum finst det to runesteinar som låg i kyrkjegardsmuren ved Gjerde kyrkje fram til 1820-30-åra. På den eine står det: "Erlend rita desse runer etter Olve, far (sin)". Denne er truleg reist av lendmannen Erlend frå Gjerde før 1030/1050. Erlend fall i slaget på Stiklestad. Den andre har teksten "Ketil sette denne sten etter Finn, sin måg".¹⁷ I tillegg skal det ha vore ei rad med minst 25 bautasteinar på kyrkjegarden. Også ved Grindheim kyrkje står ein

¹⁵ www.etne.kommune.no

¹⁶ Grind.no (Kulturhistorisk vegbok for Hordaland)

¹⁷ Askeladden/KVE

bautastein, frå første halvdel av 1000-talet, som har lege i kyrkjegardsmuren. Den vart funne i 1905 og reist inntil nordveggen på kyrkja. Steinen har teksten "Tormod reiste denne steinen etter Tormod Svidende sin far". På øvre del av framsida er det rissa inn ein kross. Det skal vera fleire bautasteinar som ligg i muren rundt kyrkja.

Bautasteinen på Kyrkjehaugen vest for Stødle kyrkje er langt nyare enn sjølve haugen, som er datert til jernalder.

Steinrossar er kristne monument frå mellomalderen. Tradisjonen kjem frå Irland og Storbritannia, og er utbreidd på Vestlandet. Krossen som står ved Grindheim kyrkje vart funnen i kyrkjegardsmuren i 1905 og vart først reist utanfor muren. Etter ein skade vart han flytta til innafor kyrkjegardsporten på nordsida. Steinen har tidlegkristen form med runde hol i krossmidten og i hjørna mellom krossarmene.

Vernestatus: Berre bautasteinen ved Gjerde kyrkje er registrert som sjølvstendig objekt (einskildminne) i Askeladden. Bautasteinen og steinkrossen ved Grindheim kyrkje står på kyrkjestaden, som er automatisk freda. Kyrkjehaugen ved Stødle kyrkje er òg automatisk freda.

Tilrettelegging/formidling: Alle bautasteinane ligg ved kyrkjer og blir formidla som del av kulturmiljøet knytt til kyrkjene. Det er kulturminneskilt ved Stødle kyrkje.

2.3.5. Bygdeborger

Det er fleire teoriar om kva rolle bygdeborgene har hatt. Den tradisjonelle oppfatninga er at det har vore tilfluktsstader i ufredstider. Det kan òg har vore del av eit større forsvars- og varslingsystem der signal vart sende frå borg til borg. Bygdeborgene ligg på vanskeleg tilgjengelege høgdedrag, med restar etter murar og vollar som har vore stengsel der tilkomsten er lettast. I Etne er det heile fire bygdeborger: Borgaråsen på Matskår, Holenuten ovanfor Brøllom, Hushaug på Vad og på ein langstrekt åsrygg på Steine. Ingen av dei er daterte, og dei er ulike både i plassering, utforming og storleik.

Bygdeborga på Vad Staden der bygdeborga på Vad ligg er kalla Hushaug, og ligg i eit turområde. Borgområdet er avgrensa av stup og ein synleg mur. Det er eit vad i nærleiken av lokaliteten, og det er gjort eit sverdfunn på garden noko som gjer at det er mykje som kan formidlast i samanheng med bygdeborga.

Borgaråsen på Matskår ligg nær Etne sentrum. Den søre delen av toppen har vide, flate berg og stup på tre sider. Mot nord er det ein stor mur som er nedrasa. Det går tursti til toppen frå Honsvika.

Vernestatus: Alle bygdeborgene er automatisk freda.

Tilrettelegging/formidling: Det er merka turstiar til Hushaug og Borgaråsen. Det er behov for skjøtsel og skilting.

2.3.6. Vardar og vetar

Vardebrenning, opphavleg kalla vetebranning, har vore brukt til varsling av krig og ulukker heilt opp mot 1700-talet. Vetane var ein del av det landvernet Håkon den gode skipa på 900-talet. Frå landsende til landsende kunne krigsbod gå på 7 dagar. Fjelltoppen Vetan ovanfor Fitja har vore del av denne varderekkja.

Vernestatus: Veten ved Fitja er ikkje registrert i Askeladden, men er del av KULA-området i Etne.

Tilrettelegging: Ingen

2.3.7. Ferdslevegår

Me kjenner ikkje til mange førreformatoriske vegfar i Etne, men det finst nokre. I fjellsida på Grindheim er det registrert eit vegfar, dels som hulveg, frå førreformatorisk tid. Ein moderne skogsveg kryssar vegen fleire stader. På Kambe er det registrert ein tilsvarande veg, som er truleg er ei geil frå jernalderen.

Sleper er ei nemning som blir brukt om dei gamle ferdslevegane mellom landsdelane frå tida før 1600-talet, då staten tok ansvar for bygging av vegar. I Askeladden er det registrert eit slikt vegfar frå Rullestad til Røldal, som ein trasé knytt til Nordmannslepene over Hardangervidda. Slepå har opphavleg gått frå Fjæra. Andre ferdslevegår er omtala under 2.4.6.

2.3.8. Klebersteinsbrot

På Tøsse i Åkrafjorden er det tatt ut kleberstein på to stader i “Blautesteinsberget”. I hovudbrotet om lag 50 meter over havet er det spor etter uttak av minst 100 gryter. Ein veit ikkje kva tid det var aktivitet her, men truleg var det før reformasjonen. Også i Osvågla finst det spor etter eit klebersteinsbrot, som truleg skriv seg frå jernalder eller mellomalder. Kleberbrotet ligg i Klovsteinsjuvet, om lag 350 meter over havet. Det er nemnt i gamle segner, men vart “gjenoppdaga” og undersøkt i 2002. Det er spor etter uttak av kvaderstein (bearbeidd stein til murar) og mindre gryter. Det er uvisst kva tid det vart tatt ut kleberstein her, og kor steinen er brukt.

Vernestatus: Klebersteinsbrota er automatisk freda.

Tilrettelegging: Ingen.



Klebersteinsbrotet på Tøsse. Foto: Roar Bævre, Etne kommune.

2.3.9. Kyrkjestader

På fleire av stadene der det ligg nyare kyrkjer i dag, er det forhistoriske gravminne og automatisk freda kyrkjestader frå mellomalderen. Dette gjeld for både Stødle, Grindheim og Skånevik.

Mellomalderkyrkjegarden i Skånevik ligg att etter utskifting av kyrkjebygga fram mot vår tid, og saman med den store gravrøysa er dette det mest framtrедande kulturmiljøet i bygda.

Stødle kyrkje frå 1160 høyrer som eit før-reformatorisk kulturminne inn under dette kapitelet i planen. Her har me likevel vald å omtala kyrkja saman med dei andre kyrkjene. Sjå under 2.4.7 Tru og kyrkje.

2.3.10. Gjenstandar frå forhistorisk tid

Det er gjort eit stort tal funn av gjenstandar frå forhistorisk tid i Etne, mange av dei svært vakre og verdifulle. Fleire av dei rikaste funna på Vestlandet, av gull- og sølvskattar og importerte gjenstandar, er frå Etne. Mellom anna var gardane Gjerde, Stødle og Grindheim viktige maktsenter i yngre romartid og folkevandringstid, og her er det gjort storslegne offerfunn.¹⁸ Dei aller fleste er lagra eller utstilte på Universitetsmuseet i Bergen. Bilete og informasjon om gjenstandane har vore tilgjengeleg gjennom nettportalen Unimus.no, som no er nedlagt. Det blir arbeidd med å gjera samlingane tilgjengelege gjennom DigitaltMuseum. Lausfunn fell ikkje inn under tema som er definert for kulturmiljøplanen, men funna har så stort omfang og verdi at det bør lagast ein eigen plan for korleis dei skal formidlast og gjerast tilgjengelege for publikum.

2.4. Nyare tids kulturminne (etter reformasjonen)

Som nyare tids kulturminne reknar me alle spor etter menneskeleg aktivitet i tida etter 1537. Dette femner om både bygningar og bygningsmiljø, men òg tekniske kulturminne, kulturlandskap, utmarksminne og fartøy. Av desse er kulturmiljøplanen avgrensa til å gjelda jordfaste kulturminne. Fartøy er såleis ikkje med i planen.

Første del av omtalen gjeld nyare tids kulturminne fram til 1940. Krigsminne og kulturminne frå etterkrigstida er omtalte under eigne overskrifter. Det er gjort kort greie for historia knytt til tema og kulturminne. Det er registrert svært mange kulturminne i kommunen, og det som er omtala er eit utval av dei viktigaste kulturminna som er bevarte i dag.

2.4.1. Handels- og gjestgjevarstader, tettstader

Det som i dag er sentrumsområde har vakse fram rundt gamle handels- og gjestgjevarstader. Også andre stader har vore viktige handelsentra i tidlegare tider, utan at dei har fått same utviklinga. Både Fjæra, Markhus, Kyrping og Bjellandsnes har vore viktige knutepunkt tidlegare, men endra busetnads- og samferdslemønster har ført til at aktiviteten har stilna. Også Håfoss fungerte som eit sentrum i si tid, men verksemdene har flytta vekk trass i at staden ligg sentralt ved den viktigaste ferdslåra gjennom kommunen. Både Etne og Skånevik sentrum er vurderte som kulturmiljø av regional verdi.

¹⁸ Håkon Reiersen: Etne – eit maktsenter i eldre jernalder. Årbok for Etne sogelag 2017

Skånevik

Tettstaden Skånevik har vakse fram kring den gamle handels- og gjestgjevarstaden frå 1700-talet. Sjøbruket har vore ei viktig attåtnæring. Skånevikservane var mellom dei fremste innan fartøybygging på 1800-talet, med lett tilgang til den rike furuskogen i området. Men alt for tusen år sidan, på 900-talet, då skipreideordninga vart innført av Håkon den gode, har Skåneviksgardane vore ein samlingsstad som har gjeve namn til skipreida.¹⁹

Det meste av Skånevik sentrum ligg under garden Milja, som er ein av dei eldste gardane i bygda og blant dei største i regionen. Det gamle gjestgjevarhuset i Skånevik ligg midt i bygda, like ved stranda. Den første kjende gjestgjevaren her var Nils Jacobsen Schanche, som dreiv ei kro i 1730-åra. Gjestgjevarstaden vart etter kvart utvida til eit senter med fiskemottak, sildesalting, gjestehus, krambu, bakeri, bøkkeri, jektefart og sal av fisk til inn- og utland.

Sjølve gjestgjevarhuset er truleg bygt ein gong mellom 1785 og 1820, og er eit staseleg hus i lafta tømmer med symmetrisk grunnplan i to høgder. I 1908 vart eigedomen kjøpt av fabrikkeigar Christian Bjelland frå Stavanger. Då Bjelland bygde hermetikkfabrikk her vart gjestgjevarhuset teke i bruk som internat for fabrikkjenter. Huset vart kalla "Tippehuset". I 1984 gav Norway Foods gjestgjevarhuset til bygda, og i dag fungerer det som eldresenter.



Det gamle gjestgjevarhuset (t.v.) ligg sentralt i Skånevik. Huset til høgre har mellom anna vore formannsbustad for Bjellands hermetikkfabrikk, men kan tidlegare ha vore del av gjestgjevarstaden.

Klasseskilje Rundt århundreskiftet 18/1900 var Skånevik for ein liten småby å rekna, og var delt mellom to heilt ulike kulturar. På den eine sida var det arbeidarar og handverkarar, som mellom anna arbeidde

¹⁹ Frå Kulturhistorisk vegbok - Etne

på skipsvervane. På den andre sida var det ein kondisjonert overklasse med familiar knytte til bykulturar i Bergen og Stavanger, og delvis med røter tilbake til den siste sorenskrivaren i Skånevik. Ein del lokale forretningsdrivande og offentlege tenestemenn hadde òg omgang med desse familiane. Borna til dei “kondisjonerte” gjekk ikkje på den vanlege skulen men hadde privat undervisning. Dette var med på å forsterka klaseskiljet.²⁰

Skånevik i dag: I dag har Skånevik eit triveleg sentrumsmiljø med eit stort tal kulturhistorisk verdifulle bygningar som speglar den mangfaldige historia til bygda. Dei fleste bygningane er frå siste del av 1800-talet og tidleg 1900-tal. Det er berre to bygningar att av den gamle handels- og gjestgjevarstaden. Dei står midt i sentrum tett ved hovudvegen som går gjennom bygda. Dei andre bygningane som høyrde til staden, losjehuset («Holteriet»), bakeriet, naustet og sjøhuset med krambu vart rivne på 1900-talet.²¹ Tingstova, som mellom anna romma landets eldste folkeboksamling, er flytta til Skånevikstranda og blir nytta som bedehus. Gjestgjevarhuset, Milja gard og hermetikkfabrikken er sentrale og bevarte i si opphavlege form. Andre sentrale bygg er kyrkja (1900), ungdomshuset/losjehuset Solvang (1912, kunstgalleri sidan 1999), bedehus (1911), tre generasjonar av skulebygg (1876, 1919, 1964), kunstnarbustaden og pensjonatet Krogstuen, Heggelund hotell, prestebustad frå 1910, butikklokale og industribygg. Ein del av desse er nærare omtala under respektive tema.

I det tette trehusmiljøet i sentrum dominerer sveitsarstilen. Som heilskap er miljøet godt bevart, men for einskildbygga er mykje av dei originale detaljane gått tapt gjennom utskifting og modernisering. Det er lite att etter dei gamle skipsvervane og miljøet rundt dei i området der ferjekaia ligg i dag.

Vernestatus, Skånevik: Nokre viktige historiske bygningar er regulerte til bevaring. Eit noko større område har omsynssone. Skånevik kyrkje er listeført hos Riksantikvaren. Det er fleire automatisk freda kulturminne i sentrumsområdet. Sentrumsmiljøet har regional verneverdi.

²⁰ Skånevikssoga b. VI, s. 298 - 301

²¹ Grind.no



Utsyn mot Skånevik med mellom anna bedehuset (heilt t.v.), kyrkja, Skånevik motormuseum, Heggelund hotell og hermetikkfabrikken.

Etnesjøen

Tettstaden Etnesjøen er sentrum i Etne kommune i dag. Dei eldste kjeldene brukar uttrykka Sjøen, eller Gjerdesjøen. Her hadde dei første bufaste i området nausta sine. I 1678 eller 79 vart det oppretta ein gjestgjevarstad her, og rundt den vaks det fram ein liten handelsstad. Opphavleg var det fire hus som utgjorde sjølve gjestgjevarstaden. Ingen av desse står i dag. I 1849 opna den første landhandelen, og i 1865 finn me to landhandlarar, tre andre handlande og fem handverkarar i den vesle tettstaden. På same tida budde det 158 menneske på gardane Gjerde og Haugen. Dei fleste var gardbrukarar eller husmenn. Eit utskiftingskart frå 1872 viser eit trettitals bygningar i to husrekkjer med veg mellom. I 1900 fanst det fire landhandlarar (ein av dei også postopnar og dampskipsekspeditor), tre andre handlande, fire bakarar, ein losjivert og ti handverkarar, medan talet på jordbrukande husmenn hadde gått ned.²²

I dag finst berre ei handfull av bygningane frå den gamle tettstaden att. I SEFRAK-registeret er det berre registrert to bygningar frå før 1850, og ingen frå perioden 1850 - 1900, i området frå hovudvegen og ned mot sjøen. Dei fleste SEFRAK-registrerte bygningane i sentrum elles er frå tidleg 1900-tal. Bygningstiljøet rundt Gjerde kyrkje er særleg viktig for områdekarakteren.

“Rike-Erik” sitt hus (Lensmannshuset) er eit særprega bustadhus i Etne sentrum, bygd i 1904 - 1907 av Erik Eriksson Haugen (1857 - 1932). Han vende heim frå USA i 1899 med ei formue han kunne leva romsleg på. Bygningen har ei rekkje amerikansk-inspirerte detaljar, som smijernsrekkverk på taket, listverk og anna.²³

²² Les meir om utviklinga av tettstaden i KVE s. 108 - 113

²³ KVE s. 112

Børretzen-huset er eit typisk vestlandshus med stove i kvar ende, kjøken og gang i midten. Første gong sett opp i Vats i 1869, seld og flytta til Etne i 1870. I 1917 vart taket heva og skifta frå panner til skifer, og framsida fekk altan. Bernt Børretzen og kona Synneva Weltzin dreiv mellom anna landhandel og dampskipsekspedisjon i huset.

Etne hospits vart etablert i 1934. Bygningen er del av det som seinare vart omdøyppt til Etne hotell, og i dag har gjenoppstått som Fugl Fønix Hotel. Den opphavlege bygningen er den delen som vender ut mot riksvegen.

Vernestatus, Etne sentrum: Eit utval historiske bygningar er regulert til bevaring. Omsynssona omfattar fleire bygningar som er spesifisert i vedlegg. Gjerde kyrkje er listeført hos Riksantikvaren. Sentrumsmiljøet har regional verneverdi.



Sentrumsområdet i Etne har lange historiske røtter. Framfor tinghuset frå 1967 ligg ei gravrøys, truleg frå jernalderen. Statua av Magnus Erlingsson er laga av Per Ung. Mykje av bygningsmiljøet som vaks fram i Etnesjøen i siste halvdel av 1800-talet er vekke i dag.

Kyrping

Frå gammalt av var Kyrping eit knutepunkt for ferdsle langs fjorden. Soga fortel at Erling Skakke og far hans hadde delar av flåten sin liggjande her om vinteren fordi Etnesfjorden då fraus til. Vanlege folk frå grannegardane hadde nausta sine her, og reisande som skulle til fots over fjellet la til med båt i Kyrping.²⁴

Kyrping er ein kombinasjon av strandsitjarstad og handelsstad og høyrer ikkje til den eldre gruppa av handelsstader frå 1600- og 1700-talet. Det var liberaliseringa av handelslovgjevinga i 1842 som la grunnlaget for handelsverksemda på Kyrping, med Stordalen og Åkrafjorden som oppland. Dei første handelsmennene slo seg til på Kyrping litt ut på 1840-talet.

²⁴ KVE


Like før 1850 starta husmannssonen Ole Hansen Stølen landhandel her, og dreiv forretninga godt i over 50 år. Snart bygde han eit bakeri rett vestanfor landhandelen, og tilsette ein bakar. I 1871 kjøpte Hansen grunnen, og sette opp fleire av dei husa som ligg her i dag. Først bygde han stovehuset som ligg inst mot bakken, så sjøbua. Sidan kom den kombinerte sjøbua med butikk, eit bustadhus med fargeri, og eit bakeri.

I 1876 kom Johannes Vierdal til Kyrping for å ta hand om eit fargeri. Han dreiv med farging i eit hus austanfor landhandelen. Men etter 13 år døydde fargaren, og to år etterpå døydde bakaren. Dermed satt to enkjer att på Kyrping. Dei satsa begge to på det same: Dei tok i mot ferdafolk, og trakterte dei med mat og drikke eller gav dei losji for natta. I 1873 fekk Hansen ei lita biinntekt, då han vart postopnar ved det nye postkontoret. Men i 1874 fekk Hansen ein konkurrent i «Stordalens og Aakrefjordens Forbrugsforening», som sette opp den store trehøgda bygningen. Denne verksemda gjekk konkurs i 1902, men kom snart over på nye hender. Frå 1917 til 1955 var forretninga driven av Thoralf og deretter Kristine Enge. Dei hadde òg telefonstasjonen, som var opprette på Kyrping i 1911, og dreiv ei lita skøyte som gjekk i fraktfart til Haugesund og Stavanger. I heile denne tida var det to krambuer på Kyrping. I tillegg var her òg ein og annan handverkar, mellom annan ein urmakar som òg dreiv brislingfiske og noko handel, og ein smed som budde på Kyrping i nokre år.

Etter at den nye riksvegen kom, vart Kyrping liggjande i bakevja, og etter 130 år med handel var det slutt på Kyrping som handelsstad. Men miljøet på staden er velbevart. Fleire hus er sett i stand og har fått nytt innhald, medan andre er prega av begynnande forfall.

Handelsstaden omfattar dei fem vestlegaste bygningane som opphavelig var i bruk: Hovudbygning, sjøbu, sjøbu med butikk, bakeri og løe, og vidare omfattar det eit bustadhus med butikk. I tillegg utgjør eit bustadhus med fargeri og to strandsitjarstover ein viktig del av miljøet på sørsida av vågen.²⁵

Vernestatus: Handelsstaden med 9 bygningar er registrert i Askeladden, men har ingen formell vernestatus. Foreslått til omsynssone.



Kyrping t.v. Foto Espen Mills (2009). Markhushamn med kaien, og Hamnaholmen med notahus frå 1940-talet t.h.

Markhushamn

Markhus er namnet på både tettstaden nede ved sjøen og garden lenger oppe i lia. Tettstaden blir òg kalla Markhushamn etter den gode hamna som ligg skjerma bak ein liten holme. Alt på 1600-talet var det sag her, og det vart drive omfattande handel av tømmer med skottane. Aktivitet frå 1600-talet er dokumentert gjennom funn som er gjort i hamneområdet mellom kaien og Hamnaholmen.

Skulen vart bygd i 1889. Kring 1900 starta "Larsabrørne" butikk nede ved hamna, om lag samstundes med at det vart bygd dampskipskai, postkontor og telefonstasjon. I 1928 vart bygda råka av eit stort skred som tok med seg fleire bygningar og øydela mykje. I 1940 etablerte Kjetil Markhus pipefabrikk,

²⁵ Kjelder: Askeladden, KVE

med 8 - 10 mann i arbeid. I 1946-47 produserte dei 50 000 piper og måtte gå på skift fordi huset var for lite. "Pipehuset" er rive.

I dag går den nye E-134 utanom den gamle tettstaden, og handelen har flytta frå butikkane nede ved sjøen inn i Åkrafjordtunet på Teigland.²⁶ Mykje av miljøet er likevel framleis intakt.

Vernestatus: *Funnstaden i hamneområdet er automatisk freda. Markhus (Hamn) er regulert til spesialområde for bevaring i kommuneplan/reguleringsplan.*

Bjellandsnes

I 1920-åra fekk Bjelland dampskipsstopp, krambu, telefonstasjon og brevhus på Bjellandsnes. Dette vart den faste samlingsstaden for folket på Bjelland og grannegardane. Kulturmiljøet på staden med naustmiljø og krambu på kaien, gardstun og bedehus (1936) er bevart. Av skulen, som låg i utmarka mellom Bjelland og Eintveit, står berre murane att.

Vernestatus: *Ingen av bygningane er verna eller sefrak-registrert. Føreslått til omsynssone.*

2.4.2. Kulturminne i landbruket sitt kulturlandskap

Landskapet er ein heilskap av naturgjevne og menneskeskapte tilhøve, og samspelet mellom desse. Utviklinga i busetnad, arealbruk og ressursbruk frå dei eldste tider og fram til i dag har prega og endra landskapet. Kulturminne knytt til landbruk er den største kategorien kulturminne i Etne. For å forstå og forvalta dei kulturhistoriske verdiane i landskapet på best mogleg måte må me sjå natur og kultur i landskapet i samanheng.²⁷

Innmark og utmark

Kulturlandskapet er delt i innmark og utmark, oftast skilde av ein bøgard. Innmarka har vore eit intensivt drive kulturlandskap og er rikt på kulturminne: Steingardar, vegar, bakkemurar, rydningsrøyser og ei lang rekkje spesialbygningar for ulike føremål. Mange stader er landskapet intakt og framleis i drift. Andre stader har kulturminna måtta vika for moderne driftsformer, eller landskapet er i endring fordi det ikkje er i bruk. Utmarka kan ved første augekast sjå ut som urørt natur, men også her finn ein eit rikt tilfang av kulturminne som fortel om tidlegare tidars bruk av landskapet. Det kan vera steingardar, ferdslavegar, ruinar etter kverner og murar etter husmannsstover der naturen etter kvart har tatt jordbrukslandskapet tilbake. Dei fleste av desse kulturminna er ikkje registrerte.

Kulturlandskapet er avhengig av drift. Mindre intensiv bruk av landskapet fører til at krattskogen er i ferd med å ta over mange stader. Dette går òg ut over kulturminna, som blir «usynlege» og utilgjengelege i eit gjengrodd landskap. Røter frå tre øydelegg gamle murar. Kulturlandskapet er det beste dømet på at kulturminne må brukast for å kunna bevarast.

Bygningane i landbruket

Ein stor del av bygningane som er registrerte i Etne, er knytte til landbruket. I SEFRAK-registeret finn me 2131 registrerte bygningar og restar etter bygningar, og nesten 50 ulike nemningar på bygningar knytt til gardsbruk. Nokre av nemningane overlappar einannan, men talet fortel likevel om eit svært stort

²⁶ KVE

²⁷ Riksantikvaren.no

mangfold av bygningar på gardane i Etne. Av dei som framleis finst er våningshus, løer og uthus (som det òg blir nytta andre nemningar om) i stort fleirtal, medan det for fleire typar er berre ganske få eller ingen ståande bygningar att. På bruk som framleis er i drift er oftast miljøet rundt bygningane mykje endra, men nokre stader ligg dei framleis i sitt opphavlege miljø. Slike heilskaplege kulturmiljø har stor verdi som kjelder til kunnskap om byggeskikk og historie, og har høg prioritet i planen. I tillegg er det peika ut nokre einskildbygningar som representerer breidda av bygningstypar i landbruket, og som har verneverdi uavhengig av om dei framleis er del av eit miljø.

Gardstunet

Det typiske gardstunet bestod frå gammalt av stove og bu, skykkje, eldhus og løe, sengebu og stabbur.²⁸ Våningshus, løer og uthus har ofte fått vidare liv ved å bli moderniserte, og dette er nok den viktigaste årsaka til at me framleis har mange att av dei. Dei bygningstypane som har gått ut av bruk, er mindre endra. Mange er truga av forfall, men nokre typar bygningar, som eldhus og stølsbygningar, peikar seg ut med at dei har blitt bevarte trass i at den opphavlege bruksmåten for det meste har opphøyr.

Klyngetun

Etter gjentatte bruksdelingar utvikla klyngetunet seg til den vanlegaste tunforma på Vestlandet. Bygningane frå fleire bruk låg samla i ei klynge, med jorda spreidd i blanda teigar rundt. I samband med den store jordreforma i siste halvdel av 1800-talet vart desse tuna løyst opp og mange av bygningane flytta til nye tun. I den samanhengen vart dei ofte òg om- og påbygde, og såleis er det få hus som har stått uendra frå før denne tida. På Øvre Rafdal var det ei tid bygningar som høyrde til tre bruk i tunet. I dag har det framleis preg av klyngetun, men bygningane er berre delvis dei same, og høyrer til to bruk. Også bygningane på bnr. 1, og 3 Vatnedalen ligg samla i det gamle fellestunet, medan bnr. 3 og 4 flytta sine ut frå fellestunet i samband med utskifting i 1825/26.²⁹ Også gardstunet på Håland (53/1,2,13) har preg av å vera eit klyngetun.



Gardstunet på Håland har bygningar frå fleire bruk. To av våningshusa er lemstover med ein byggeskikk som er typisk for Sunnhordland. Foto: Liv-Kari Bødtker.

²⁸ Kjell Andresen: Byggeskikken i Etne. KVE

²⁹ Skåneviksoga b. III

Husmannsplass

Ein del gardsbruk var opphavleg husmannsplass. I Etne var husmannsvesenet særleg utbreidd, og midt på 1800-talet var det nesten like mange husmenn som gardbrukarar i prestegjeldet. Storgarden Norheim på nordsida av Stordalsvatnet hadde åtte husmenn, som dreiv små og skrinne jordlappar. Også i Skånevik var talet på husmenn høgt. Sævareid-garden hadde ikkje mindre enn atten husmenn på det meste.³⁰

Bygningane til husmennene var oftast enklare og mindre enn hos gardbrukarane. Mange stader var hus og løe samanbygd. Slike hus er bevart mellom anna på Auklandstræet i Litledalen og Melkevik i Tungesvik. Strandsitjarar, som er definert som "husmenn utan jord", var det færre av i Etne. To strandsitjarstover er bevart ved handelsstaden i Kyrping.

Mot slutten av 1800-talet døydde husmannsvesenet meir eller mindre ut. Husmannsplassane vart anten nedlagde eller fall tilbake til hovudbruket.³¹ Der husmannen ikkje kjøpte seg ut og vart sjølveigande, tok han gjerne huset med seg når han flytta. Difor står mange stader berre murane att. Mange husmenn utvandra òg til Amerika. Husmannsvesenet vart avvikla i første delen av 1900-talet.


På 1950-talet vart det planta skog i mange av områda der det tidlegare var husmannsplass. Ruinar etter bygningane finst framleis i skogen, men er sårbare for moderne skogsdrift med hogstmaskinar. Øygardslia og Austmannalia på sørsida av Stordalsvatnet er område der det har vore heile samfunn av husmenn.

På heile sørsida av Stordalsvatnet låg for hundre år sidan plassar tett i tett. Gardsbruka her på skuggesida var mindre enn på Nordheim, og bøndene hadde mindre arbeid å by husmennene sine. Plassa var derfor gjerne større, slik at husmennene kunne avla meir av det dei trong til levemåten, og så spedde dei på med attåtyrke, særleg innafor handverk og småhandel. Flyttar vi oss ned til sentrum i bygda, Etnesjøen, finn vi her den tettaste konsentrasjonen av husmenn på 1800-talet. Her var tilknyttinga deira til handverk, handel og transport mykje tydelegare enn i Stordalen. Går vi utanfor Etne, finn vi gjerne endå fleire typar inntektsgjevande verksemd, om enn i andre blandingsforhold. Eitt er såleis sikkert: Husmannsvesenet var ikkje berre eit fattigdomsmerke og ein stasjon på vegen til byen eller Amerika. Det kunne på same tid vera uttrykk for ei tiltakande arbeidsdeling i bondesamfunnet og vekst i næringane utanfor jordbruket. Slik sett varsla det faktisk ei ny tid!³²

³⁰ Skåneviksoga b. VI

³¹ Husmannsvesenet i Etne på 1800-talet. Lokal tilpasning og lokalt mangfold. Hovedoppgave UIO 1984 av Roald Dahl.

³² Nils Georg Brekke. Frå <https://www.grind.no/sunnhordland/etne/norheim>



På den tidlegare husmannsplassen Auklandstræet (t.v.) er våningshus og løe samanbygd. På Stødl under Frette (t.h.) budde den siste husmannen i Etne.

Våningshusa

I mellomalderen kunne bustadhusa ha svært enkel planløsning. Dei såkalla røykstovene bestod ofte av eitt rom med åre i midten eller røykomn i hjørna og ljore i taket. Fleire stader, til dømes på Hellaug og Volme, er det funne tufter etter langhus frå mellomalder, der bustaden var bygd saman med hus for ulike andre funksjonar. Restar av denne skikken finst det spor etter fram til nyare tid. På Tveito i Stordalen sto eit langhus med 7 rom fram til utskiftinga i 1875.³³ Framleis finst det fleire hus i Etne der løe/fjos og våningshus er bygde saman, til dømes Auklandstræet, Mjelkevik og i Vatndal. På 1800-talet var denne hustypen mest vanleg på husmannsplassa.

Røykstova var det eigentlege bustadhuset, medan bua eller loftet vart brukt til lagerplass i vinterhalvåret og soveplass for gjester om sommaren. Bua hadde oftast ikkje eldstad. Etter kvart vart det vanleg med sval og kove i tillegg til stova. På 1700-talet tok ein til å byggje saman desse bygningane, med ein gang imellom, og i samband med overgangen frå røykomn til pipe vart det mogleg å leggje lem over stovene.

Lemstovene vart vanlege rundt midten av 1800-talet. Den klassiske lemstova har to stover med gang imellom, ofte med kammers bak kvar av stovene. På mindre bruk kan dei kan òg ha berre ei stove, og gjerne skut i eine eller begge endane eller ei halvtekkja på baksida. I si eldste form hadde gjerne taket over røykstova og den nyare stova to høgder, men etter kvart fekk dei fleste eitt samanhengande tak over heile huset. Nokre stader, som i Sæbøtunet, på Rivåsen og på Ljusnes er det hus som har bevart dette særtrekket.

Det typiske sunnhordlandshuset er symmetrisk med dør midt på og gjerne eit opplett med flatt tak - pultark - over inngangen. Det finst framleis mange fine døme på slike hus i Etne, sjølv om ein del er ombygde. Våningshuset på Aukland i Litledalen er eit godt døme. Me finn òg slike hus mellom anna på Mosnes, Glåmo, Tungesvik, Engelsgjerd og Eljarvik. På Sævareid fekk nesten alle bruka slike hus rundt 1860-talet, og dei fleste av dei er framleis intakte.

På mange gardar vart lemstova erstatta av nye hustypar då fellestuna vart oppløyste. Mot slutten av 1800-talet vart det såkalla "midtpipehuset" med to stover utan midtgang og kjøken på baksida utbreidd. Sveitsarstilen vart særleg populær på Vestlandet på slutten av 1800 talet. Desse husa kunne ha høge, bratte saltak og spiss gavlark, ofte dekorerte vindskier og loddbord. Børretzenhuset i Etnesjøen og hovudhuset på Milja er fine representantar for denne stilen. Hus frå om lag same perioden kan òg ha trekk frå jugendstilen.


³³ Kjell Andresen: Byggeskikken i Etne, KVE s. 96-97

Driftsbygningar

Eldre løer, naust og andre uthus i tre er for det meste stavbygde eller grindbygde. Grindverksteknikken vart nytta heilt fram til første halvdel av 1900-talet. I enkelte løer på Vestlandet er det påvist grindverk frå mellomalderen. Elles var mange av dei mindre uthusa bygde i stein. Mange eldhus, fehus og smalahus er mura opp i tørrmur med stein frå staden. Naust kan vera bygde i grindverk, mur eller lafteverk, eller ein kombinasjon av desse.

Løene: Frå gammalt av har fjøs/lor og låve gjerne vore to separate bygningar. Men rundt midten av 1800-talet vart det vanleg å samla dyrerom, fôrlager og lager for reiskapar under eitt tak, i det som blir omtala som «enhetslåven».³⁴ Desse løene, som gjerne har vore raudmåla, har prega landskapet i over hundre år.

Den framsynte bonden Torbjørn Tolleivsson Øyno (1833 - 1915) skal ha bygd den første siloen i Hordaland på Øyno. Elles kom ikkje siloen for fullt før i mellomkrigstida. Det vart bygd frittstående tårnsilo på mange gardar, og dei nye løene hadde gjerne integrert silo. I dag er både løene og siloane på veg ut, og utviklinga går igjen mot eigne bygningar for dei ulike funksjonane. Eit stort tal løer har gått ut av bruk, og som følgje av det er det mange som forfell. Dersom denne delen av kulturarva skal sikrast for ettertida, er det behov for å sjå på nye måtar å nytta bygningane på.



Grindbygg. Ill. Nils Georg Brekke, Hordaland fylkeskommune.

³⁴ Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth: Norges Låver, 2014



Stabbur, Sæbøtunet

Eldhus og Stabbur: Opphavleg vart eldhusa brukte til ei rekkje ulike føremål – matlaging, baking, røyking, klesvask, ølbrygging, heimebrenning (fram til ca. 1850) og tørking av korn. Dei fleste har ei stor grue, og nokre har spesielle innretingar til annan bruk. På Austrheim står eit fint døme, bygd i stein. I SEFRAK er det registrert 63 eldhus, men nokre av desse er truleg borte i dag.

Stabbura i distriktet liknar andre små uthus på gardane, men kan lett kjennast att ved at dei står på «stabbar» i staden for ringmur som er vanleg for andre bygg. Ut frå SEFRAK-registeret skal det framleis stå att eit 20-tals stabbur på gardane i Etne. Det gamle stabburet på Milja frå 1700-talet og er det eldste huset på garden.

Den frittståande **jordkjellaren** er ein bygningstype som kom for fullt med poteta i siste del av 1700-talet. I ytre strøk av Sunnhordland finst det svært mange, men i Etne er det berre registrert nokre få. Truleg finst det fleire enn dei som er registrert.

Flor/uteflor, sommarfjos og uteløer: Fehus og sommarfjos/flor ligg utanfor eller i tilknytning til bøgarden, slik at ein slapp å føre dyra over innmarka når dei skulle mjølkast om sommaren. I uteløene lagra ein høyr frå teigar som låg langt frå tunet. Døme: Flor/fehus - Engelsgjerd. Fehus i bøgarden på Bjørk frå før 1674.

I første halvta av 1900-talet vart pelsdyroppdrett ei ny tilleggsnæring på mange gardar. Fleire stader, mellom anna i Vatndal, finst det **revegardar** frå 1930- og 40-talet.

Sæbøtunet

Sæbøtunet er det største autentiske museumstunet i Sunnhordland. Garden Sæbø hadde opphavleg berre eitt bruk, difor er ikkje dei mange bygningane restar etter eit klyngetun, men representerer det mangfaldet av bygningar det var vanleg å ha på ein litt over middels stor vestlandsgard.³⁵ Sunnhordland museum kjøpte gardstunet i 1938. I dag er det åtte bygningar frå 17- og 1800-talet her. Bygningane er innreidd med møblar, arbeidsreiskapar og tekstilar frå denne perioden. Eit dokument frå

³⁵ Byggje- og buskikk i Sunnhordland

skifte i 1799 viser at det då var dobbelt så mange bygningar i tunet. Her er det rekna opp to røykstover, bu, eldhus, stabbur, bakebu, fjøs, løe, smalahus, stall, møkaskut, vedskut, vedskykkje, kvern og smie.³⁶

Våningshuset er ei røykstove frå 1700-talet som er bygt saman med ei nyare bu/glasstove. Dette var opphavleg to separate bygningar. Det er òg ei lita lemstove frå 1905 i tunet. Stabbur og eldhus er òg bygningar som høyrde til hushaldet.

Tunet er delt i eit inntun og eit ut-tun. Løa i Sæbøtunet har rom til før, korn og tresking, og ein liten tømra stall i ein skut i eine brystet. Fjøset er ein eigen bygning som er knytt saman med ein møkaskut. Denne kunne brukast både som geitefjøs og stall.

I tillegg til bygningane, som har ein høg antikvarisk verdi, er det samla mykje gjenstandar frå bygda i tunet, mellom anna ei stor tekstilsamling. Museet er ope i sommarsesongen. Det blir òg brukt til ei rekkje lokale tilskipingar.



Dei åtte bygningane i Sæbøtunet gjev eit godt bilete av byggjeskikken i Etne på 17- og 1800-talet. Tidlegare var det fleire bygningar i tunet.

Vernestatus: Regulert til spesialområde for bevaring.

Det er få tun som kan samanliknast med Sæbøtunet når det gjeld talet på bevarte bygningar. Men tunet på Rullestad (102/3) er døme på eit gardstun i privat eige der dei fleste bygningstypene framleis finst. Her er det både våningshus (lemstove), løe, røykstove med eldhus, vilkårsstove, vilkårsløe, stabbur og smalahus. På dei fleste bruka er det våningshus, løe og eldhus som står att, medan dei andre bygningstypene er meir sjeldsynte.


³⁶ Askeladden

Milja gard

Milja var embetsgard for sorenskrivaren i Sunnhordland frå 1752 til 1813. I 1885 kjøpte Jakob Bull-Tornøe og kona Juley (Julie) Wuppermann garden. Sorenskrivaren sitt våningshus vart erstatta av det staselege sveitsarstilhuset som ligg på garden i dag i 1884, og i 1898 var den nye driftsbygningen klar. Den var 99 meter lang og ein av dei største på Vestlandet. Gartnarar frå utlandet opparbeidde ein stor prydhage på garden, og det vart satsa på fruktdyrking, gartneri, skogbruk og utnytting av vasskrafta i elva. Garden har vore sentral i det økonomiske, sosiale og kulturelle miljøet i bygda gjennom tidene. Drifta omfatta både eit stort tal husmenn og andre leigefolk.

Garden skil seg ut både i Etne og regionen elles med den særeigne og mangfaldige historia, og eit stort tal bevarte bygningar av ulike slag. Sjå òg omtale under 2.4.12.

Vernestatus: Milja gard er regulert til kulturmiljø i reguleringsplan/kommuneplan.



Hovudhuset på Milja gard er eit staseleg og godt bevart hus i sveitsarstil, med ein parkmessig hage. Foto: Espen Mills (2009)

Bureising: I mellomkrigstida vart det gitt støtte til bureising (å rydda nye gardar), mellom anna som eit mottiltak mot emigreringa til Amerika. Mange som hadde førsterett til å overta gardar vart i staden bureisarar på grunn av denne ordninga. Planane om bureising på Rusfeltet vart avbrotne i 1940 på grunn av krigen, og sidan har det ikkje vore bureising i Etne.

Andre kulturminne knytt til landbruk og kulturlandskap

Kulturlandskapet blir best tatt vare på gjennom dagleg bruk, vøling og skjøtsel. Samstundes kan område som er lite brukt i nyare tid ha kvalitetar som er vanskelege å ta vare på gjennom moderne bruk.

Steingardane pregar det gamle kulturlandskapet. Dei kan vera enkle (dvs. murt frå ei side), eller doble kistemurar som er slette på begge sider og med fyll i midten. Mange er bygde som grensegjerde etter utskiftinga i jordbruket i siste halvdel av 1800-talet, medan dei som skil innmark frå utmark kan vera eldre. Mange stader er det òg innmura dyrkingsteigar og utefjosar som er bygde saman med steingardane.

Geil: Ei geil er ein veg eller fegate med murar på begge sider, som førte frå tunet og ut til utmarka. Den vart brukt til å hindra dyra i å gå på innmarka når dei vart jaga til og frå beite. Døme: Rullestad mfl.

Bakkemurar: På brattlendte bruk vart gjerne jorda bygd opp i terrassar for å hindra jordsig. Døme: Tjelflåt

Hagemark er ein type beitemark med spreidde tre og buskar. Trea kan gjerne vera **styvingstre** der lauvet har vore hausta til fôr. Askelaug som vart plukka om hausten ei tid før lauvfallet kunne måla seg med godt hø. Tidlegare på året vart det samla laug og ris av osp, alm, eik, selje, hegg, lind, svartor og bjørk.³⁷ Kulturlandskapstypene som denne driftsforma skapte er på veg til å bli borte, men i Etne finst det fleire frodige lier med lauvtre som har blitt hausta. Slike lier finn ein både i Stordalen og i Litledalen.

Sævareidberget 3 kilometer nord for Kyrping er ei særmerkt li med lauvrike styvingstre, som vart verna som landskapsvernområde i 1970. Det er registrert kring 900 styvingstre i det 250 dekar store landskapsvernområdet. Mest ask, men òg mykje alm og lind, og nokre store eiker. Framleis er eigedomstilhøva slik her at grunneigarane eig ulike treslag inne på einannan sine teigar. Ein del tre vart stuva heilt fram til for rundt 50 år sidan, medan andre har stått urørte i snart hundre år. Som del av ein skjøtelsesplan for området er rundt 200 tre blitt stuva på ny dei siste åra.³⁸

Vernestatus for kulturminne knytt til landbruk: Eit utval av verdifulle gardstun, utmarksbygningar og kulturlandskapsområde har omsynssone. Sjå vedlegg for liste.

2.4.3. Kulturminne i fjellet

Gardane i Etne har hatt eit driftssystem med sterk vekt på husdyrhald, og med ei tidvis intensiv utnytting av ressursane i fjellet. Spora etter menneske sin bruk av fjellet strekkjer seg langt tilbake i tid. Det omfattar kulturminne knytt til jakt og fangst som bogastelle og hellerar, og ferdsleveggar over fjellet. Kulturlandskapet er prega av den omforminga utnyttinga av fjellområda førte med seg ved stølsdrift, beiting, slått og fôrsanking. Fehus, sauehus, utmarksløer, stakkplassar, utslått- og fjellslåttområde, stølar og beiteområde viser at ein måtte nytta alle dei ressursane ein kunne skaffa til veie. Etter Svartedauden i 1350 låg truleg dei fleste stølane ubrukte fram til folketalet tok seg opp att mot slutten av 1500-talet. Frå starten av 1700-talet og utover var bruken særleg intensiv. Det var òg gardsdrift i fjellet, som i Nore Bjørndalen 450 m.o.h. Her var det fastbuande fram til 1887.³⁹ I dag er Vetrhusstølen, som er stølen til Eikemo-gardane, den einaste staden med aktiv stølsdrift i Etne.

³⁷ Kulturlandskapsstudier i Etne. Hovedfagsoppgave av Bente Elin Svendsen, UIB 1985

³⁸ KVE


³⁹ Jul i Etne. Årsskrift utgjeve av Etne Mållag (1983)

Stølsbruket

Arkeologiske undersøkingar og studiar av vegetasjon tyder på at tradisjonen med stølsbruk har ei historie tilbake til bronsealderen. Ei rekkje arkeologiske undersøkingar i Etne stadfestar dette.

Bygningane på stølen består gjerne av eit sel (hus til å bu i) og ly for dyra i ei eller anna form. I si eldste form er selet gjerne eitt enkelt rom, men seinare vart det vanleg med til dømes eigne rom til mjølkelagring. Nokre stader har ein hatt eige hus til dyra, men ofte vart ein heller nytta som tak over hovudet. Mange stader er berre selet bevart, men på Bjørnastølen under Rullestad er det den tømra løa som er bevart. I fjellet er dei fleste bygningane mura i tørrmur, og har truleg hatt steinheller eller torv på taket. Tilgangen på råmateriale har avgrensa byggjemåten. Der det har vore lett å ta seg fram til stølen er det gjerne brukt tømmer i stølshusa. Mange stølshus er gravne inn i bakken i bakkant. Mange stader har òg enkle hellerar, kanskje med ein oppmura vegg, vore i bruk til både folk og fe. Det finst hundrevis av kulturminne knytt til stølar og stølsdrift i fjellområda i Etne. Langt frå alt er registrert og kartfesta. Reidar Berge si bok (2020) gjev ein grundig oversikt over stølsbruket i gamle Etne kommune.

Eikemostølen/Vettrhus: Vettrhus ligg i ein dal innanfor Eikemo-gardane, og har tilkomst med traktorveg. Her finn me eit autentisk og levande stølsmiljø med mange tradisjonelle stølsbygningar, både løer og sel. I tillegg er det rike spor etter utmarksdrift i fjellet med eit stort tal utløer og stakketufter. Til saman utgjer dette ein verdifull heilskap. Stølsbygningane er bygde i laft og grindverk. Nokre av dei har ein sjeldan byggjemåte med open gavlvegg over laftekassen. Me kjenner ikkje alderen på bygningane, men ut frå byggjemåte kan dei vera fleire hundre år gamle. Bygningane og miljøet er grundig dokumentert i fleire rapportar. Stølen har endra seg i takt med tida og bruken, og er i dag ein moderne støl med nytt geitefjøs i utkanten av stølsvollen, samstundes som det gamle miljøet er bevart.⁴⁰ Samanhengen mellom gardstunet og bruk av ressursar i inn- og utmark og sjø blir ofte broten i område med aktiv gardsdrift der nybygging, nydyrking, planering og utbygging av vegar har endra landskapet. På nordsida av Åkrafjorden er desse samanhengane særleg godt bevarte, sidan det er få nyare inngrep i dette området. Naust, ferdslveggar, gardstun, kulturlandskap og stølar er i stor grad bevart på ein slik måte at ein lett kan sjå samanhengen mellom dei.



Vettrhusstølen, Eikemo t.v. Foto: Espen Mills. T.h: Hellaug med sel og Hellaugsteinen, som det er knytt ei segn til. Foto: Liv-Kari Bødtker.

⁴⁰ Kulturmiljøregistrering utført av etnolog Lena Eikeland Kutschera (2001), Restaureringsrapport av Bjørn Arve Lunde (2008)

Døme på verdifulle stølar og stølsområde: Indre og Ytre Vieradn: Stølsområdet frå Øyno til Sandvatn har kulturminne med stort kunnskapspotensiale om busetnad og driftsformer langt tilbake i tid. Det er registrert 246 kulturminne frå nyare tid og 115 fornminne i området (inkl. område i Sauda kommune).⁴¹

Frettestølen: Område med spor av stølsbruk frå bronsealder til ca. 1900. Pollenanalysar syner at stølsvollen vart rydda for om lag 1000 år sidan, i vikingtida. Det er registrert åtte tufter og murar etter stølshus, der nokre kan gå attende til mellomalderen.⁴² Flåtestølen på andre sida av vatnet har truleg ei like lang historie.

Hellaug - Stølsområde og øydegard (sjå 2.3.1). Det vart stølt på Hellaug fram til 1954.

Hedlestøl ved Løkjelsvatnet. Stølshus frå 1910, bygd av ei stove frå Ve. Felleseige for gardane Ramsvik, Rame, Åsbø, Sande, Ekrheim og Norheim.

Helleren ved Kattastølen. Fjellvegen frå Rygg til Kattastølen er skilta og merka av Etne sogelag og Etne Turlag.

Miljaseter: Eit uvanleg stort stølsbruk med to bygningar som begge er over 20 meter lange. I eine enden av ei av løene var det innreidd bu for "sætersmannen" og familien. Driftsbygningen har 100 geitebåsar. I tillegg var det hus for "sjølvfolket" frå Milja-garden og andre som gjesta staden. Bygningane vart sette opp i 1894. Våningshuset brann ned i 1988.

Bjødnaastødl, Borddalen: Løe og flor på heimastølen under Rullestad, med nyare hytte/stølshus. Bygningen er tømra med kinnanov i rundtømmer og tekka med rasteheller. Bruken av bygget har truleg vore flor for kyr om natta og lager/løe for høyr på skukken. Det er få stølar med intakte løer att.

Grindheimstølen: Det ligg fleire sel og rester etter stølsbygningar i området rundt Grindheimsvatnet.

Jakt og fiske

Ressursane i fjellet har blitt brukt til matauk i uminnelege tider. Jakt og fangst var ein naturleg del av systemet for naturalhushaldet fram til 1800-talet. Jakt for sal har derimot ikkje vore utbreidd i denne perioden. Ein skaut mellom anna tiur, orrhøns og ender. Ryper og reinsdyr var det mindre av, men det vart felt mange rovdyr. Når det gjeld fiske har ein nytta seg av ressursane i Etneelva, Stordalsvarnet og dei fleste fjellvatna langt tilbake i tid.⁴³

Me kjenner ikkje til mange registrerte kulturminne som kan knytast til jakt og fiske i fjellet. Det er registrert to bogastelle (skytestillingar) ved Kvannaskår (Vinja), som er bygde av flate heller lagt opp på større steinar i fjellsida. På sidene er det murt opp med stein som støtte for hellene. Det er òg registrert ein mogleg skytestilling ved Heiaskard nær Eikemostølen. Truleg finst det eit stort tal uregistrerte kulturminne knytt til jakt i fjellet.

Vernestatus: Vetrhusstølen, Hellaug, Miljaseter, Bjødnaastølen og driftevegane Mosnes – Hjortedalen og Eljarvik - Langfosstølen er sikra med omsynssone.

⁴¹ Rapporten "Kulturminne i Etnefjella" frå 1985, utarbeidd i samband med konsekvensanalyse for kraftutbygging i Etnefjella, med samla katalog over alle registrerte kulturminne i det planlagde utbyggingsområdet.

⁴² Reidar Berge: Stølar og stølsdrift i gamle Etne kommune

⁴³ Som 42

2.4.4. Bruken av vassdraga

Vasskrafta har truleg vore nytta sidan 1200-talet i Norge. I starten var bruken først og fremst avgrensa til maling av korn i små bekkekverner, men seinare vart det òg bygt møller og sagbruk. Rundt 1750 var det rundt 30 000 bekkekverner i landet. Vasskrafta vart òg nytta til drift av stamper, der ein tova ullstoff til vadsmål. Frå 1500-talet, då oppgangssagene revolusjonerte trelasthandelen, vart bruken av vasskrafta utvida. På 1800-talet overtok vassdrivne sirkelsager. Seinare vart elektrisitetsproduksjon den viktigaste måten å utnytta vasskrafta på.

I Etne har ein hatt rikeleg tilgang til vasskraft som har blitt nytta i både større og mindre skala. Det finst ruinar etter kvernhus og sager mange stader, men det er få ståande bygningar som er bevarte. Større møller til leigemaling av korn finn me mellom anna ved Håfoss. Frå 1900-talet har vasskrafta først og fremst blitt nytta til produksjon av elektrisitet, og i dag forsyner Etne store deler av distriktet med straum.



Kverner og møller

I SEFRAK-registeret for Etne er det berre registrert tre ståande kvernhus, men rundt 40 ruinar og tufter etter bekkekverner. Eitt av dei bevarte kvernhusa står på Eintveit (90/2). Her var forfallett kome langt, men bygget er restaurert ved hjelp av tilskot frå Kulturminnefondet i 2019-21. I dag kan kverna brukast til å mala korn. Også på Mortvedt er kvernhuset restaurert.



Kvernhusbygningen på Eintveit vart merka og demontert i juni 2019. Etter demontering vart kvernhuset transportert med båt til Åkra der Trygve Øvstebø skulle utføre arbeidet med restaurering av den lafta bygningen. Våren 2021 vart bygningen demontert, pakka og klargjort for transport. Først med bil frå Åkra til Teigland, før vidare helikoptertransport over Åkrafjorden tilbake til «Tjødno» og «Kvednabekkjen» som det heiter der Kvernhuset er plassert. I desember 2021 var det opningsfest for det nyrestaurerte kvernhuset.

Foto: F.v. Harald Eintveit, Kristin Margrethe Eintveit og Einar Olav Eintveit.

Sager

I SEFRAK er det registrert tre ståande sager og fem ruinar. Dei er først og fremst lokaliserte i Åkrafjorden, og i Skånevik-området. I Hjelmervik vart det bygd både sirkelsag og oppgangssag i første kvartal av 1900-talet. Saga på Eikemo er frå 1800-talet. Det er òg tufter etter sager i Eljarvik, Tysse, Nervik/Nordbø og Glåmo.

Saga på Djuve frå siste del av 1800-talet er ei vassdriven sirkelsag med spesialbygd boremaskin for produksjon av vassrøyr i tre. Bygningen er sett opp med ein spesiell type stavkonstruksjon, og har høg verneverdi. Boremaskina er sett i stand, men bygningen er i begynnande forfall.

Eljarvik hadde både sag og kvern i Storfossen. Den første oppgangssaga vart bygd i 1760, og på 1800-talet vart han utvida med ei sirkelsag. I 1952 vart det reist ny sag på dei gamle murane, men denne vart fjerna i samband med vegutviding kring 1990.⁴⁴

Håfoss

Krafta frå Håfossen har vore nytta i fleire hundre år. Gardane Vad og Grindheim hadde kvernhus her, og det var vadmålsstampe på nordsida av elva. Rundt århundreskiftet vaks det fram ein liten industristad ved fossen, med verksemdar som utnytta krafta i større skala. Aktiviteten gav òg grunnlag for handel og annan verksemd. I den travlaste tida var Håfoss eit sentrum på line med Etnesjøen, med to butikkar i drift samstundes.

Det kom ny bru over elva i samband med utbygginga av vegen gjennom Stordalen (1889-93). Det finst framleis rester etter denne brua, men dagens bru er frå 1937. I 1893 kom meieriet, der eit vasshjul skaffa drivkraft og ein dampkjel gav damp og vatn til reinhald. I 1914 stod eit ysteri ferdig. Krafta i fossen vart òg nytta til drift av sagbruket til Ragnvald Kringlebotn, bygd i 1905, og Etne bygdemølle som etter lang tids planlegging sto ferdig i 1923. Mølla var driven med elektrisk kraft som fleire av verksemdene fekk nytte av.⁴⁵ Kraftverket var i drift til 1988.

I dag er ikkje krafta frå Håfoss lenger i bruk. Både meieribygget og møllebygningen står framleis ved fossen, men begge verksemdene er flytta til Etnesjøen. Meieriet flytta i 1958, og Etne bygdemølle flytta til et nytt anlegg på Tongane i 1994. Meieriet blir nytta til privat bustad. Mølla er òg i privat eige. Det er ikkje registrert restar etter kvernhus og stampe ved Håfoss, men stampe er flytta til Vad. Håfossen har eit fall på ca. 10 meter frå Stordalsvatnet, og ei laksetrapp vart bygd her i 1931. Fram til 1960-talet var Håfoss den viktigaste møtestaden i bygda.⁴⁶

Kraftutbygginga i Litledalen

I løpet av dei første tiåra av 1900-talet begynte Etne kommune å sjå på moglegheitene for å utnytta vasskraft til å skaffa bygda elektrisitet. På same tida vart fallrettane i Litledalen seld. Haugesunds Elektrisitetsverk, som var oppretta i 1909 for å skaffa kraft til byen fekk hand om dei i 1916, og utbygginga starta. Det vart kjøpt tomt for kraftstasjon med røyrgate og fordelingsbasseng, grunn til veg Litledalen/Hordland og steinbrot ved Hordlandsvatnet. Fram mot 1920 vart det bygd stasjonsbygning, brakker og bustadhus, lagerbygg med verkstad og smie, og eit sagbruk for tømmereskjering. I 1918 var nærare 400 personar i arbeid med anlegget.⁴⁷ I samband med utbygginga vart det bygd veg til Hordland

⁴⁴ KVE s. 241

⁴⁵ KVE og [GC5RPH7 Håfoss \(Traditional Cache\) in Vestland, Norway created by Ohm71 \(geocaching.com\)](https://www.geocaching.com/cache/details.do?gcid=GC5RPH7)

⁴⁶ Rapport - kulturminne. Bakka-Solheim (2015)

⁴⁷ ESÅ 2003

og damanlegg ved Hordlandsvatnet. Ei 440 meter lang røyrgate og 535 meter lang tunnel går mellom kraftstasjonen og dammen ved Hordlandsvatnet. Ved Løkjelsvatnet kom det dam, tappeluke, lukehus og brakke. Då brakkene skulle fjernast vart ei av dei ombygd til mekanisk verkstad, medan ei anna vart flytta til Rygg og innreia til bedehus. Haugesund turistforeining si hytte ved Løkjelsvatnet var opphavleg mannskapsbrakke for anleggsarbeidarane. Eit provisorisk kraftanlegg i elva nedanfor Kvio, som var i drift frå 1916 til anleggsarbeidet var ferdig, vart overtatt i 1922 av Etne Bygdemølle og montert i mølla ved Håfoss.

På garden Aukland inst i Litledalen vart det bygt ni funksjonærbustadar i perioden 1918 – 1922. Området blir kalla Litledalsgrenda, og er som ein industriby i miniatyr. Bustadane hadde høg standard etter den tids målestokk. Seinare vart det òg bygd bustadar på Hordland. Kraftutbygginga gav auka folketal og i 1918 kjøpte kommunen tomt på Gunnegjerd til eit fast skulebygg. Kraftstasjonen i Litledalen vart påbygd i 1956. Då vart arealet fordobla. Administrasjonsbygget (opphavleg anleggsbrakke, flytta og utvida fleire gonger) tilhøyrar framleis selskapet, medan funksjonærbustadane er seld til private. Skulen vart lagd ned i 1967 og seld til private. SKL overtok som eigar og driftar av kraftverka i Litledalen og Hordland i 2018.

I 1932 vart Etne Elektrisitetsverk etablert for å ta seg av utbygging av mellom anna leidningsnett. Det vart òg bygd høgspenlinje frå Silde til Milja i Skånevik. Den var i bruk fram til 1953 då Skånevik fekk kraft frå Matre.⁴⁸



T.v. Demning og lukehus, Hålandsvatnet. Bygd ca. 1920. Lukehusa til regulering av vasstand og flaumvatn er forseggjorte med valma skifertak og fint detaljerte dører. T.h Litledalsgrenda og kraftstasjonen. Foto: Espen Mills (2009)

Det har òg vore fleire mindre kraftverk i elvar og bekker. Til dømes bygde Lars Djuve kraftverk som sto ferdig i 1937 i elva på Djuve. Det forsynte garden med straum i om lag 20 år før resten av fjorden fekk straum frå Blåelva.

Bull-Tornøe sitt kraftverk i Skånevik

Jacob Bull-Tornøe reiste eit eige kraftverk til Milja-garden alt i 1898. Ti år seinare bygde han eit større kraftanlegg, som gav grunnlag for etablering av Bjellands hermetikkfabrikk og straum til mange hus i bygda.

⁴⁸ ESÅ 2019

Valdraelva

Valdraelva vart kanalisert og elvebreiddene forbygd etter at Skånevik vart råka av ein storflaum i 1944. Der elva renn gjennom bygda er det gjort fleire typar sikringstiltak. Det er bygd 22 tersklar på strekninga, og både botnen og sidene er plastra på ulike måtar. Forbygningane er reparert, utvida og forsterka fleire gonger seinare i samband med flaum. Den 850 meter lange strekninga er registrert som "statleg listeført" hos Riksantikvaren. Her blir det vist til at anlegget er interessant fordi det består av fleire typar forbygningar med ulikt materiale og form, der ein kan lesa utviklinga over tid ut frå konstruksjonane.⁴⁹



Omfattande flaumsikring i Valdraelva.

Aksdal trevarefabrikk (1912) produserte først skaft til hakker, slegger, økser o.l., seinare òg kosteskaft mm. . Maskinane vart drivne av ein turbin med turbinhjul og reimskiver. Det vart aldri installert generator for elektrisk kraftproduksjon. Fabrikkbygning frå 1912 og 1919, slipp, lagerhus mm. I drift til ca. 1965.

Vernestatus: Kvernhusa på Eintveit og Mortveit, sagene på Eikemo og Djuve, Litledalen kraftstasjon og damanlegg, kulturmiljøet ved Håfoss og forbygningane langs Valdraelva har omsynssone.

2.4.5. Industri, handverk og småindustri

Det har vore eit mangfald av små handverks- og industriverksemder i kommunen. Det som er omtala under er eit utval av verksemder som det finst fysiske spor etter. Ingen av desse er i drift i dag. Ei verksemd som derimot har overlevd er Hamre AS ljàfabrikk, som blei etablert i Hardanger i 1920, og seinare flytta til Etne. Verksemda er framleis i drift og har utvida frå å produsera ljàar, sigdar og knivar til

⁴⁹ Askeladden/Kulturminner i Vassdrag

rekkverk, trapper og utemiljø-utstyr. Fabrikken ligg på Gjerde (Orhaug), der han vart etablert då han vart flytta til Etne. Aksdal trevarefabrikk si verksemd, som er omtala over, fell inn under begge kapittel.

Hermetikkindustrien i Skånevik

Eit rikt brislingfiske, god hamn og tilbod om elektrisk straum gjorde at tilhøva låg godt til rette for hermetikkproduksjon i Skånevik. Skaanevik Preserving Compani vart etablert i 1891 i Kronstad-bygget. Fabrikken gjekk konkurs i 1905. Seinare har bygget vore brukt som mellom anna meieri, bakeri, slaktarbutikk, sparebank og bustad. I dag er huset innreidd som leilegheitshotell. I uthuset har det vore ostekjellar.

I 1908 kjøpte Christian Bjelland den gamle handels- og gjestgjevarstaden og gjekk i gong med å etablere ein sardinfabrikk på eigedomen. Fleire av husa som høyrde til gjestgjevarstaden, som sjøbua og krambua, vart rivne for å gje plass til den nye fabrikkbygningen. Dette har vore den største arbeidsplassen i bygda heilt fram til våre dagar. I 1997 kjøpte Rieber & Søn As anlegget og dreiv fabrikk fram til han vart lagt ned i 2001.⁵⁰



Hermetikkfabrikken i Skånevik er godt bevart og eit sentralt kulturminne i bygda.

Bøkkarverksemd Det har vore tønneproduksjon mellom anna i den store sjøbua i Skjervik på Nordstranda, og i nausta på Tøssestranda.

Toflefabrikken i Skånevik var i drift frå 1898 - 1942 under namnet *B. Jørgensen Garveri, Træbundsko og Skosmørelse*. Fabrikkbygningen er seinare gjort om til bustad og galleri.

Treverkstad, Fjøsna: Torleif Mæhle dreiv møbelverkstad ved sjøen til slutten av 1940-talet. Bygningen som står der i dag er frå 1940. Hundre år før etablerte Reinert Hetlesæter (1832 - 1919) ein av landets første fyrstikkfabrikkar på staden. Denne bygningen er riven. Han flytta seinare verksemda til Ilsvåg.⁵¹

⁵⁰ KVE s. 216-217. Les meir: *Hans Olav Tungesvik: Skånevik - 100 år med hermetikk* i ESÅ 2014

⁵¹ ESÅ 1994, s. 64

Mursteinsfabrikken på Børkjenes var i drift frå 1913. Staden hadde tilgang til sand og god tilkomst til sjø, og rikeleg med vatn til fabrikkdrifta. Mursteinen vart trilla med vogner som gjekk på skinner ned til kaien. Det viste seg at steinen tolte frost dårleg, og etterspurnaden sank. Fabrikken vart nedlagt i 1949. I dag står ruinane att. Det har òg vore to butikkar, bøkkarverkstad, landhandel, bakeri, post og telefon, dampskipsekspedisjon på Børkjenes.⁵²

Meieri

Skåneviksmeieriet opna 1887 i eit lite nybygg på Milja, med eige ishus. Isen vart henta frå Mortveitvatnet. Osten vart seld til Bergen og dei større byane, medan smøret vart eksportert til England. I 1898 flytta meieriet inn i den nedlagde hermetikkfabrikken på Kronstad. Det vart nedlagt i 1908. Etne meieri er omtala i kapittelet om bruk av vasskrafta.

Sunnhordland mekaniske verkstad vart etablert i Skånevik i 1968. I 1986 overtok Norsk motormuseum bygningen.

Vernestatus: Hermetikkfabrikken i Skånevik er under vurdering som regionalt verneverdig kulturminne og er regulert til vern i kommuneplanen saman med bygningen til Norsk motormuseum.

Meieribygningen i Etne er del av omsynssone i Etne sentrum. Treverkstaden på Fjøsna og Toflefabrikken i Skånevik er listeført (klasse B)

2.4.6. Sjøbruk

Fiske og handel har historisk sett vore sentrale næringsvegar i Sunnhordland. Dette har sett sine tydelege spor i landskapet, i form av til dømes handels- og gjestgjevarstader, naust, sjøbuer, notahus, båtverkstader, båtbyggeri, smier, butikkar, kaiar og sagbruk. Alle desse kulturminna har sin naturlege plass ved fjorden, som var nærings- og samferdsleveg fram til vegtransporten tok over rundt 1960. Nausta var gjerne bygde for robåtar som kunne dragast på land. Frå slutten av 1800- talet og byrjinga av 1900-talet vart sjøbruka større. Ein trong kaiar med større djupne, og ein bygde seg gjerne sjøbu eller naust på same staden.⁵³

Åkrafjorden var ein viktig fiskefjord der det mellom anna har vore eit omfattande brislingfiske, men òg notbrukslaksefiske, rekefiske og fiske etter ei rekkje andre artar. I dei seinare åra har det blitt etablert oppdrettsnæring i fjorden, med oppdrett av både laks og skjell.

Etne har få større sjøbruksmiljø att. Både i Skånevik og Etne er miljøet langs sjøen mykje endra i dei sentrale delane av bygda. Dei fleste synlege spora etter skipsvervane i Skånevik er borte. Men andre stader finst det mindre sjøbruksmiljø som er bevart. Døme er Fjæra, Osvåg, Indre Tungesvik og Flåtehamn/Grundevedl i Skånevik. Kyrping og Markhus har òg verdifulle sjøbruksmiljø som er omtala under 2.4.1 Handelsstader. På Tøssestranda ved Eikemo-kaien er miljøet ein del endra, men sjøhus og naust bygd opp att for ny bruk. Fleire stader finst det godt bevarte einskildnaust knytt til gardsbruk. Dei fortel om driftsformer der jordbruket og bruken av sjøen var tett knytte saman. Eit døme på det er kombinasjonen av høyløe og naust, som det er registrert fleire døme på i Tungesvik-området.

⁵² Endre Heggen: Mursteinsfabrikken på Børkjenes. ESÅ 1997.

⁵³ Strandsoneplan Sunnhordland. Delrapport kulturminne (2015)



T. v. Steinnaust, Indre Tungesvik. T.h. sjøbruksmiljø med eldre og nyare bygningar i Fjæra.

Båtbygging

På 1800-talet var Skånevik det fremste heradet innan skipsbygging i Hordaland. I åra mellom 1850 og 1875 vart det bygd tre hundre seglskuter her. Mange av dei vart bygt på Miljaverven, som låg der den noverande ferjekaien ligg. I dag er det lite spor etter dei mange skipsvervane.⁵⁴

I første halvdel av 1900-talet vart det drive med båtbygging på Djuve og Tøsseteigen på nordsida av Åkrafjorden. Lars T. Djuve (1871-1957) skal ha bygd over 80 båtar i verkstaden sin på Djuve. Materiala fann han heime i skogen på Djuve eller andre stader i nærleiken, og han skar dei til på eiga sag. Også bror hans, Ola (1882-1965) og sønene hans lærte seg handverket, og dreiv med skipsbygging på Tøsseteigen nær Djuve.⁵⁵

Vernestatus: Sjøbruksmiljø i Osvåg, Fjæra, Indre Tungesvik, Flåtehamn og Grundevedel er sikra med omsynssone.

2.4.7. Kommunikasjon og samferdsle

Ferdsle til sjøs

Dei eldste ferdslrutene har vore brukt i uminnelege tider. Sjøvegen har vore viktig så lenge menneska har hatt farkostar å ta seg fram med. Gamle grenser mellom bygder og grender syner at det var fjorden som knytte dei saman. Den gamle inndelinga i skipreider var knytt til samferdsle: Eit skipreide skulle vera stort nok til å utstyra eit langskip med mat og mannskap for skipsferd.⁵⁶ Bruken av sjøen som ferdsleveg finn me spor etter i dag i form av til dømes kaiar og naust.

Etter kvart kom det faste båttruter og offentlege kaiar der ein handterte denne trafikken. Sunnhordland fekk den første dampskipsruta i 1865. Ho hadde anløp i Etne og Skånevik. Seinare vart ruta forlenga til Kyrping, og så heilt inn til Fjæra. Det er bevart dampskipskaiar mellom anna i Årvika på Ebna, Osvågen

⁵⁴ KVE s. 214

⁵⁵ KVE s. 246

⁵⁶ KVE s. 8

og i Skjersvik på Byrkjenes. Fram til Åkrafjordvegen sto ferdig var det ferjesamband mellom Kyrping og Fjæra. I dag er ferja over Skåneviksfjorden det viktigaste båtsambandet i kommunen.

I 1908 forliste HSD-båten D/S Folgefonden ved Skånevik, og 26 personar omkom. Eit minnesmerke på kaien vart avduka i 1993. Bilferja MF «Skånevik» frå 1967 er freda av Riksantikvaren. Frå byggjeåret og fram til 2001 gjekk ferja i rutefart for HSD i Hardanger og Sunnhordland. Ferjelaget Skånevik overtok ferja i 2005, og ho vart freda i 2006.

Ferdsle til lands

Til lands finn me gamle ferdsleårer på kryss og tvers i landskapet. Vegfar og varderekkjer fører over fjellet til dei områda som ikkje var lett tilgjengelege med båt. Den mest brukte vegen til Røldal gjekk via Frette og Øyno over Blomstølen, Saltdalen og Seljestad. Det går òg gamle ferdsleveggar over fjellet til Sauda og Vikedal. Frå gardane går det gamle drifteveggar opp mot stølane i fjellet. Eit døme på det er stien opp langs Langfoss. I dag er dette ein populær tursti, men han er òg framleis i bruk som drifteveg frå Eljarvik til Langfosstølen. Også på motsett side av fjorden finst det ein forseggjort drifteveg mellom Mosnes og Hjortedalen, som framleis blir brukt til å driva sau til beite i fjellet. Dalføret er del av Folgefonna nasjonalpark.



Frå driftevegen mellom Mosnes og Hjortedalen. Foto: Liv-Kari Bødtker

Postvegane

På midten av 1600-talet vart det oppretta postruter mellom dei største byane. Det første hundreåret vart posten langs vestlandskysten for det meste send med båt. Det var gamle jekter som var avhengige av ver og vind, og postgangen kunne derfor bli svært ujamn. Etter kvart vart det eit folkekrav å få meir faste, regelmessige postruter. Skulle ein oppnå det, måtte mesteparten av postføringa leggjast på land. Difor tok ein til å byggja dei første postvegane. Dette vegarbeidet var plikt-arbeid. Ein av desse vegane, "Den Stavangerske Hovedvei" frå Bergen til Stavanger, vart opna i 1785. Dette var det første offentlege vegprosjektet på Vestlandet.

Postvegen mellom Etne og Skånevik var ein del av denne ruta. Poststasjonane låg på Flåto i Etne og på Leknes i Skånevik. Bønder var utskrivne til skyssteneste (postbønder). I Skånevik kan det ha vore

postopneri heilt sidan 1808.⁵⁷ Bård Larsson Flåto (1812 - 1902) var den siste postbonden i Etne, og den første postopnaren då postopneriet vart flytta frå Skånevik til Etne i 1845. Det har òg vore ei rekkje andre postopneri og brevhus fram til siste halvdel av 1900-talet. Postruta over fjellet vart nedlagt då det kom faste dampbåtruter i 1866. I 1877 vart det bygd telefonlinje langs postvegen. I 1932 kom dei første postførande bilrutene mellom Etne og Haugesund.⁵⁸

Postvegen frå Etne til toppen av fjellet er bevart utan større nyare inngrep. På Silda går vegen over fleire små bruer. Frå toppen og ned til Leknes/Skånevik er vegen utbetra og lite er bevart av den opphavlege vegen. Men den vakre steinkvelvingsbrua mellom Milja og Tjedla frå er bevart. Både vegtraseen og brua er verna. I dag blir postvegen nytta som tursti.



Postvegen mellom Skånevik og Etne er tilrettelagt som tursti. Biletet viser gapahuken på Varleite, det høgaste punktet på turen. Foto: Erik Kvalheim

Postvegen mellom Skromme og Rullestad i Åkrafjorden er frå rundt 1870. Frå før av fanst det ein endå eldre kløvvveg gjennom juvet, men den var både farleg og i dårleg stand, og frakt av større last var ikkje mogeleg.

Då køyrevegen mellom Aust- og Vestlandet over Haukeli og Røldal var under planlegging på midten av 1800-talet, var det meininga å leggje den ned i Rullestadjuvet og ut til Fjøre ved Åkrafjorden. Men mellom anna fordi Skånevik heradstyre ikkje ville ha vegen – den kom berre til å trekke med seg all mogeleg rekande fant – vart den i staden lagt ned til Odda. Men etterkvart auka trafikken langs vegane våre. Samstundes var det fleire og fleire som søkte til vårsildefisket og sommarfisket etter både makrell og sild i Åkrafjorden. Mange kom over fjella frå Hardanger på jakt etter hyre i båtane som låg på fjorden, og dei var med på å endre behovet for veg

⁵⁷ ESÅ 1997. Endre Hegggen: Oppbygginga av posttenesta i Skånevik og Etne

⁵⁸ Frå Etne kommune sin nettstad.

gjennom Rullestadjuvet. Den om lag 2 kilometer lange kløvvegen ned Rullestadjuvet stod ferdig i 1870 – årstalet er innrissa i fjellet to stader og det vart den siste ridevegen bygd for offentlege midlar i amtet.

Det synt seg ganske snart at vegen var livsfarleg å ferdast, og i 1877 vart den utbetra til kjerreveg. Standarden var nok likevel ikkje mykje å skryte av, for det offentlege sette opp skilt som fortalde at vegen var farleg å nytte med køyrereiskap. Nokon stader er vegen meir som ein brei stig enn ein køyreveg. Til trass for dette vart den nytta heilt fram til den nye køyrevegen vart bygd i perioden 1912-1928.

I løpet av åra har flaum og ras øydelagt enkelte vegparti. Som til dømes under den svært nedbørsrike vinteren 1927-28. Ned langs Rullestadelva i Rullestadjuvet vart så å seie alle bruene rivne vekk. Sidan den nye køyrevegen var ferdig dette året vart ikkje dei gamle bruene sette opp igjen, slik at kjerrevegen ned juvet ikkje lenger var farbar. Enno verre vart det under andre verdskrig då tyskarane, anten for å teste ut verknaden av ulike dynamittsalvar, eller for å hindre «fienden» (engelskmennene) i å kome gjennom dalen, sprengde bort delar av vegen. Vegen vart restaurert i 2009 og blir i dag nytta som tursti.⁵⁹

Vegen mellom Ølen og Etne over Fiksefjell vart teken opp som del av Den Stavangerske Postveg i 1786, men er langt eldre enn denne. Gamlevegen er framleis delvis nytta som køyreveg og skogsveg, og er skilta som tursti.

Heile “Den stavangerske postvei” (òg omtala som “Den Stavangerske hovedvei”) er nå kartfesta i Askeladden. Vegen er blir rekna som offentlig grunn og til allmenn bruk, men blir forvalta av Statens vegvesen som del av sektoransvaret for historiske vegar. Der vegen ikkje er nedbygd eller asfaltert har han stor kulturhistorisk verdi og bør sikrast med omsynssone i kommuneplanar og reguleringsplanar, skriv Statens vegvesen.⁶⁰

Bordvegen mellom Etne og Vikedal: Vegen frå Hundseid i Vikedal, over Kattastølen til Sørbygda i Etne har fått namnet etter alle borda som vart frakta frå det skogrike området over fjellet til det meir skogfattige Etne. Vegen var òg nytta av fjellfolket til å komma seg til kyrkje.

Køyrevegar

Køyrevegen til Øyno kom i 1877, og til Kyrping i 1893. Vegen langs Skånevikstranda mellom Skånevik og Etne vart bygd mellom 1896 og 1901. Gamlevegen mellom Skånevik og Tungesvik, bygd mellom 1904 og 1910 er ein klassisk, smal og svingete vestlandsveg. Vegen er framleis gruslagd og kanta med stabbesteinar, slik han var då han var ny. I 1950-åra vart vegen utbetra og lagt i ein ny og rettare trasé lenger oppe i dalsida, medan gamlevegen er uendra. Deler av vegen er i privat eige.

⁵⁹ [Rullestadjuvet - DigitaltMuseum](#)

⁶⁰ <https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=https://data.kulturminne.no/askeladden/lokalitet/272311>



Frå Tungesvikvegen.

Køyrevegen over Fikse opna i 1937, som del av “Den nordre stamlinje” frå Haugesund til Haugastøl.⁶¹ Dei fleste gardane og grendene fekk i løpet av 1950-talet; Bjørgjo i 1954, Berge i 1956. Sist ute var Osnes, som fekk veg i 1972.

Gamle Åkrafjordvegen

Åkrafjordvegen vart bygd som kompensasjonsveg for jernbanen mellom Haugesund, Odda og Kinsarvik, som aldri vart bygd. Vegarbeidet vart påbegynt i 1937 og var tenkt avslutta kring 1950. Men vegen langs Åkrafjorden fekk stor betydning under andre verdenskrig, og dette førte til fortgang i byggearbeidet. Tyskarane ville ha vegen ferdig snarast råd, helst før sommaren 1941. Ein arbeidsstyrke på rundt 1000 mann vart sett inn for å utføre jobben, og i løpet av den intense byggeperioden måtte fleire bøte med livet. Veanlegget sto ferdig i 1941, men brua over Storajuvet (Trolljuv) vart først opna for ferdsle i 1942.⁶² Anlegget blir omtala som eit meisterstykke i handverk og ingeniørkunst, og var det største prosjektet i Vegvesenet si historie så langt. Det omfattar mellom anna 40 meter høge vegskjeringar, 30 meter høge vegmurar, 13 tunnelar og 40 bruer.⁶³

Trolljuv bru er ei 66 meter lang hengebru i stål og betong. På kvar side av brua går vegen rett i tunnel. Brua er forankra i den eine tunnelen, og bru og tunnel er deler av same konstruksjonen. Brudekket er i betong med stålrekkverk. Dei to betongtårna er ca. 10 meter høge med totalt fire stålkablar. Brua er en representant for de såkalla mjuke hengebruene som etter kvart vart ein norsk spesialitet. Den korte oppføringstid fortel om kva militærstrategisk tyding denne vegen hadde under andre verdskrigen. Opphavleg var namnet på brua Storajuv bru, men Skånevik heradsstyre døypte henne om til Trolljuv bru i 1942.

Vernestatus: Trolljuv bru er forskriftsfreda gjennom Statens vegvesen sin landsverneplan. I eit høyringsforslag frå Riksantikvaren er det òg føreslått å freda dei to tunnelane på kvar side av brua.

⁶¹ ESÅ1987. Ingolv Vevatne: Utbygginga av vegsambandet

⁶² Statens vegvesens landsverneplan

⁶³ KVE, Askeladden og Statens vegvesens landsverneplan

Andre bruer

Ebna bru og Tendal bru er begge steinkvelvingsbruer bygde i 1897, på vegen langs Skånevikstranda. Dei er del av vegen som framleis er i bruk. Tendal bru var rekna for å vera eit meisterverk med eit spenn på 24 meter. Opphavleg breidd var 3 meter, men ho vart utvida med 3,5 meter i breidda i 1947 med kvelving i same stil som den gamle. **Lurasundbrua** på austsida av Lurasundholmen i Stordalsvatnet er ei steinbru med brukar i tørrmur, med fire løp. **Skålnes bru** like ovanom Markhus vart bygd i 1941-42 som del av Åkrafjordvegen. Brua er mura for hand med granittstein frå Bjørkestrond og er den siste kvelvingsbrua som vart bygd i Hordaland.⁶⁴




Skålnes bru ved Markhus.

Bilbrua over Eintveitelva

På 1950-talet var det planar om å byggja veg mellom Kalvik og Eikemo på nordsida av Åkrafjorden. I 1958 løyvde heradet pengar til bygging av bru over Eintveitelva. Men då brua, ei to-felts bilbru, stod ferdig i 1962 var det ikkje meir pengar att.⁶⁵ Dermed vart brua ståande utan vegsamband med resten av verda.

⁶⁴ KVE s. 239

⁶⁵ KVE s. 244



Brua over Eintveitlva er bygd for bilar, men manglar vogsamband. Foto: Liv-Kari Bødtker.

Telefon og telegraf

Telefonlinja mellom Etne og Skånevik vart bygd langs den gamle postvegen i 1877. Fundamenta etter telegrafstolpane er framleis synlege langs vegen.

Telegrafbygningen i Skånevik frå 1882 brann ned i 2014.

Etne telefonsentral: Etne telefonsentral, Håfoss, (ligg på Kaldestadbakken) er verna i Telenor sin eigen verneplan. Dette er ein bygning på 7 m2 oppført i eternit med papp på det typiske "paddetaket". Den opphavlege sentralen er ikkje intakt, men ein tilsvarande sentral er tilbakeført. Håfoss sentral er eitt av fleire døme på at ny og gamal sentral ligg side om side. Den nye sentralen, Håfoss Automatsentral, er truleg frå 1980-talet.⁶⁶



Etne telefonsentral t.v. Åkrafjordvegen med Trolljuv bru, som opna i 1942, t.h. Foto: Espen Mills.

⁶⁶ [Telefonsentral, automatisk - Telenor Kulturarv / DigitaltMuseum](#)

Vernestatus for kulturminne knytt til samferdsle: Postvegane, driftevegane til Langfosstølen og Hjortedalen, gamle Åkrafjordvegen, Etne telefonsentral og bruene som er omtala er sikra med omsynssone. Etne telefonsentral og deler av gamle Åkrafjordvegen er òg forskriftsfreda gjennom statlege verneplanar.

2.4.8. Tru og kyrkje

I Etne ligg spora etter før-kristen religion og kristendom side om side. Gravrøyser, helleristningar og andre kulturminne frå tida før kristendommen fekk fotfeste, er omtala tidlegare. Den nye religionen kom til uttrykk med nye monument som kyrkjer og steinkrossar.

Ut frå arkeologiske funn reknar ein med at kristendommen har vore kjend på Sør-Vestlandet sidan 600-talet, men kristninga skaut fart først på 900-talet. Me veit ikkje heilt sikkert når den nye trua på Kvite-Krist gjorde sitt inntog i Etne, men mykje tyder på at det skjedde før år 1000. Det innhogne ornamentet og krossen på kross-bautasteinen ved Gjerde kyrkje er truleg det eldste teiknet på at den nye trua fekk innpass. Det kan ha vore far til Erlend frå Gjerde (Erlend fall i slaget ved Stiklestad i 1030) og hans hus som let laga dette minnesmerket som teikn på overgangen til kristendommen før år 1000.⁶⁷ På den tida styrka kongane makta si ved å gå inn i ein allianse med kyrkja. Då den fem år gamle Magnus Erlingsson vart tatt til konge i 1161 skjedde dette truleg med støtte frå dei geistlege leiarane. Dei skrive- og lesekyrkjane var òg ein viktig administrativ ressurs for kongemakta.⁶⁸

2.4.8.1. Kyrkjene i Etne

Mellom 1050 og 1350 vart det bygt kyrkjer både på Stødle, Gjerde og Grindheim. Alle dei tre gardane var mellom dei største i bygda i mellomalderen, og kyrkjene er truleg bygde av mektige einskildpersonar. Kyrkja som står på Stødle i dag er den opphavlege, medan dei andre er erstatta av nyare kyrkjer.⁶⁹ Såleis høyrer denne eigentleg inn i kapittelet om før-reformatoriske kulturminne, men er omtala her for å kunna omtala alle kyrkjene samla.

I dag har prestegjeldet fem kyrkjer og to kapell: Stødle, Gjerde, Grindheim, Etne og Skånevik kyrkjer, og Fjæra og Frette kapell.

Stødle kyrkje

Stødle kyrkje er ei langkyrkje i stein og tre som ligg ute på kanten av Stødle-terrassen med utsyn over Etnesjøen. Det finst ikkje sikre opplysningar om byggeåret, men ein har rekna med at kyrkja kan vera oppført kring 1160 av Erling Skakke som huskapell for Støle-ætta. I følge nyare undersøkingar kan ho vera oppført tidlegare, mellom 1120 og 1150.⁷⁰ Seinare kom kyrkja til å fungera som soknekyrkje.

Kyrkja var i utgangspunktet ei einskipa steinkyrkje med eit lågare og smalare kor. På 1600-talet vart ho utvida mot vest med nytt skip i tømmer. Kyrkja hadde ulike private eigarar fram til ho i 1860 vart kjøpt av Etne kommune. Ho fungerte som soknekyrkje fram til ho vart erstatta av Etne kyrkje i 2013.

Den austre delen av stein er eldst. Denne delen er bygd på 1100-talet, og var opphavleg skipet og koret i kyrkja. Det opphavlege skipet fungerer no som kor, og alteret er plassert framom den smale korbogen

⁶⁷ Frå brosjyra "Kyrkjer og kapell i Etne", utgjeven av kyrkja i Etne

⁶⁸ KVE: Kyrkje og kongemakt av Ole Steinar Tøtlandsmo

⁶⁹ KVE: Storgard og mellomalderkyrkje av Lilli M. Ingvaldsen

⁷⁰ ESÅ 2018: Trond Norén Isaksen: Stødle kyrkje Trolig eldre enn antatt

inn mot det opphavlege koret. På 1600-talet vart kyrkja utvida mot vest med nytt skip i tømmer. Klokketårnet framom inngangen i vest er frå 1879, og i 1960 fekk tårnfoten to sidebygg der det er sakristi og inngang.

Tømmerveggene i kyrkjerommet har måla dekor frå 1700-talet: Draperi, figurframstillingar og rankemotiv. Dekoren vart restaurert av Ola Seter på 1950-talet. Også det opphavlege koret har måla veggdekor, delvis frå tida før kyrkja vart utvida. Glasmåleriet i austmuren i det opphavlege koret er laga av Bernhard Greve i 1958.⁷¹



Stødle kyrkje. Den austre delen av kyrkja, som er bygd i stein, er eldst. Kyrkjeskip i tømmer, og tårn, kom til på 1600-talet.

Vernestatus: Med byggjeår før reformasjonen, og som ståande bygning frå før 1650, er Stødle kyrkje automatisk freda. Ho ligg i eit større område på Stødleterrassen som er mellombels freda av Riksantikvaren. Dette er igjen del av eit område definert som «Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse».

Gjerde kyrkje

Gjerde kyrkje vart oppført i Etne i 1676, til erstatning for ei stavkyrkje som bles ned i 1673. Nøyaktig kor denne sto veit me ikkje sikkert. Den nye kyrkja var flytta frå Sandviken i Bergen og er truleg opphavleg ein bygning frå 1500-talet. Ho er oppført som ei einskipa tømmerkyrkje med smalare kor og med høgt tømra våpenhus der klokkene hang. Tårnet kom ikkje til før i 1930. Rundt 1900 vart ho kvitmåla, og pannetaket utskift med heller. I 1956 vart kyrkja restaurert innvendig.⁷² Kyrkja ligg sentralt i Etne sentrum og miljøet rundt består av ein samansett bygningsmasse med bygg frå etter 1850 som òg har ein viktig verdi som ein del av det samla kulturmiljøet.

Kyrkjegarden er datert til høgmedlalderen, men har vore utvida fleire gonger sidan. Sjøraust for kyrkja står ein bautastein, over fem meter høg, med ein innhogd kross øvst. Denne skal vera hogd inn i tidlegkristen tid. Om alderen på sjølve steinen veit me ikkje meir enn at han er frå før reformasjonen.

⁷¹ Askeladden, *Kyrkja i Etne og Norges kirker*

⁷² Kjelder: Etne-soga b. 2 og 3 (Dyrvik 1972:161ff, NK 96ff).

Det har òg stått to runesteiner på kyrkjegarden, i tillegg til ei rad på 25 bautasteinar. Dei to runesteinane er i dag på Bergen museum. Runesteinane har desse innskriftene: "Erlend ristet disse runer etter Olve, (sin) far", og "Ketil satte denne sten etter Finn, sin måg" (NK 106). Den førstnemnde steinen er truleg reist av lendmannen Erlend fra Gjerde før 1030/1050.⁷³

Vernestatus: *Gjerde kyrkje er listeført av Riksantikvaren. Kyrkjestaden og bautasteinen er automatisk freda.*

Grindheim kyrkje

Den kyrkja som står på Grindheim i dag erstatta ei eldre kyrkje – truleg ei stavkyrkje som sto på same tufta – i 1723/24. Grindheim kyrkje er ei einskipa tømmerkyrkje med smalare kor i aust og eit etter måten høgt våpenhus i bindingsverk i vest, alt under tre saltak. I 1854 vart kyrkja forlenga mot vest. Nord for koret er eit nyare tilbygg i bindingsverk, som ligg på tvers av lengderetninga. Det finst deler frå den gamle kyrkjebygningen i den nye. Kyrkja vart restaurert i 1954-55.

Kyrkjegarden rundt er rekna å vera frå høg mellomalderen. Steinkrossen og bautasteinen som står ved kyrkja er omtala i kapitelet om kulturminne frå før reformasjonen.

Vernestatus: *Kyrkjegarden er automatisk freda etter kulturminnelova, medan sjølve kyrkja er listeført hos Riksantikvaren. Steinkrossen og bautasteinen er ikkje registrert som enkeltminne i Askeladden, men omtala i tekst om kyrkjestaden.*



Grindheim kyrkje med steinkrossen t.v., Gjerde kyrkje med bautastein t.h.

⁷³ Askeladden

Skånevik kyrkje

Også i Skånevik reknar ein med at det har vore kyrkje fleire hundreår før reformasjonen, truleg frå første halvdel av 1300-talet. Den kyrkja som står der i dag vart bygd i 1899/1900 og erstatta ei eldre kyrkje som var reist på same tufta i 1682/83. Før den tid sto det ei stavkyrkje på staden. Den nye kyrkja er ei langkyrkje i tre med detaljar i sveitsarstil, som står utanfor den gamle kyrkjegarden frå mellomalderen. Tidlegare låg det to gravrøyser utanfor kyrkjegarden. Den eine av dei var ei kvinnegrav frå vikingtida.⁷⁴

Vernestatus: *Kyrkjegarden er automatisk freda etter kulturminnelova, medan kyrkja er listeført hos Riksantikvaren.*

Enge kyrkje

Kyrkja frå 2013 er bygd saman med Enge bedehus, men kyrkja og bedehuset fungerer som to sjølvstendige einingar. Dette er truleg den einaste kyrkja i landet med ei slik løysing.

Vernestatus: *Ikkje verna eller freda.*

Kapell

Det har vore bedehus på Frette sidan 1910, men i 1959 bygde ein ut bedehuset som då også vart vigsla som kapell. Fjæra kapell vart bygt i 1913, som den første kyrkja på staden.

Vernestatus: *Sikra med omsynssone i kulturmiljøplanen.*

Etne prestegard

Etne prestegard ligg eit stykke sørvest for Stødle kyrkje, like ved den gamle vegen til kyrkja. Historia til både kyrkjestaden og prestegarden går tilbake til mellomalderen. Prestegarden er identisk med garden Enge og halvparten av garden Kambe. Frå gammalt av vart det rekna for å vera den største og beste garden i bygda.


Den noverande hovudbygningen er eit trehus i halvannan etasje i enkel sveitsarstil, frå 1871. Grunna fare for flaum vart denne bygd lenger vekk frå elva enn den gamle prestegarden. Samstundes vart dei andre husa flytta til området rundt den nye hovudbygningen eller bygd frå nytt av. Borgstova frå 1600-talet vart flytta frå den gamle prestegarden og sett opp som eit tilbygg til den nye hovedbygningen. Forutan hovudbygningen omfattar anlegget borgstove, eldhus, stabbur og ved- og vognskjul. Prestegardsanlegget har stor kulturhistorisk interesse som representant for dei mindre embetsgardane frå siste halvdel av 1800-talet.⁷⁵ Prestegarden er framleis i bruk som bustad for soknepresten i Etne.

Vernestatus: *Prestegarden med fem bygningar vart freda med vedtak i 1991. Opplysningsvesenets fond (OVF) eig prestegarden og har han med i sin oversikt over prestebustadar med høy kyrkjeleg kulturverdi.⁷⁶ Utvalskriteria her er høg arkitekturhistorisk og kyrkjeleg verdi. Omsynssone.*

⁷⁴ Askeladden, brosjyre om kyrkjene i Etne, www.norgeskirker.no

⁷⁵ Askeladden

⁷⁶ Prestegårder i Norge – et utvalg Prestegårder som kulturminner for Den Norske Kirke En rapport om presteboliger med høy kirkelig kulturverdi. Opplysningsvesenets fond. Gunnar Birkeland & Sigrunn Berdal 2015.



Etne prestegard (t.v.) med fem bygningar er freda og framleis i bruk som prestebustad. Av Skånevik prestegard (t.h.) står bustadhuset att. Det er seld til private.

Skånevik prestegard

Prestegarden låg like ved kyrkja. Her er berre bustadhuset frå 1910 att. Det vart seld til private i 2019. Dei andre husa på garden vart rivne på 1960-talet. Kornstabburet vart flytta til Fjæra og nytta som hytte. Jorda er skilt frå og har blitt hustomter og tilleggsjord for andre bruk.

Vernestatus: Regulert til spesialområde for bevaring.

Omsynssoner: Alle kyrkjene, Etne prestegard og prestebustaden i Skånevik ligg i omsynssoner.

2.4.8.2. Bedehus

Haugianarrørsla slo djupe røter i både Etne og Skånevik og la grunnlaget for ein sterk indremisjon med bedehus i mest alle grender. Sist på 1960-talet var det 11 bedehus i Skånevik prestegjeld.⁷⁷

I dag er det 10-12 bedehus i Etne kommune. Av dei er fleire opphavleg bygde som skular, og har blitt nytta anten i kombinasjon med det, eller blitt overtatt til bedehus når skulen har blitt lagt ned. Både Molnes bedehus og Sørstranda forsamlingshus var bygde som skulehus på 1800-talet. Dei første bedehusa vart bygde i Frette (1910) og Skånevik (1911). Bedehuset Betel på Skånevikstranda er ei gamal tingstove frå Skånevik, bygt i 1838, som vart flytta for å nyttast til bedehus i 1925. I tiåra framover kom det bedehus i dei fleste krinsane. Rygg bedehus frå 1921 har ein særprega stil med boga vindaug og dør, og er godt bevart. Det nyaste er Enge bedehus frå 1960, som i dag er del av Etne kyrkje. Fleire av dei gamle bedehusa vart påbygde på 1950- og 60-talet.⁷⁸ I dag er stordomstida for bedehusa over, men nokre av dei er framleis i aktiv bruk.

⁷⁷ Skånevikssoga b. VI s. 381 - 386

⁷⁸ Kjelde: Reise i bedehusland



Rygg bedehus med dei særprega boga vindauga.

Bygginga av bedehuset på Frette

Gotskalk Frette kom frå fattige kår. 9 år gamal vart han farlaus, og som legdagut hadde han fått føla kva det ville seia å vera på skuggesida i livet. Gotskalk vart gift til husmannsplassen Hushauen. I tillegg til garden dreiv han litt handel med filler og bein. Han hadde òg ei kvern der han tok imot korn for leigemaling. Betalinga han fekk var det mjølet som vart liggjande igjen (ringen) etter malinga. Gotskalk blir omtala som ein svært alvorleg, rettlinja og velmeinande mann med ei bergsett tru. Han var ikkje bunden av opptrakka stiar, men kunne løysa oppgåver på nye og kanskje originale måtar. Han var på alle måtar ein avhalden mann som var leiar av misjonsforeininga på Frette og han vart mykje nytta som utsending til misjonsmøte. Det han vert hugsa best for, og som står som eit synleg teikn i dag, er bedehuset. Det var han som var primus motor for reisinga av dette. Han arbeidde på fleire plan for å få dette til, m.a. ved å kontakta folk frå grenda som var utvandra til Amerika. Ein ikkje uvesentleg del av pengane som måtte til, kom frå Amerika.

*Frå Reise i bedehusland. Bedehusene i Hordaland*⁷⁹

Vernestatus for bedehus: Rygg, Skånevik og Ebna bedehus ligg i omsynssone. Markhus bedehus er del av omsynssona for Markhushamn. Molnes bedehus er listeført (klasse B).

⁷⁹ Red. Johannes Kleppa, Sambåndet forlag 2001

2.4.9. Bergverk og gruveverksemd

Bortsett frå eit skiferbrot og utnyttinga av sandressursane er det lite spor etter bergverk og gruveverksemd frå nyare tid i Etne. Frå eldre tid er det kjend at det har vore tatt ut kleberstein to stader, og det er funne spor etter blestring av jern på Grindheim.

Skiferbrotet på Øvernes

Øvernes skiferbrot ligg på nordvestre sida av Stordalsvatnet. Skiferåra vart oppdaga då ein bygde vegen her kring 1890. Det finst òg skifergangar andre stader i fjellet i området. Skifer frå dei øvste brota vart frakta ned med taubane. I hovudsak vart det produsert klifte takheller, særleg lappskifer i brotet. Øvernesskiferen er ein relativt hard skifertype. Som takhelle er han av god kvalitet, han sprekk ikkje og mosen veks ikkje på han. Fargen er mørk grå med eit blå aktig skjer. Mange av hellene vart selde i Etne og nærområda, men størsteparten vart transportert med hest og kjerre til Kyrping og skipa ut med båt til ein større marknad.

I starten vart føretaket på Øvernes drive av ulike privatpersonar, men i 1920 overtok A/S Etne Skiferfelter. På det meste i denne perioden jobba det kring tretti mann i skiferbrotet. I dei dårlege mellomkrigsåra fekk Etne Skiferfelter økonomiske problem og gjekk konkurs i 1927. Grunneigaren Gunnar Øvernes overtok då og dreiv vidare med 4-5 mann i arbeid fram til 1955. Etter det har det vore meir periodisk smådrift like fram til vår tid.⁸⁰

Sandindustrien

Utnytting av dei store sandressursane i Etne er ein viktig næring i kommunen. Uttak av sand har ført til store endringar i kulturlandskapet, og ein del kulturminne har blitt fjerna i samband med drifta.

Vernestatus: Skiferbrotet på Øvernes er listeført (klasse B)

2.4.10. Reiseliv

Både Skånevik og Etne har reiselivstradisjonar langt tilbake i tid. Utgangspunktet er dei gamle handels- og gjestgjevarstadene, men etter kvart har fritidsreisene lagt grunnlaget for ei eiga reiselivsnæring. Hotell, pensjonat og turisthytter er døme på kulturminne knytt til reiseliv.

Reiseliv i Skånevik

Skånevik si historie som reiselivsbygd går heilt tilbake til etableringa av gjestgjevarstaden tidleg på 1700-talet (omtala under 2.4.1 Handels- og gjestgjevarstader). Drifta av gjestgjevarstaden var først og fremst knytt til næringsverksemd, men utover 1800-talet vart det meir vanleg å reise for rekreasjon. Bygda har hatt fleire hotell og pensjonat der òg kjende personar som Ivar Aasen (sommaren 1844) og Lars Hertervig (somrane 1853-55) har vore gjester. I dag er Skånevik Fjordhotell den største reiselivsverksemda i bygda. **Heggelund hotell** vart etablert i 1885 og hadde hotelldrift fram til 1985. Mange av gjestene var faste feriegjester frå byane. I dag blir bygningen brukt til utleige. **Krogstuen** (131/138) er kunstnarbustaden til teatermalaren Rudolf N. Krog (1877-1928) og skodespelaren Thora Krog (1879-1941). Dei utvida bustaden og etter at mannen døydd i 1928 tok

⁸⁰ [Skiferbrotet på Øvernes - DigitaltMuseum](#)

Thora til med pensjonatdrift. Huset fekk namnet Krogstuen og vart ein populær feriestad for byfolk som kom att sommar etter sommar.⁸¹ I dag blir det særprega huset, som òg inneheld eit originalt atelier, nytta som feriebusstad.

Reiseliv i Etnebygda

Også tettstaden Etne har opphav i ein gjestgjevarstad. Her starta reiselivshistoria for alvor med engelske laksefiskarar, som kom til bygda frå midten av 1800-talet. Frå 1865 vart det arbeidd med kultivering av elva. Delar av elverettane var disponert av bergensarar. Hauane var i mange år tilhaldsstad for fiskarane som hovudsakleg var embetsmenn, offiserar og forretningsmenn.

Hotellet på Rygg: I “Hotellkrossen” på Rygg ligg eit hus med ei spesiell historie. Opphavleg var det eit byhus frå Sandviken i Bergen, truleg frå 1700-talet, vart sett opp på Rygg i 1888 for å nyttast som hotell og landhandel. Gjestene var hovudsakleg norske og engelske laksefiskarar. Hotellet hadde heilårsdrift frå 1916. Både hotelldrifta og landhandelen vart avvikla i slutten av 1920-åra. Under andre verdskrigen vart huset brukt av militære. Frå våren 1940 tente det som hovudkvarter og lasarett for norske styrkar, men frå 1942 til kapitulasjonen i mai 1945 var halve huset rekvirert til bustad for sanitetssoldatane som tenestegjorde ved det tyske lasarettet på Rygg.⁸²

Etne hospits vart etablert i 1934, med bakgrunn i eldre overnattings- og gjestgjevarstader. Seinare vart det omdøyppt til Etne hotell, og har i nyare tid gjenoppstått som Fugl Fønix Hotel med galleri og restaurant. Den opphavlege delen av hotellet er den fløyen som vender ut mot hovudvegen.⁸³

Turisthytter i fjellet Haugesund turistforeining har løypenettet sitt i Etne fjella, og fleire av hyttene ligg i Etne kommune. Sandvasshytta frå 1930 er den eldste hytta til turistforeininga. Den eldste hytta på Blomstølen er ei stølsbu som turistforeininga fekk overta og flytta til Blomstølsvatnet. Inne i hytta er veggen dekorert av haugesundsmalaren Bjarne Halvorsen. Seinare er det bygd to nye, store hytter på Blomstølen, og gamlehytta har fått stå uendra. Hytta ved Løkjelsvatn, som turistforeininga har brukt sidan 1980, var opphavleg ei brakke som vart bygd av Haugesunds Elektrisitetsverk i 1916 i samband med kraftutbygginga i Litledalen.

⁸¹ KVE s. 218

⁸² KVE. Les meir der.

⁸³ KVE s. 111



Turisthyttene på Blomstølen. Den eldste hytta (t.h.) var opphavleg ei stølsbu, som Haugesund turistforeining overtok i 1936 og flytta til staden. Området rundt Blomstølen har mange spor etter stølsbruk og annan aktivitet.

Vernestatus: Gjestgjevarhuset i Skånevik, Fugl Fønix hotell (tidlegare Etne hospits), "Hotellet" på Rygg og Heggelund hotell ligg i omsynssone A. Sandvatn turisthytte er listeført (klasse B).

2.4.11. Offentlege bygg

Dei offentlege bygga har romma viktige fellesfunksjonar i bygdene, som skule, kommuneadministrasjon og eldreomsorg. Ein del av dei eldste er borte, men særleg av skulebygg står det mange att.

Skånevik gamle tinghus vart bygd i 1838, og sto opphavleg nedanfor gjestgjevargarden ved Skåneviksjøen. Det vart rive i 1925 for å gje plass til utviding av hermetikkfabrikken, og sett opp att som bedehus på Ebna. Fram til 1925 hyste det òg "Skaanevig Læseselskab", forløparen til folkebiblioteket og truleg landets eldste offentlege bibliotek.

Den eldste aldersheimen i Skånevik er frå 1928, og vart først driven av private midlar. Ny, kommunal aldersheim sto ferdig i 1965.

Etne Tinghus frå 1967 har eit særeige uttrykk og kan kategoriserast innan stilarten brutalisme (= rå betong, frå fransk béton brut). Bygget er bevart i tilnærma original stand utvendig, men det er gjort store endringar innvendig.

Skulane

Etter om lag hundre år med omgangsskule fekk bygdene dei første faste skulane på midten av 1800-talet. I starten heldt dei til i leigde lokale, men etter kvart vart det bygd egne skulehus. Skulehuset på Sævareid ligg i gardstunet og vart bygd i 1850-åra. I starten vart det brukt til omgangsskule. Dette kan

vera det eldste skulebygget i kommunen. I tiåra framover vart det sett opp ei rekkje nye skulebygg. Mange av desse står framleis, men ingen er i bruk som skular lenger. Nokre av dei som er best bevart som kulturminne er omtala under.

Dei første skulehusa var stort sett bygd etter same planen, som enkle lemstover med eitt klasserom. Skånevik gamle skule, bygd i 1876 var den første faste skulen i gamle Skånevik kommune. Skulehuset vart bygd med to stover, der amtsskulen (ein folkehøgskule driven av amtet) hadde tilhald i den eine frå 1879 - 1886. Det var òg mange elevar som fekk privatundervisning av eigne guvernantar i Skånevik.

Tungesvik skule, bygd i 1885 eller -87 står i dag som eit autentisk bygg, men er i begynnande forfall. Markhus skule frå 1890 var opphavleg bygd etter røykstove-prinsippet, der klasserommet var ope til mønet. Seinare vart skulane bygd med bjelkar og loft. Markhus skule er intakt med interiør og blir brukt som museum og forsamlingslokale i bygda. Molnes skule frå ca. 1900 vart seinare teken i bruk som bedehus. Inventaret frå skulen er bevart på Sunnhordland motormuseum i Skånevik.

På nordsida av Åkrafjorden har det vore fire skulekrinsar. Store avstandar og ulendt terreng gjorde det vanskeleg for mange av borna å ta seg fram til skulen. Av skulen i utmarka mellom Djuve og Eintveit (b. 1912) står berre murane att. Bygningen skal vera flytta til Skånevik. På Eikemo står det framleis står eit skulehus.

I 1875 vart det vald ein komité i Etne kommune som skulle undersøka kva kostnader det ville føra med seg å skaffa lærarjord med lærarbustadar og skulehus på Sørstranda.⁸⁴ Sørstranda skulehus vart bygd 1877, og var i bruk til 1932. Då fekk krinsen ny skule og gamleskulen vart brukt som forsamlingshus for bygda. Kraftutbygginga i Litledalen gav auka folketal og i 1918 kjøpte kommunen tomt på Gunnegjerd til eit fast skulebygg. Skulen vart lagd ned i 1967 og seld til private.



Skulehus f. v. Indre Tungesvik, Markhus og Gunnegjerd.

Vernestatus: Etne tinghus og Skånevik, Markhus, Gunnegjerd skular og murane etter skulehuset som låg mellom Djuve og Eintveit er del av større omsynssoner. Skulehuset på Øvre Sævareid er del av omsynssona for gardstunet. Skulehusa på Ebna og Indre Tungesvik har eigne omsynssoner. Enge gamle skule er listeført (klasse B).

⁸⁴ Erling Vee: Sørstranda gamle skulehus 1877 - 1932. ESÅ 2015

2.4.12. Organisasjonsliv og forsamlingshus

Mange ulike typar organisasjonar har hatt eigne hus opp gjennom tidene. Husa har gjerne vore knytt til ein bestemt organisasjon, men nokre har romma fleire eller har skifta funksjon etter ei tid. Nyare forsamlingshus har gjerne eit meir generelt føremål som felleslokale for ei bygd (eller heile kommunen, som Skakke) enn dei eldre bygga. Dei talrike bedehusa i kommunen er omtala under kapittelet "Tru og kyrkje".

Ungdomshus

Både den frilynte og den kristelege ungdomsrørsla har vore aktive i Etne. Den frilyndte ungdomsrørsla kom til Etne i 1890-åra med sokneprest Wicklund.⁸⁵ I Skånevik vart det gjort fleire forsøk på frilyndt ungdomsarbeid før Skånevik Ungdomslag vart stifta i 1909. Saman med fråhadslosja IOGT fekk dei reist eit eige hus, Solvang, i 1912. Losjearbeidet tok slutt i 1950-åra, medan ungdomslaget avslutta verksemda på 1980-talet og selde huset. I dag blir det nytta som galleri. Også på Frette i vart det skipa ungdomslag i 1909. Ungdomane samla seg og dansa utandørs på ulike stader. Ungdomslaget "Fram" i Etne vart skipa 1918. I 1926 sto ungdomshuset "Ljoshall" ferdig. Det vart øydelagd av brann i 2005. Markhus ungdomslag fekk sitt eige ungdomshus i 1928.

På same tida som dei frilyndte ungdomslaga etablerte seg, vart det òg skipa kristelege ungdomslag. Nordbygda i Etne fekk sitt i 1913, og Sørbygda 1914. Laga hadde møte på skular og bedehus. Sørbygda fekk eige bedehus 1921.



Solvang ungdomshus og losjehus i Skånevik frå 1912 er i dag i bruk som galleri.

Vernestatus: Solvang ungdomshus og Sørstranda forsamlingshus er sikra med omsynssone.

⁸⁵ Reinert Frette: Den frilynde ungdomsrørsla i Etne og andre stader. ESÅ 2012

2.4.13. Kulturminne knytt til personar og historier

Magnus Erlingsson og Erling Skakke

Utanom Stødle kyrkje, som vart bygt av Erling Skakke i 1160, finst det få fysiske spor etter dei to mest kjende personane i Etne si historie. Magnus Erlingsson vart krona til konge som femåring i 1163. Han og far hans, Erling Skakke, sto i sentrum for storpolitikken i Norge i siste halvdel av 1100-talet. Magnus fall i slaget mot kong Sverre ved Fimreite i 1184, berre 28 år gamal. Erling døydd i slaget på Kalvskinnet i Nidaros. Difor er det ingen gravminne etter dei i Etne.

Etne kommune arbeider på ulike måtar for å gjera historia synleg. Utanfor Tinghuset står ein bronsestatue utforma av Per Ung, som syner Magnus Erlingsson (avduka 1980). Skakke-senteret er oppkalla etter Erling Skakke. Det er planar om formidling av historia her.

Magnus Erlingsson var konge frå 1161 til 1184. Magnus var son til Erling Skakke og Sigurd Jorsalfares dotter Kristina. Erling Skakke var ein rik stormann frå Vestlandet. Han hadde fått eit hogg i halsen og bar hovudet litt på skakke. Derav fekk han tilnamnet Skakke. Erling Skakke og mange andre stormenn ville gjerne avgjera kven som skulle vera konge i Noreg. Men dei hadde ikkje noko kongsemne. Difor kom Erling med framlegg om at sonen Magnus skulle verta konge, sidan han var son av ei kongsdotter (Kristina).

Stormennene synes dette var eit godt framlegg og utropa Magnus til konge i 1161, berre 5 år gamal. Dei reiste deretter rundt i landet for å få bøndene til å hylla Magnus som konge. Men mange rekna ikkje Magnus som skikkeleg konge og Erling fekk erkebiskopen og kyrkja med seg for å få Magnus godkjent. Til gjengjeld måtte Erling lova å vera lydig og trufast mot kyrkja, halda dei kristne boda og ikkje krevja noko som var imot kyrkja sine lovar.

I 1163 vart det kalla saman til eit stort møte i Bergen. Der var kongen og alle stormennene, erkebiskopen og alle biskopane. Der vart Magnus Erlingsson salva og krona av erkebiskopen. Det tyda at Magnus hadde rett frå Gud til vera konge i Noreg.

Kroninga av kong Magnus var den første kongekroninga i Norden. Men sjølv om Magnus var krona til konge var det mange trønderar og opplendingar, fjellbønder og skogsfolk som ikkje ville godta han som konge. Dei fann seg motkongar og kjempa mot Magnus og stormennene frå Vika og Vestlandet i fleire år.

Då Magnus hadde vært konge i 15 år, kom Sverre Sigurdsson frå Færøyane. Mora hadde fortalt at han var son av ein konge og han kom difor for å krevja kongsretten sin. Mange slutta seg til Sverre og dei vart kalla birkebeinarane fordi dei gjekk med bjørkenever rundt leggane. Sverre vart av birkebeinarane utropt til konge og det vart mange harde slag mellom kong Sverre og kong Magnus.

I 1179 fall Erling Skakke som var den som eigentlege hadde styrt. I 1184 sigra kong Sverre over kong Magnus i eit stort sjøslag ved Fimreite i Sognefjorden. Der drukna Magnus Erlingsson saman med dei fleste av mennene sine. Han vart gravlagt i Kristkirken i Bergen og kong Sverre heldt sjølv liktalen over han.⁸⁶

⁸⁶ Frå Etne kommune sin nettstad

Jakob Casparson Bull-Tornøe (1854 - 1915)

Jakob Bull-Tornøe var fødd i Skånevik, og etter utanlandsopphald og giftarmål busette han seg i Skånevik saman med den tyskfødde kona Julia (1860 - 1940) i 1885. Familien hennar var svært velstående, og mykje pengar vart nytta på Miljagarden og andre stader i bygda. Han hadde med seg nye og radikale idear om jordbruk, skogsdrift og andre verksemd. I Skånevik gjekk han straks i gong med oppkjøp og dyrking av ny jord, bygging av vegar, skogplanting og hagebruk. Han etablerte eit moderne gartneri med oppvarma veksthus, dreiv storslagen seterdrift og gjorde forsøk med aureoppdrett, ferskvassmuslingar og østers. I 1887 danna han selskapet Skonevigs Meieri og Ysteri, og alt i 1898 fekk garden eige kraftverk. Ti år seinare kom eit større kraftverk som gav grunnlag for etablering av Bjellands hermetikkfabrikk og straum til mange hus i bygda. Han sat òg på stortinget ein periode.⁸⁷ Sveitsarstilhuset frå 1890 og dei store driftsbygningane på Milja gard og Miljasæter finst framleis, og garden er blant dei største i Sunnhordland. På 100-årsdagen for fødselen hans, i 1954, vart det reist ein minnestein over han på øya Skåno utanfor Skånevik.

Dei ulike kulturminna knytt til Bull-Tornøe si omfattande verksemd er omtala under respektive tema.

“Kongehuset” (Tongahuset) på Auastad

På garden Auastad står ei gamal husmannsstove med ei spesiell historie. Stova til Siri Askjellsdotter (1873-1931) og Aslak Olsson (Krono) (1878-1950) vart bygd med økonomisk støtte frå sjølvaste kongen. I 1906 venta Siri og Aslak sitt tredje barn, men dei hadde framleis ikkje ein eigen heim å bu i. Aslak dreiv som daghjelp og vegarbeidar, men paret måtte likevel stundom ty til fattighjelp. I armod og fortvilning sette Siri seg ned og skreiv eit brev til kong Haakon med bøn om hjelp. Med presten som mellommann kom det eit brev tilbake med 250 kroner i. For pengane kjøpte dei seg eit gammalt hus frå Fossa som dei flytte og sette opp på Auastad i 1906 - 07. Huset har sidan blitt kalla “Kongehuset”. Etne sogelag og Etne kommune gjekk saman om eit restaureringsarbeid i 1980-åra.⁸⁸



Tongahuset, eller Kongehuset, på Auastad.

Olav Vik-stiftinga

Bonden og dikteren Olav Vik (1910-1990) skreiv dikt og forteljingar som vart publiserte dels i aviser og vekeblad, og dels i bokform. Ein raud tråd i diktinga hans er det nære tilhøvet til naturen. På garden på Osnes planta han ut eit mangfald av treslag som han stelte med. Eigedommen vart testamentert til ei eiga stifting, Olav Vik-stiftinga, som fekk i oppdrag å sjå til at garden vert teken vare på og nytta til friluftsføremål. Gardsbygningane frå 1800-talet er bevart. Ute på neset ligg òg rester etter ei gravrøys

⁸⁷ Frå KVE s. 206

⁸⁸ Frå KVE s. 151 og SEFRAK

frå bronse- eller jernalder. Området er sikra som friluftsområde og godt tilrettelagd med turstigar, informasjonstavler, badeplass og rasteplassar.



Hus, løe og naust eigd av Olav Vik-stiftinga.

Krogstuen i Skånevik (131/138)

Krogstuen er kunstnarbustaden til teatermalaren Rudolf N. Krog (1877-1928) og skodespelaren Thora Krog (1879-1941). Rudolf Krog har mellom anna laga sceneteppene i Skånevik ungdomshus og Ljoshall i Etne (sceneteppet frå Ljoshall finst i dag på Skakke).⁸⁹ Det særprega huset som er bygd rundt 1930 har mellom anna eit originalt atelier. Særpreget er bevart og huset blir i dag nytta som feriehus.



Ingvar Moe (1936-1993)

Diktaren er minna med ei byste i Etne sentrum. Bysta er laga av kunstnaren Vidar B. Mæland, og vart avduka i samband med 70årsmarkeringa av Ingvar Moe sin fødsel 16. februar 2009.

Willum Ekrheim (1894-1978)

Willum Ekrheim dreiv som fotograf i nærare 50 år, frå 1913. Han har dokumentert mykje av livet i bygda i både kvardag og helg. På sine eldre dagar overlet han fotosamlinga si til Etne kommune, og i dag er bileta tilgjengelege på biblioteket. Vestland fylkeskommune ved fylkesarkivet og Etne kommune har eit pågåande prosjekt for å digitalisera bileta til Willum Ekrheim. Huset far hans sette opp i 1912, og der fotografen budde store deler av livet, står framleis på Ekrheim (71/1). Huset vart oppført som kårhus på garden og inneheld ei stove frå eit eldre hus.

Relieff Eric Severeid (1912 - 1992)

Relieff i fjellveggen på Sævereid av den amerikanske journalisten og TV-personlegdomen Eric Severeid, som var fødd i 1912 i USA. Monumentet har teksten *Han ætta herifrå. Og gløymde det aldri.*⁹⁰

⁸⁹ Sceneteppet frå Ljoshall heng i dag i kinosalen på Skakke.

⁹⁰ Glimesteinar s. 190

Vernestatus for kulturminne knytt til personar og historier: Kulturminna som er omtala under kap. 2.4.13 er sikra med omsynssone. Bysta over Ingvar Moe er listeført (B).

2.4.14. Forsvars- og krigsminne

Kapittelet omfattar i hovudsak krigsminne frå andre verdskrigen. Men Etne har òg ei militærhistorie frå 17- og 1800-talet som det finst få materielle spor etter i dag.

Ekserserplassane

Ein ekserserplass er ein øvingsstad for ein militær avdeling. Stødlemoen var i bruk av *Søndhordlandske Korpset* frå 1780-åra til 1848. Gjerdsmoen var eksersisplass frå 1772 til slutten av 1860-åra. Telthuset og arresthuset, kalla "Pinslo", låg i det nord-vestre området av leiren. Sørheimsmoen vart nytta som ekserserplass frå 1870 til 1879. Me kjenner ikkje til at fysiske spor etter ekserserplassane er bevarte i dag, men dei har sett preg på bygda i form av talemåtar, stadnamn og personnamn som kan knytast til denne aktiviteten.

Krigsminne frå andre verdskrigen

Under krigen i 1940 - 45 var den tyske okkupasjonsmakta sterkt representert i Etne. Tyskarane bygde fem mannskapsleirar for tyske soldatar: På Steine, Rygg, Grindheim, Håfoss og Enge. På Enge bygde dei leir med plass til over 900 soldatar i området mellom noverande bedehus og samfunnshus. Totalt var det 15 brakker av ymse slag. Dei hadde òg ein stor mannskapsleir vest for ungdomshuset "Ljoshall", som òg var i bruk av soldatane.

Heeres Ortslazarett Etne

På Rygg vart det etablert eit tysk militærstasjonshus i 1942 ved Rygg bedehus. Bedehuset vart tatt i bruk som administrasjonsbygning, med mellom anna apotek og kjøken. Salen vart nytta til velferdstiltak. Sjølvstendige sjukehuset besto av 3 brakker med plass til 120 pasientar, separat operasjonsstove, garasjar for ambulansar og diverse forlegningsbrakker. Det blei òg bygd legebustad. Sjukehuset tok imot såra soldatar frå austfronten og frå trefningar til sjøs. Ved minst eitt høve fekk òg ein alliert flygar behandling der. Det skal ha vore til saman 21 bygningar på staden. I dag kan ein finna tre knapt synlege grunnmurar på vestsida av vegen vis à vis bedehuset. Ein eller fleire av desse var garasjar for ambulansane. På austsida av vegen, om lag 50 meter sør for bedehuset, kan ein sjå ein grunnmur med full kjellar. Dette skal ha vore operasjonsstova. Aust for bedehuset ligg to intakte, langstrekke bunkerar i jordvollar.

Restane etter sjukehuset er registrert og omtala i Askeladden, men ikkje freda. Kommunalt verna med omsynssone.

Moritz Rabinowitz: Den jødiske forretningsmannen Moritz Rabinowitz måtte rømme frå Haugesund i 1940. Han gøymde seg på Tøsseteigen i Åkrafjorden. Under spiskammersgolvet i huset var det ei luke han kunne rømme gjennom i all hast, til ei hemmeleg hytte i Eikjeskora. Familien hans opphaldt seg i Skånevik.⁹¹ Heile familien døydd i konsentrasjonsleiren Sachsenhausen i 1942. Det er lagt ned snublesteinar til minne om familien Reichwald i sentrumsgata i Skånevik, medan Moritz Rabinowitz er minna med snublestein i Haugesund.⁹²

⁹¹ ESÅ 2003

⁹² Meir informasjon om snublesteinane finst på www.snublestein.no.

Motstandshytta ved Fjæra: I fjellet på nordsida av Fjæra ligg ei hytte som vart nytta som skjulestad for motstandsfolk under 2. verdskrigen.

Bjørkestrondstølen: Ei heimefrontavdeling nytta stølshuset som opphaldsstad i 1943 og tok imot slepp her. Stølsbruk til ca. 1940.

Krigsminnesmerke

I januar 1945 styrta eit alliert fly i Skåneviksfjorden. Bauta til minne om dei to som omkom vart reist av det Norske luftforsvar og folket i Skånevik 8 mai 1965.

Ved Fjæra kyrkje står ein bauta over korporal Ole Pedersen Rullestad født 1910, som fall i Flå i Hallingsdal 26 april 1940.

Vernestatus for krigs- og forsvarsminne: *Restane etter Etne militærskulehus, motstandshytta ved Fjæra og krigsminnesmerka i Skånevik og Fjæra er sikra med omsynssone.*

2.4.15. Kulturminne frå etterkrigstida

Det er ikkje gjort nokon systematisk registrering av kulturminne frå etterkrigstida i Etne. Kulturminne og kulturmiljø frå denne tida er framleis så “nye” og kvardagslege at det kan vera vanskeleg å vurdere kva det vil ha verdi å ta vare på for framtida. Nokre døme er omtala under, men berre ein del av dei er sikra med omsynssone. Fleire av desse er omtala under andre tema, som bedehus og samferdsle. Nokre er tekne inn i planen fordi dei er del av statlege sektorverneplanar. Kulturminne frå denne perioden er eit tema det kan vera aktuelt å gå nærare inn i på samband med rullering av planen.

Etne jordbruksskulegard - Tesdal

Fleire bruk under gardane Tesdal og Auastad vart kjøpt opp i 1947-48 for å etablere jordbruksskule i Etne. I starten vart det drive forsøk med husdyr og skogplanting. Drift av skulen kom ikkje i gong før i 1976, og alt i 1988 gjekk den siste ordinære klassa i jordbruksfag ut. Seinare vart garden nytta til undervisning i mekaniske fag. I 1993 vart garden overført til ei stifting. I 1999 vart det funne helleristningar (skålgroper) i tunet på garden.

Etne planteskule

Planteskulen starta opp i 1949, etter at Staten hadde kjøpt opp fleire bruk på garden Enge. Føremålet var å drive fram planter til skogreising, særleg vanleg gran og sitkagran. Det vart bygd kontorbygg, driftsbygning (1952), styrarbustad (1954), kjølelager (1960) og fleire drivhus. På det meste, i 1958, leverte planteskulen 6,2 millionar bruksplanter. I 1991 vart skulen seld til Rogaland Skogselskap. Jorda er no seld til gardane rundt. Etter avtale skal planteskuleskogen, som tidlegare var opparbeidd til park, vere tilgjengeleg for ålmenta også i framtida.

Etne Tinghus frå 1967, sjå under 2.4.10 Offentlege bygg. Tinghuset er ein del endra innvendig, men utvendig er det gjort lite endringar. Tinghuset var opphavleg måla med beige farge. Del av omsynssone.

Etne meieri, tidstypisk bygg frå 1950-talet i Etne sentrum. Del av omsynssone.

Markhus bedehus frå 1953, sjå 2.4.7.2 Bedehus. Omsynssone.

Forbygningar langs Valdra-elva frå 1950- og 80-talet, sjå 2.4.3. Statleg listeført, omsynssone.

Bilbrua over Eintveitelva frå 1962. Del av omsynssone.

Etne telefonsentral i Stordalen, sjå under 2.4.7. Omsynssone grunna prioritering i Telenor verneplan.

Bjellandsbu, nybygd jakthytte frå 2012-13 med særprega arkitektur, teikna av Snøhetta. Omsynssone.

Del 3 – Planforslaget

Kulturmiljøplanen for Etne byggjer på innsamla materiale, både frå tidlegare registreringar og informasjon som er henta frå ulike kjelder i samband med planarbeidet.

3.1. Grunnlag for prioriteringar

I samband med planarbeidet er det gjort ei enkel vurdering av verneverdien til registrerte kulturminne. Ut frå dette er det peika ut eit utval av kulturminne som ein meiner bør sikrast med omsynssone i kommunen sitt planverk. Vurderinga er gjort ut frå eit sett kriterium som er sette av Riksantikvaren, og i samråd med regional kulturvernmynde. Hovudvekta er lagt på objektet sin verdi som kulturminne. Teknisk verdi, reguleringsstatus og eigar si meining om bevaring er andre faktorar som spelar inn, særleg der det er fleire elles likeverdige objekt å velja mellom. Når det gjeld arkeologiske kulturminne har alle same vernestatus (automatisk freda), men det er gjort eit utval av kulturminne som kommunen ønskjer å løfta fram og formidla til publikum. Oversikt frå Askeladden over automatisk freda kulturminne er med som vedlegg.

Det at kommunen har registrert eit objekt, betyr ikkje utan vidare at det har eit vern eller er vurdert som verneverdig. Alle registrerte objekt er vurderte ut frå etablerte verdikriterium. Objekt med særleg høg verneverdi er definert som klasse A, som har eit formelt, lokalt vern (omsynssone H570 eller H550). Klasse B omfattar objekt med høg lokal verdi som er listeførte som verneverdige, men ikkje formelt verna, medan resten er registrerte kulturminne med varierende, lokal verdi. Kommunen har ikkje eit komplett register over lokale kulturminne.

Inndelinga byggjer på klassifiseringssystem brukt i andre kommunar/fylke, men er tilpassa lokal bruk då det ikkje finst ein «nasjonal standard». Nærare definisjonar av kriterium og retningslinjer for forvaltning av kulturminne i dei ulike klassane er gjort greie for i det følgjande, saman med oversikter over dei prioriterte kulturminna. Klasse A har fyldigast omtale. For klasse B ligg det ved liste.

3.2. Eksterne planar og rapportar som omfattar kulturminne i Etne

3.2.1. Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)

Heile den sentrale Etnebygda er definert av Riksantikvaren som «Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse». Etne er eitt av ni utvalde landskap i Hordaland. Landskapet er skildra som eit rikt jordbrukslandskap med lang historie og stor tidsdjupne, som gjev ei oppleving av bruk heilt fram til i dag. Målet er at kommunane sjølv skal forvalta landskapa ved hjelp av sine verkemiddel.

Riksantikvaren bed kommunane om å nytta mellom anna plan- og bygningslova for å ivareta verdiane i dei kulturhistoriske landskapa i kommunal planlegging. Kommunane blir oppmoda om å synleggjere og ivareta landskapsverdiane i arealplanane sine og å ta omsyn til desse verdiane når område skal utviklast. Eit hovudtiltak er at landskapa vert avsett som omsynssone c) i kommuneplanens arealdel med retningslinjer og at generelle føresegner til kommuneplanen vert nytta. Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen vil legge registeret til grunn i sine innspel og sin dialog med kommunane og andre styresmakter i planprosessar. I rapporten om landskapa i Hordaland er det gjeve omtale av sårbarheit og retningslinjer om forvaltning. Rapporten ligg som vedlegg til planen.



Det skålforma landskapet i Etne er et rikt jordbrukslandskap. Stor konsentrasjon av bergkunst, gravminne og busetnadsspor fortel om lang tids bruk. Foto: Signe Nygaard, Hordaland fylkeskommune. Kjelde: Riksantikvaren

3.2.2. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Regional kystsoneplan, som vart vedteken i 2017, og delrapporten for kulturminne som vart laga i samband med Interkommunal strandsoneplan i 2015, har oversikt over verneverdige sjøbruksmiljø og kulturminnerik strandsone. Sentralt for kartleggingsarbeidet har vore å synleggjere den historiske bruken av strandsona, samt vise det kulturhistoriske særpreget i regionen. Kartlegginga identifiserer dei kulturminna og kulturmiljøa i Sunnhordland som set eit særpreg på strandsona i regionen, og som Sunnhordlandskommunane har eit særskilt forvaltningsansvar for. Interkommunal strandsoneplan vart aldri vedteken og er såleis ikkje gjeldande, men kulturminnerapporten er likevel eit viktig grunnlagsdokument for anna planarbeid. Kystsoneplanen brukar kartlegginga frå 2015 som grunnlag, og denne er igjen bygd på eldre data. Ein del kulturmiljø ved sjøen er såleis ein del endra i høve til dette.

Sjøbruksmiljøa er kategorisert i A – B – C-kategoriar der A er definert som «særs høg verneverdi», B som «høg verneverdi» og C som «lågare verneverdi». I rapporten frå 2015 er ingen miljø i Etne vurdert å vera i klasse A. Kyrping og Markhus er sett i klasse B medan Berge, Bjelland, Djuve, Eikemo, Fjæra og Indre Tungesvik er vurdert å vera i klasse C. Fleire av desse har fått klasse A i den lokale planen sjølv om dei ikkje er vurderte til å vera i klasse A i regional samanheng. Etter kvart som sjøbruksmiljø forsvinn eller blir endra kan verdien på dei som er att bli høgare.

I regional kystsoneplan er i tillegg nokre område definert som “Kulturminnerik strandsone”. I Etne gjeld det indre delen av Etnefjorden, Børkjenes, Skånevik og Tysse/Skålnes.

3.2.3. Regional kulturplan

Fylkeskommunen har i følge kulturminnelova eit ansvar for å forvalte kulturarva. Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) er revidert og vart vedteken desember 2014. Planen legg grunnlag for prioriteringar i den fylkeskommunale kultur- og idrettssatsinga og for den samla kulturpolitiske satsinga i fylket. Regionale planar og strategiar gjeld i det geografiske området dei er vedtekne i, fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken.

Det blir arbeidd med ein ny regional kulturplan for Vestland fylke. Som del av dette arbeidet vil det mellom anna bli nærare definert kva som er vurdert som kulturminne og kulturmiljø av regional verdi. Særleg vil ein løfta fram historiske tettstader, som Skånevik og Etnesjøen er døme på.

3.2.4. Konsekvensutgreiing E134 Bakka-Solheim Kulturminne

I Statens vegvesen sin konsekvensutgreiing i samband med utbetring og ny trasé for E134 gjennom Etne er det gjort ei vurdering av kulturmiljø i områda for dei ulike alternative traseane. 13 kulturmiljø i Etne er vurderte, og av desse er områda Sæbø-Gjerde-Skjensvoll, Steine/Stuvteigen, Stødleterrassen, Grindheim, og Vad vurderte å ha stor verdi, medan Osvåg, Håfoss, Grønstad-Ytre Hovland, Hovland-Skjeldal og Norheim er vurderte til å ha middels eller middels til stor verdi. Traseen som er vald vil ha innverknad på nokre av desse kulturmiljøa.

3.3. Forvaltning av kulturminne

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø i Norge. Forvaltninga er fordelt mellom fleire nivå der kommunane særleg har eit stort ansvar for nyare tids kulturminne.

3.3.1. Arkeologiske kulturminne

Riksantikvaren er øvste faglege styresmakt for forvaltninga av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø, og forvaltar desse i medhald av kulturminnelova av 1978, nr 50. Riksantikvaren har mellom anna som mål for forvaltninga at den skal styrke allmennheita si interesse og ansvarskjensle for dei arkeologiske kulturminna og kulturmiljøa.

- Alle faste arkeologiske kulturminne, kjente og ukjente, som er frå tida før 1537 (reformasjonen), samt samiske kulturminne eldre enn 100 år, er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 1978, nr 50 (kml) §§ 3 og 4.
- Båtar, skipsskrog, last m. m. som er eldre enn 100 år, har eit tilsvarande vern gjennom kml § 14.
- Lause kulturminne frå før 1537, eller eldre enn 100 år, er statens eigedom i medhald av kml § 12, med mindre det finst ein annan eigar. Finnar eller grunneigar har ikkje eigedomsrett til slike kulturminne.
- Etterreformatoriske kulturminne kan bli vedtaksfreda med heimel i kml §§ 15 eller 19.

Frå 2020 har fylkeskommunane teke over forvaltningsansvaret frå Riksantikvaren for:

- ein større andel av dei statleg eigde bygningane og anlegga som er freda (Statens kulturhistoriske eiendommer)
- dei fleste arkeologiske kulturminna som er freda
- freda og verna fartøy

- fleire teknisk-industrielle kulturminne
- ikkje-kyrkjelege mellomalderbygg

3.3.2. Nyare tids kulturminne

Fylkeskommunen har eit overordna ansvar innan omsyn til nyare tids kulturmiljø. Vestland fylkeskommune er delegert mynde både for automatisk freda kulturminne og kulturminne av nasjonal verdi. Målet for kulturminnevernet er at omsyn til dei ulike kulturminneverdiane på best måte skal sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging og skal utgjere eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Dei kommunale kulturmiljøplanane er del av kommunane sitt arbeid for å ta ansvar for nyare tids kulturminne i eigen kommune.

Riksantikvaren kan freda nyare tids kulturminne og kulturmiljø etter eige vedtak, eller etter forskrift, til dømes i samband med sektorvise verneplanar (som Telenors verneplan eller Statens vegvesen sin landsverneplan).

3.3.3. Forvaltning av freda og listeførte kyrkjer

Alle kyrkjer oppført før 1650 er automatisk freda. Kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537 er òg automatisk freda. Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er listeført. Ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 er òg listeført. I Etne er Stødle kyrkje automatisk freda, medan Gjerde, Grindheim og Skånevik kyrkjer er listeførte.

Også kyrkjer som ikkje har særleg vern etter desse kategoriane, kan vere viktige kulturminne regionalt og lokalt. Forvaltninga av kyrkjene, kyrkjestadene, gravplassane, gravminna og kyrkja sine omgjevnader er omfatta av fleire lovverk; kulturminnelova, trussamfunnslova, gravplasslova og plan- og byggelova. Som regel skal fleire instansar uttale seg før eit vedtak kan bli fatta. For detaljar om forvaltning av kyrkjer og gravplassar blir det vist til kyrkjerundskriv Q-06/2020 og kirkebyggforskriften (Forskrift om forvaltning av kulturhistoriske verdifulle kirker). I kyrkjerundskrivet er det òg ei kort rettleiing om relevante føresegner i plan- og bygningslova. Saker som gjeld omsynssone for kyrkjer skal sendast til regional kulturminnemynde.

3.3.4. Kva saker skal sendast til fylkeskommunen?

Kommunane må i mange saker innhente uttalar og fråsegner frå fylkeskommunen før dei kan gjere vedtak. Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak som gjeld

- automatisk freda kulturminne
- freda bygningar/bygningsmiljø og kulturminne
- kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi
- eldre enn 1850

Fylkeskommunen har også forvaltingsansvar når det gjeld freda bygg. Det betyr blant anna at eigarar av freda bygg må søkje fylkeskommunen om dispensasjon om dei vil gjere tiltak med bygget.⁹³

⁹³ Vestland fylkeskommune www.vestlandfylke.no

3.4. Registrerte kulturminne - verdisetting og verdivekting

For at kulturminne og kulturmiljø skal koma med i planen og bli verdisette, er det ein føresetnad at dei er registrerte eller at kommunen har kjennskap til dei på annan måte. Me har ikkje eit komplett register over kulturminne i Etne, men gjennom SEFRAK-registeret har me oversikt over det meste av bygningar og restar etter bygningar frå før 1900. I Askeladden er det oversikt over alle automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne.

Det me manglar er systematiske registreringar av er kulturminne som er nyare enn 1900, og kulturminne som ikkje er bygningar (nyare enn 1536). Slike kulturminne kan difor vera underrepresenterte i planen.

3.4.1. Automatisk freda kulturminne

Desse blir ivaretatt av Riksantikvaren og Fylkeskommunen.

Vedlegg 1: Utskrift frå Askeladden over automatisk freda kulturminne i Etne

3.4.2. Vedtaks- og forskriftsfreda kulturminne i Etne

Etne prestegard med fem bygningar er vedtaksfreda. Trolljuv bru, som er med i verneplanen for Statens Vegvesen, er forskriftsfreda. (Forskriftsfreding gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av ein statleg verneplan og som var i statleg eige på fredingstidspunktet). Ei fredingssak pågår for tunnelane på begge sider av brua. Eit større kulturmiljø på Stødleterrassen er mellombels freda. Dette området omfattar òg ei rekkje automatisk freda kulturminne.

3.4.3. Registrert i Askeladden, men ikkje freda

Nokre kulturmiljø som er registrerte i Askeladden, som Sæbøtunet og Kyrping handelsstad, har ingen formell vernestatus. SEFRAK-registrerte kulturminne er lagt inn i Askeladden, men dette gjev heller ingen formell vernestatus. Registreringane er likevel signal om at det er viktige kulturminneverdiar på staden. Dei registrerte områda er tekne inn i kulturmiljøplanen som klasse A og sikra med omsynssone.

3.4.4. Prioriterte kulturminne i kulturmiljøplanen - verneklassar

Ulike verdiar blir vektlagde avhengig av kva kulturminne eller kulturmiljø det er snakk om. Det er lagt vekt på å få eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer breidda i historia. Eit breitt spekter av kriterium er lagde til grunn for verdisetjinga. Definisjonane av verneklassane er utarbeidd lokalt, men byggjer på inndelingar brukt i andre kommunar. Det finst ikkje ein «nasjonal standard» for klassifisering, men Riksantikvaren har utarbeidd rettleiar for vekting og verdisetjing av kulturminne.

Særleg verdifulle kulturmiljø og kulturminne (Omsynssone A)

I klasse A finn me i hovudsak kulturmiljø med særleg høg verneverdi. Nokre av dei kan ha nasjonal eller regional verdi. I nokre tilfelle er òg einskildbygg plasserte i denne klassa. Dei viktigaste kriteria er alder, autentisitet, identitets- og symbolverdi, at kulturminnet er representativt og/eller sjeldan; samanheng, heilskap og miljøverdiar. Det er svært viktig at desse kulturminna blir bevarte for ettertida.

For oversikt og omtale av A-områda, sjå vedlegg 3.

Verneverdige kulturminne og kulturmiljø (klasse B, kommunalt listeførte)

Klasse B omfattar kulturmiljø eller einskildobjekt med høg lokal verneverdi, men som ikkje er prioritert med omsynssone. Listeføringa signaliserer at kulturminna har stor samfunnsverdi og er ein verdifull del av omgivingane, men dei er ikkje formelt sikra eller verna. Liste over kulturminne i klasse B ligg som vedlegg 4.

Andre kulturminne (C)

Registrerte kulturmiljø eller einskildobjekt som ikkje er prioriterte i klasse A eller B, er definerte som verneklasse C. Årsakene til at dei ikkje er høgare prioriterte kan vera at det opphavlege miljøet eller bygningane er mykje endra, det er lite originale bygningsdetaljar igjen, eller bygningane er svært forfalne. Men også steingardar og ruinar som har stor lokal verdi, men ikkje er del av eit miljø i klasse A eller B, er i denne klassa. C er ein «restkategori» som omfattar størstedelen av kulturminna i kommunen, og som ikkje har eit formelt vern.

Kulturminne i klasse C har ingen formell vernestatus og er såleis ikkje høgt prioriterte i kommunen sin forvaltning av kulturminne. Mange av dei vil likevel ha ein lokal verneverdi, og kommunen vil så langt det er mogleg støtta opp under private initiativ for å ta vare på dei. Det er eit mål at tapet av også desse kulturminna skal vera så lågt som mogleg, og Etne kommune vil stimulera til løysingar der ein unngår å fjerna eller øydelegga kulturminne.

3.4.5. Kriterium som ligg til grunn for verdivurderinga:

Verdien til kulturminna – kulturminneverdien – er ikkje eit konstant tal. Kva som blir sett på som verd å ta vare på kan variera frå periode til periode, frå stad til stad og frå person til person. Likevel er målet med kulturmiljøplanen å ta stilling til nettopp dette. Gjennom verdisetjing av kulturminna skal me vurdere kor viktige dei ulike kulturmiljøa er i dag og i framtida, kvifor dei er viktige og kva som gjer dei verd å ta vare på.

Ulike sett av verdiar og eigenskapar som kan knytast til kulturminnet eller kulturmiljøet ligg til grunn for verdisetjinga. Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre overordna grupper:

Kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Kunnskapsverdi seier noko om korleis kulturminnet er eigna til å vera ei kjelde til kunnskap om fortida og korleis det kan fortelja om til dømes byggeskikk, materialbruk og historie. Opplevingsverdi er ein meir subjektiv kategori som er meir avhengig av kvar og ein sine erfaringar og preferansar. Opplevingsverdien er knytt til korleis kulturminna påverkar oss som menneske. Symbolverdi, identitet og nostalgi er viktige stikkord her. Bruksverdi handlar om kulturminnet som ressurs til verdiskaping og vekst. Bygningar som er godt tatt vare på kan vera meir lønnsame å ta i bruk framfor å riva og byggja nytt. Skårar eit kulturminne høgt innanfor éin eller fleire av desse kategoriane, seier me at det har høg kulturminneverdi. Når ein skal avgjera kva for kulturminne som er viktigast, må dei ulike verdiane vektast. For å gjera dette har det vore nytta eit sett med kriterium. Dette skal sikra at vektinga er systematisk og mest mogleg objektiv.

Kriteria som er nytta for å vurdere kulturminna i planen er:

Alder: Høg alder er eit viktig kriterium, men ikkje åleine. I offentleg forvaltning skal kulturminne frå før 1850 ha ein særskild vurdering. I planen byggjer opplysningar om alder på ulike kjelder, som SEFRAK-

registeret, bygdebøkene, «Norges Bebyggelse» eller munnlege kjelder. Det er særleg viktig å sjå alder og autentisitet i samanheng. Høg score på desse kriteria gjev stor kunnskaps- og opplevingsverdi.

Autentisitet: Høg autentisitet vil seie at kulturminnet er lite eller ikkje endra. Omgrepet blir gjerne brukt i skildringa av eldre hus, og føreset ei viss mengd originalmateriale og detaljar. Autentisitet gjev stor kunnskaps- og opplevingsverdi.

Identitet og symbol: Kulturminne og kulturmiljø kan vera viktige som symbol eller identitetsberarar. Kulturminnet kan vera knytt til konkrete hendingar, personar, tradisjonar eller vera eit markant trekk i nærmiljøet, og slik få høg opplevings- og kunnskapsverdi.

Representativt eller uvanleg: Det er eit mål å sikre eit representativt utval av kulturminne, og i vår kulturmiljøplan skal kulturminna som fortel Etne si historie løftast fram. Kulturminne kan vera verneverdige både fordi dei er sjeldne eller uvanlege, og fordi dei er representative for ein stilart, periode, eit sosialt sjikt eller ein funksjon. Nokre kulturminnetypar har vore vanlege, men er sjeldne i dag fordi det er få att. At eit kulturminne er representativt eller typisk for vårt område er med på å trekkja opp både kunnskaps- og opplevingsverdien.

Samanheng, heilskap og miljø: Å ta vare på samanhengen mellom kulturminne, og mellom kulturminne og naturgrunnlaget, gir meir kunnskap, forståing og oppleving enn vern av einskildelement. Dette gjeld ikkje minst for kulturminne knytt til jordbruk og sjøbruk. Einskildelement i eit kulturmiljø som ikkje har høg kulturminneverdi i seg sjølv, kan ha verdi som del av ein heilskap.

Arkitektonisk, kunstnarisk og handverksmessig kvalitet gjev kulturminnet verdi. Hagar og grøntareal kan understreke det arkitektoniske uttrykket og forsterke verneverdien til ein bygning.

Samfunns- eller sosialhistorisk verdi kan brukast om bygningar og anlegg for offentlege institusjonar, næringsbygg eller forsamlingslokale.

Fysisk tilstand og vedlikehald: Er kulturminnet i ein slik tilstand at det kan bevarast? Der ein kan velja mellom likeverdige objekt, er det rimeleg å velja det som er best bevart.

3.4.6. Forvaltning av kulturminne i verneklassane A – C:

Generelt er prinsippet om vern gjennom bruk lagt til grunn.

Forvaltning av klasse A: Kulturmiljø og kulturminne av særleg høg verdi

Blir lagt som omsynssone i kommuneplanen etter Pbl § 11-9. Det er utarbeidd generelle føresegner til arealdelen av kommuneplanen, og eigne retningslinjer for omsynssone A (sjå vedlegg), i tillegg til det som ligg i Plan- og bygningslova. Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar i verneklasse A er å ta vare på dei opphavlege eller gamle bygningselementa og detaljane, og å skifte ut så lite som mogleg. Ved endringar i miljøet, eller oppussing, restaurering og større vedlikehald av bygningar, skal ein kontakta kommunen og nytta fagkompetanse til rettleiing. Tiltak i kulturmiljøet blir vurderte ut frå kva påverknad dei har på områdekarakteren og den generelle miljøverdien. Einskildeobjekt med lågare klasse, som ligg i omsynssona, blir vurderte ut frå den verdien dei har for omgivnadane.

A-objekt vil bli prioriterte ved tildeling av tilskotsmidlar, og det er forslag om fritak frå eigedomskatt.

Forvaltning av klasse B: Verneverdige kulturminne – kommunalt listeførte

Klasse B er ikkje sikra med omsynssone etter Plan- og bygningslova, og kommunen har såleis ikkje særlege verkemiddel for å sikra vern av desse. Kommuneplanen (KPA) har generelle føresegner om kulturminne og kulturmiljø som gjeld for alle typar kulturminne. Hovudprinsippet for vedlikehald er som for verneklasse A. Einskildobjekt med lågare klasse, som ligg i omsynssona, blir vurderte ut frå den verdien dei har for omgivnadane. For bygningar frå før 1850 må saka etter Kulturminnelova sendast på høyring til fylkeskommunen.

C: Registrerte kulturminne

Forvaltning: Kulturminne i klasse C skal vurderast lokalt i kvart einskild tilfelle. Kulturminne i klasse C kan òg ha verneverdi og bør takast omsyn til der det er mogleg. Det er eit overordna mål at kulturminne ikkje skal fjernast, men det kan gjevast rivingsløyve etter særskild vurdering. For bygningar frå før 1850 må saka etter Kulturminnelova sendast på høyring til fylkeskommunen. Kommuneplanen har generelle føresegner om kulturminne og kulturmiljø som gjeld for alle typar kulturminne.

3.5. Verkemiddel for vern av kulturminne

Juridiske verkemiddel**Omsynssoner for kulturmiljø**

Kulturmiljø i klasse A er foreslått sikra med omsynssone H570 etter Plan- og bygningslova. Omsynssonene vil gå inn som del av kommuneplanen i samband med rullering.

Pbl § 11-8, c har desse generelle retningslinene for slike omsynssoner:

c) Sone med særlig hensyn til landbruk, reindrift, mineralressurser, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.

For randsonen til nasjonalparker og landskapsvernområder kan det, samtidig med fastsetting av verneforskrift for nytt verneområde eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan for etablerte verneområder, fastsettes bestemmelser for å hindre vesentlig forringelse av verneverdiene i verneområdet.

Det kan gis retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta interessen i sonen.

Det kan gis retningslinjer om hvilke hensyn som skal vektlegges ved praktisering av annen lovgivning så langt kommunen er tillagt myndighet etter vedkommende lov.

d) Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet.

Båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover er tidsbegrenset til fire år, men kan etter søknad til departementet forlenges med fire år.

e) Sone med krav om felles planlegging for flere eiendommer, herunder med særlige samarbeids- eller eierformer, samt omforming og fornyelse.

Bestemmelser til denne sonen kan fastsette at flere eiendommer i et område skal undergis felles planlegging og at det skal brukes særskilte gjennomføringsvirkemidler. Det kan også gis bestemmelser med hjemmel i § 11-9 nr. 3.

§ 11-9. Generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel

Kommunen kan uavhengig av arealformål vedta bestemmelser til kommuneplanens arealdel om:

6. miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg,

7. hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø,

Det er utarbeidd lokale retningslinjer til omsynssoner H570 for kulturmiljø (klasse A). Andre verkemiddel er omtala i handlingsplanen.

Spesialområde for bevaring

Nokre viktige kulturminne og kulturmiljø som ligg i regulerte område er sikra som “Spesialområde for bevaring” i eksisterande reguleringsplanar. Dette gjeld for deler av sentrumsområda i Etnesjøen, Skånevik og Markhus. Områda har eigne føresegner som ligg ved planen, sjå vedlegg 2b Føresegner til regulerte område.

Del 4 Handlingsplan

Handlingsplanen består av ein generell del som seier noko om dei ulike typane verkemiddel som finst, og kven dei er retta mot. I tillegg er det utarbeidd ein tiltaksplan over konkrete tiltak som kommunen ønskjer å gjennomføra dei næraste åra. Desse er sett opp i vedlegg 7. Tiltaksdelen av handlingsplanen skal rullerast annakvart år og kan handsamast uavhengig av sjølve plandokumentet.

4.1. Innsats overfor eigarar av kulturminne

Dei fleste kulturminna i Etne er i privat eige. Frivillige lag og organisasjonar eig òg viktige kulturminne i kommunen. Eit godt samarbeid med eigarane er ein føresetnad for ei god kulturminneforvaltning. Kommunen kan leggja rammene gjennom planverk og forvaltning av lover og retningslinjer, men i siste instans er det eigaren sin vilje og evne til å bevare som er avgjerande. Det finst mange døme på at også verna og freda kulturminne går tapt som følgje av forfall, manglande ressursar eller manglande kunnskap. I mange tilfelle kan ein vanskeleg klandra eigarane for dette – den offentlege støtta til vern av kulturminne dekkjer ikkje på langt nær behovet, sjølv om det har vore løyvt meir tilskotsmidlar til kulturminne dei siste åra.

Men økonomiske verkemiddel er berre eitt av fleire nødvendige tiltak for ein god forvaltning av kulturminne. Kunnskap og kompetanse er òg avgjerande. Dette gjeld både i forvaltninga, hos eigarane og hos handverkarar. Om eigaren ønskjer å ta vare på kulturminnet sitt, og har økonomi til det, er det likevel ikkje sjølvstøtt at ein får tak i handverkarar som har kompetanse til å gjera eit antikvarisk forsvarleg arbeid. Kommunen har heller ikkje kapasitet og kompetanse til å følgja opp eigarane godt nok. Dei regionale musea og bygningsvernsentra kan bidra med rådgjeving, men har avgrensa kapasitet til å utføra arbeidet. Difor er samarbeid og kompetanseheving viktige tiltak på alle nivå.

4.1.1. Informasjon

Det er viktig at eigarane får god informasjon om kva det inneber å eiga eit verna eller verneverdig kulturminne. Kulturmiljøplanen skal vera eit bidrag til å gjera vilkåra meir føreseielege for eigarane. Tidlegare har desse vilkåra gjerne kome fram i samband med søknad om riving eller endring av bygg. Med ein kulturmiljøplan har eigarane høve til å setja seg inn i kva lover og retningslinjer som gjeld for deira eigedom på førehand, og kan planleggja ut frå det. Erfaringa viser at talet på dispensasjonssøknadar og motsegner knytt til kulturminne går ned i kommunar som har kulturmiljøplan.

4.1.2. Rådgjeving og kunnskapsformidling

Ein liten kommune som Etne har ikkje eiga rådgjevingsteneste eller kulturminnekonsulent. Gjennom kompetansehevingsprogrammet KIK (Kulturminnekompetanse i kommunen) stimulerer Riksantikvaren og fylkeskommunen til å heva kompetansen i kommunane. Kommunane i Sunnhordland samarbeider om kompetanseheving på dette feltet. Arbeidet med kulturmiljøplanen har òg vore med på å heva både kunnskapen om lokale kulturminne og forvaltningskompetansen i kommunen.

I tillegg har kommunen høve til å visa eigarar av viktige kulturminne vidare til den regionale bygningsverntenesta i Sunnhordland. Bygningsverntenesta har som føremål å drive operativt og oppsøkjande bygningsvern i offentlig regi og kan bidra med rådgjeving, utarbeiding av tilstandsrapport, kalkylegrunnlag i samband med søknad om midlar med meir.

Døme på tiltak kan vera temamøte og praktiske kurs for handverkarar og huseigarar.

Råd om vern og restaurering av bygningar

Restaurering er tiltak for å setje i stand eit bygg eller ein gjenstand slik at det får tilbake opphavleg skapnad og utsjånad. Dette inneber at arbeidet blir utført etter ein antikvarisk plan, og gjennomført i størst mogleg grad med tradisjonelle material og tradisjonelt verktøy, av handverkarar som kjenner dei tradisjonelle handverksteknikane. Ofte blir ordet feilaktig bli brukt om all slags vøling,

også den som inneber modernisering. Innan kulturminnevernet blir ordet brukt om reparasjonar med vekt på å følgje antikvariske prinsipp. Praktisk restaureringsarbeid vil likevel vere et kompromiss mellom det å gjenskape ein opphavleg utsjånad og det å gjere gjenstanden eller bygverket tenleg for framtidig bruk.

Generelle prinsipp:

- Skift så lite som mogleg
- Bevar konstruksjonsmåtar
- Bruk god materialkvalitet
- Bruk høvla panel
- Behold originale vindauge og dører
- Bruk rett listverk
- Bruk tradisjonell taktekking

Moglegheitene for å følgja desse prinsippa vil variere.



Vindauge

Små endringar i dimensjonar og materiale kan gje huset eit heilt anna uttrykk. Gamle vindauge er ofte laga av dei beste materiala som var å få tak i, og kan vera i betre stand enn dei ser ut til ved første augekast. Det bør vurderast om dei originale vindaugo kan restaurerast før ein eventuelt vel å skifta dei ut med nye av same type. Varevindauge eller koplå vindauge kan vera alternativ til nye vindauge med isolerglass.



Kledning

Gamla kledning i varierende breidder gjev liv til fasaden. Ved restaurering bør ein berre skifta dei borda som er rotne, og kopiera den gamle kledninga både i kvalitet og utforming. Utsifting til moderne standardkledning øydelegg det autentiske ved bygget og gjev eit livlaust og «flatt» uttrykk.

Råd om vedlikehald og restaurering finn ein mellom anna på www.byggogbevar.no.

4.1.3. Økonomiske verkemiddel

Det finst ei rekkje offentlege og private støtteordningar som skal hjelpe eigarar av kulturminne til å ta vare på dei verdiane dei forvaltar. Stortinget set kvart år av midlar til kulturminnevern over ulike postar i statsbudsjettet. Ein del av ressursane blir fordelte til fylkeskommunane via rammetilskottet. Freda bygningar og anlegg er prioriterte gjennom eigne ordningar. Riksantikvaren fordeler midlar til fylkeskommunane, som fordeler vidare etter søknad. Fylkeskommunen gjev støtte til istandsetjing av verneverdige kulturminne og til forvaltning og drift av verna fartøy. Norsk kulturminnefond gjev òg tilskot til private eigarar av verneverdige kulturminne. Det finst fleire private stiftingar og fond som støttar kulturverntiltak.

For dei fleste tilskotsordningane er det ein føresetnad at eigar bidreg med eigenkapital/eigeninnsats, eller at tiltaket blir gjennomført ved hjelp av fleire finansieringskjelder. Lokale kulturmiljøplanar vil vera førande for prioriteringane til tilskottsytarar på alle nivå. Ofte vil det vera lettare å få tilskott dersom kulturminnet eller kulturmiljøet er sikra juridisk vern gjennom bindande arealplanar. Det finst òg ordningar med gunstige lån for eigarar av kulturminne av høg verdi.

SMIL-ordninga

SMIL-midlane (Spesielle miljøtiltak i landbruket), som er løyvt over jordbruksavtalen og blir forvalta av kommunane, er ei viktig støtteordning for kulturmiljø i Etne. Desse midla går hovudsakleg til kulturlandskapstiltak på gardar som kan søkja om landbrukstilskott. Kulturlandskapet er ein viktig del av heilskapen for mange av kulturmiljøa som er med i planen.

Støtte til verna kulturminne i Vestland

Med vedteken kulturmiljøplan kan kommunen òg søkja tilskot gjennom den fylkeskommunale ordninga «Tilskot til istandsetjing av verneverdige kulturminne». Her søker eigarane gjennom kommunen, som prioriterer søknadane ut frå dei prioriteringane som er gjort i kulturmiljøplanen, før søknadane blir sendt vidare til fylkeskommunen.

Andre støtteordningar:

Kulturminnefondet er den største aktøren som gjev tilskott til kulturminne. Fondet fordeler statlege midlar. Sjå òg oversikter over aktuelle tilskotsordningar på www.byggogbevar.no og www.ra.no.



Kulturminnefondet har støtta restaureringa av kvernhuset på Eintveit. Med kulturmiljøplanen får eigarar av kulturminne i Etne òg tilgang til den fylkeskommunale ordninga "Tilskot til verna kulturminne i Vestland". For alle slike ordningar er det ein føresetnad at ein har tilgang til restaureringskompetanse. Her ser me den unge handverkaren Knut Eintveit i arbeid med tradisjonelle metodar.

Foto: Bjarte Eintveit

Lokale tilskott

Eit økonomisk verkemiddel som kommunen rår over, er fritak frå eigedomsskatt for eigarar av lokalt verna bygg. Riksantikvaren og fylkeskommunen oppmodar kommunane om å gje slikt fritak, og dette er føreslege som tiltak i handlingsprogrammet. Kommunen har òg høve til å setja av eigne midlar som kan gå inn i den fylkeskommunale støtteordninga og forsterka denne.

4.1.4. Andre verkemiddel

Generelt vil auka merksemd om kulturminne vera eit viktig verkemiddel i arbeidet med å verna kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne er ein verdi for heile lokalmiljøet, og noko mange kjenner eigarskap til. I Eit sterkt medvit om kva verdier kulturminna representerer, og god allmenn kunnskap om eigen historie, vil i seg sjølv vera eit vern mot mykje av det som kan vera trugsmål for kulturminne. Om ein held ståande bygningar utanfor, kan vern i mange tilfelle krevja lite anna enn at kulturminnet får liggja i fred.

4.2. Bruk og formidling

4.2.1. Vern gjennom bruk

Bruk er ein føresetnad for vern av kulturminne. Det kan vera ei utfordring å ta vare på bygningar som har gått ut av bruk. Nytenking om bruk kan difor vera ein føresetnad for vidare vern. Det krev fagkunnskap å kunna gjera nødvendige endringar for å tilpassa ein bygning til ny bruk utan at kulturminneverdien blir redusert.

4.2.2. Kulturminne som del av samfunns- og næringsutvikling

Kulturminne og kulturmiljø er viktige for lokal kultur, identitet og samfunnsutvikling. I nokre deler av kommunen, som Skånevik og Åkrafjorden, er dei lokale kulturmiljøa nytta i utvikling av kultur- og reiselivsnæring. Det særprega sentrumsmiljøet i Skånevik dannar ei viktig ramme rundt kulturarrangement som Bluesfestivalen og Pippifestivalen, medan hotellet vidarefører dei lange reiselivstradisjonane i bygda. I Åkrafjorden er spora i landskapet etter livet som har vore levd langs fjorden eit viktig grunnlag for etableringa av Åkrafjorden landskapspark og reiselivsverksemdar som Åkrafjordtunet, Rullestad camping og Eljarvik gard.

Samstundes har kommunen unike kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi som med tilrettelegging og aktiv formidling kan bli viktige besøksmål for reiselivet, og nyttast i generell profilering og marknadsføring av kommunen. Stødleterrassen er viktig for den lokale identiteten og som eit symbol for bygda si rike historie. Dette er eitt av dei fremste store kulturmiljøa på Vestlandet. Heile sentralbygda i Etne er peika ut som "Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse" (KULA). Potensialet som ligg i å bruka dette i utviklinga av samfunn og næringsliv er likevel lite utnytta. Her er det behov for både enkle tilretteleggings- og formidlingstiltak som skilting og lett tilgjengeleg digital informasjon, og meir overordna grep knytt til utetterretta profilering og marknadsføring av kommunen.

4.2.3. Tilgjenge og formidling

Eit godt døme på vern gjennom bruk er gamle vegfar, som i våre dagar kan gjera landskapet og historia tilgjengeleg ved å nyttast som turstiar. I Etne er Postvegen mellom Skånevik og Etne eit godt døme på dette. Mange har opplevd at ei hustuft eller ein stad det er knytt ei segn til, gjev turen det vesle ekstra både for små og store. Her er skilting eit viktig verkemiddel, både for å visa veg og for å fortelja historia. Mange typar kulturminne kan ein gå rett forbi utan å sjå dei dersom det ikkje er gjort ein jobb for å formidla historia gjennom til dømes skilt og informasjonstavler, eller ved hjelp av digital formidling. I Etne har det vore gjort mykje arbeid med formidling og forteljing knytt til kulturarva. Døme er forteljeprosjektet, sogespel, bokutgjevingar, fotosamling med meir. Kommunen har eit omfattande lokalhistorisk arkiv og sit på mykje informasjon. Det er likevel behov for betre tilrettelegging og formidling av ein del viktige fysiske kulturminne.

4.2.4. Nettstader med oversikt over kulturminne

Informasjon om kulturminne er tilgjengeleg gjennom fleire nettstader. www.kulturminnesok.no gjev informasjon om freda kulturminne. I tillegg er tenesta open for at publikum sjølv kan leggja inn kulturminne dei har kjennskap til. Etter kvart skal òg informasjon om kulturminne som er lokalt verna bli tilgjengeleg her.

Mange karttenester, til dømes www.fonnakart.no har kulturminne som karttema. Her kan ein velja å få oversikt over freda kulturminne (det vil seie informasjon frå Askeladden) og SEFRAK-registrerte kulturminne. Lokalt verna kulturminne vil bli gjort tilgjengelege etter kvart som dei blir lagt inn i Askeladden.

Det finst òg ei rekkje andre nettstader, i offentleg eller privat regi, med informasjon om kulturminne knytt til spesielle tema. Det finst òg ei rekkje lokale nettstader (sjå oversikt over nokre av desse sist i planen). Informasjon og kunnskap blir òg delt i ulike lokale Facebook-grupper.

Nyttige nettstader:

www.kulturminnesok.no

www.fonnakart.no

www.riksantikvaren.no

www.digitaltmuseum.no

www.byggogbevar.no

4.3. Tiltak

4.3.1. Tiltaksplan – vedlegg 7

Tiltaksplanen gjev oversikt over tiltak det er behov for, eller ønske om, i oppfølginga av planen. Det er gjort synleg kva dette vil kosta, og kven som vil vera ansvarleg for tiltaket. Tiltak som krev ekstra ressursar vil berre bli gjennomført dersom det blir sett av midlar til dei i budsjettet. Nokre av tiltaka kan gjennomførast utan ekstra ressursar.

4.3.2. Rullering

Tiltaksplanen skal reviderast annakvart år. Planen som heilskap skal rullerast i samband med rullering av kommuneplanen. Lista over omsynssoner blir rullert saman med resten av planen, men kan ved behov rullerast inntil kvart fjerde år.

4.4. Konsekvensar

4.4.1. Ressursar og økonomi i kommunen

Utgangspunktet for planen er at ein ønskjer å systematisera og forenkla forvaltninga av kulturminne ved å ha eit godt kunnskapsgrunnlag og klart definerte retningslinjer for det vidare arbeidet. Såleis vil kommunen kunna bruka mindre ressursar på å innhenta informasjon og vurdera verneverdi når konkrete saker skal handsamast. Men samstundes viser arbeidet med kulturmiljøplanen at det er behov for ei høgare prioritering av kulturminnevern i Etne. Om ein skal nå måla som er sett i planen, må kommunen kunna gje eigarar av kulturminne god oppfølging, i form av både rådgjeving og tilgang til økonomisk støtte. Dette er gjort nærare greie for under punkt 4.1.

Etter at planen er vedtatt, vil det òg vera behov for vidare oppfølging av kulturminneregisteret. Kulturminne som har eit kommunalt vern skal leggjast inn i Riksantikvaren sitt kulturminneregister Askeladden, og dette vil vera eit omfattande arbeid. Registrering i Askeladden vil òg gjera opplysningane tilgjengelege for publikum på www.kulturminnesok.no.

Kulturminneplanen skal ikkje vera til hinder for utvikling i kommunen, men sikra at utviklinga skjer på ein måte som ikkje råkar viktige kulturminneverdiar.

4.4.2. Konsekvensar for eigarane

Kommunalt vedtekne prioriteringar i kulturmiljøplanen vil gje meir føreseielege vilkår for eigarar av kulturminne. Kommunen har også tidlegare teke omsyn til kulturminne i saksbehandlinga. Mellom anna har SEFRAK-registeret blitt lagt til grunn. Men SEFRAK-registeret er ikkje eit verneregister. Sidan dei registrerte objekta ikkje har vore verdivurderte, har dette vore eit mangelfullt verktøy. Mange kulturminnetypar er ikkje omfatta av registeret, og mange av dei bygningane som er registrerte har låg verneverdi. Nyare tids kulturminne har difor hatt ein uavklart status som har gjort det vanskeleg for eigarane å vita kva vilkår som gjeld, og det er mange misforståingar knytt til omgrepa vern, freding og verneverdig.

Omsynssoner, som er det verkemiddelet som blir teke i bruk lokalt for å sikra viktige kulturminne, må ikkje forvekslast med freding. Som ordet indikerer er ei omsynssone eit område der det skal takast *omsyn* til visse verdiar når det skal gjennomførast tiltak. Det skal ikkje setjast ei «osteklokke» over som hindrar all vidare utvikling. Ei omsynssone vil innebera visse restriksjonar for kva eigar kan gjera og korleis eventuelle tiltak skal gjennomførast, men dette er omsyn kommunen uansett er pålagt å ta etter plan- og bygningslova. Retningslinene gjeld for eksteriør og tiltak i miljøet rundt bygningane. Tiltak i interiør er ikkje søknads- eller meldepliktige, men kommunen oppfordrar eigarar til å kontakta fagkompetanse dersom ein har spørsmål knytt til kulturhistorisk verdifulle element i interiøret. Kommunen kan formidla slik kontakt. Fasadeendringar er søknadspliktige etter § 20-1 i Plan- og bygningslova. I retningslinene for omsynssonene er det spesifisert nærare kva som er omfatta av søknadsplikta. Tilbakeføring i *samråd med kommunen* er ikkje søknadspliktig, jf. Pbl. § 20-5 f. I spesielle tilfelle kan kommunen pålegga eigarar å setja i stand bygg etter Pbl. § 31-3.

Reint vedlikehaldsarbeid er normalt ikkje søknadspliktig, så lenge ein t.d. ikkje gjer inngrep i berande konstruksjonar eller gjer at branntekniske krav ikkje er oppfylt. Når det gjeld vedlikehald av tak på bygg, så er skifte frå historisk korrekt takmateriale (t.d. skifer) over til anna materiale (t.d. nyare typar av betongtakstein) ikkje ønskjeleg, jf. retningsline D i vedlegg 2. Ev. skifte av takmateriale vil vere søknadspliktig som fasadeendring. For søknadspliktige tiltak på bygg og anlegg som ligg i omgjevnadane til omsynssonene syner vi til retningsline B. Hovudregelen er at tiltak her *skal tilpassast det eksisterande kulturmiljøet*. Men også andre moment kan spele inn i vurderinga i einskildsaker, slik retningslina omtalar. Ein må då kontakte kommunen for å få ei vurdering. Influensområda til omsynssonene varierer frå stad til stad. T.d. er det innlysande å tenke at trehusbusetnaden i Skånevik er sårbar for endringar i omgjevnadane til omsynssonene, men dette gjeld også for dei fleste andre kulturmiljøa/omsynssonene i kommunen.

Målet er at eigarar av verna kulturminne skal få fleire fordeler enn ulemper som følgje av eit formalisert vern. Fleire tilskotsordningar prioriterer kulturminne som er formelt verna, og nokre krev omsynssone eller anna vern i kommunal kulturmiljøplan for at det skal kunna søkjast tilskot. Tilskotsordningane er omtala under avsnitt 4.3.1. Omsynssone gjev ikkje nokon garanti for at ein får tilskot, sidan dei fleste ordningane har langt fleire søkjarar enn det er midlar til å støtte. Men kulturminne i omsynssone eller med annan vernestatus blir høgare prioritert så sant søknaden elles oppfyller kriteria for ordningane. For å sikra at arbeidet oppfyller grunnleggjande kriteria for restaurering bør ein nytta rådgevande fagkompetanse.

Ein del kulturminne har alt fritak frå eigedomskatt. Dette bør gjelda for alle kulturminne i klasse A. Det er òg eit ønskje at eigarane skal få tilbod om kurs og rettleiing i vern av kulturminne.

Kjelder og bakgrunnsmateriale:

Bøker, hefte og rapportar:

Berge, Reidar: Stølar og stølsdrift i gamle Etne kommune. Etne Sogelag 2020

Brekke, Nils Georg (red.) mfl.: Kulturhistorisk vegvisar Etne. Etne kommune. Kulturlandskapsenteret 2001

Brekke, Nils Georg (red.) mfl.: Kulturhistorisk vegbok for Hordaland. Hordaland fylkeskommune 1993

Diinhoff, Søren og Thomassen, Yngve Flognfeldt: De arkæologiske undersøgelser ved Etnesjøen 2013
Dyrvik, Ståle: Etne-soga band I - V

Etne sogelag: Årbøker 1984 - 2020

Haugland, Anders: Skåneviksoga band V - VI

Kleppa, Johannes (red.): Reise i bedehusland. Bedehusene i Hordaland. Sambåndet forlag, Bergen 2001

Mandt, Gro og Løddøen, Trond: Bergkunst. Helleristningar i Noreg. Det Norske Samlaget, Oslo 2004

Moe, Tore Lande: Bygge- og buskikk i Sunnhordland. Sunnhordland årbok 2012, utgitt av Sunnhordland museum

Norske gardsbruk band 16 og 17. Forlaget Norske Gardsbruk 1963

Rygg bedehus: 100 år 1921 - 2021. Redaksjon: Atle Aas, Liv Tesdal Mjelde. 2021

Vevatne, Martin: Etnesjøen. Ein tettstad veks fram. Emnehefte 1985

Rapporten "Kulturminne i Etnesjøen" frå 1985, utarbeidd i samband med konsekvensanalyse for kraftutbygging i Etnesjøen, med samla katalog over alle registrerte kulturminne i det planlagde utbyggingsområdet.

E-134 Bakka - Solheim. Fagrapport kulturminner og kulturmiljø. Konsekvensutredning. Statens vegvesen 2015

Nettstader:

askeladden.no (kulturminnesok.no er publikumsversjonen av Askeladden)
digitaltmuseum.no
etne.kommune.no
riksantikvaren.no
grind.no

Vedlegg

1 Arkeologiske kulturminne

Oversikten over arkeologiske kulturminne er henta frå Riksantikvaren sitt kulturminneregister, Askeladden.

2 Retningslinjer

Retningslinjer til nye omsynssoner.

2b Føresegner til regulerte område

3 Oversikt over omsynssoner (klasse A)

Dei føreslegne omsynssonane representerer eit utval av dei mest verdifulle og representative kulturmiljøa i kommunen. I regulerte område er viktige kulturmiljø sikra gjennom kommuneplanen, dei andre er peika ut i samband med arbeidet med kulturmiljøplanen. I vedlegget er kulturmiljøa delte inn i tema tilsvarande kapittelinnndelinga i plandokumentet.

4 Liste over verneverdige kulturminne (klasse B)

Kulturminna i klasse B er kommunalt listeførte, men har ingen formell vernestatus. Dei vil likevel bli merka av i kartverket til kommunen slik at ein kan vera merksam på kulturminneverdiane i sakshandsaminga.

5 KULA-rapport

Kapittel om Etne frå Riksantikvaren sin rapport om **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)**

6 Kart

Kart som syner forslag til omsynssoner for kulturmiljø i klasse A. Karta systematisert etter tema tilsvarande kapittelinnndelinga i plandokumentet og oversikten over omsynssonene i vedlegg 3.

7 Tiltaksplan

Tiltaksplan 2023 - 2024

Takk til alle som har bidratt til planen med innspel, bilete og informasjon.